Folkehøgskulen i Danmark, Norge, Sverige og Finland

Förord till den elektroniska utgåvan

Under arbete...

Detta verk har Ralph E lagt upp på Internet-Arkivet, där den kan läsas såsom en uppslagen bok i färg.

stors'jrKlersioned«

loft«. |Boft-FOLKEHØGSKULENRASMUS STAUR I

FOLKE*

HØGSKULEN

i

DANMARK, NORGE, SVERIGE OG FINLAND

MED BILÆTE KRISTIANIA

OLAF NORLIS FORLAG 1910pkfjsta h.jaa nikolai olsen — kuiht[aüla*N S F Grundtvig*

FORORD.

*

Denne boka er først og fremst tenkt som eit folkeskrift. Månge ting som er velkjende for skulefolk, har eg difor teke med, der det var nødvendigt for aa syne utviklingsvegen i den del av skulesoga det her er tale om. Av det rike kjeldestofiet ein her raader over, kan ein i ei slik bok berre drage fram det mest semierkelege, elles vilde bo verte for stor og for tim g, Den som vil faa det heile oversyn over grundtvigianismen og folie høgskulen i nordlanda, maa sjølvsagt gaa til Grundtvig og dernæst, til dei som i den første gjenombrotstid var med, og som i tale eller skrift har gjort hans syn paa kristenliv, meune-skjeliv og skule kjent, menn som professor L. Schrøder, dr. Jens Nørregaard, prof. Fr. Nielsen. Fr. Winkel-Horn, Holger Begtrup. Chr. Bruun. V. t lhnuiin. Teodor Holmberg o. fl.

Mange vil kanskje segje, at boka har for månge og for lange citat. Til dette er aa svara, at det er gjort med fullt overlegg. Naar eg har ftmns skildringar og utgreidingar fraa menn, som baade stod midt oppe i striden og arbeidet og som var førarar paa dette omraade, har eg gjeve ordet til desse. Paa den ma at ca faar lesaren dei sannaste bilrete baade av dei einskilde menn og av deira tid.

Fraa først av var det tanken aa skrive berre om folkehøgskulc-rørsla i vaai't laud. Den norske folkehøgskulen er snart 50 aar gamall, og alle er vei no samde om, at den har sett sterke merke i skuleliv, folkeliv og vaar nyare historie i det heile. Men ei samanhengande skildring av dette arbeid, som so månge av vore fremste menn har

vore med i, og som dei har öfra so mykje paa, og den strid det førde til — ein strid som ikkje er slutt endaa — det har vi ikkje. Det er i det siste 40—50 aar skrive mykje om desse ting, men det er spreidt i ymse bøker, blad og tidsskrift, og mange av del tiltak som vart gjort fraa 1870 og utover, er det ikkje skrive noko større om heller. Under arbeidet med aa samle og faa oversyn over alt dette, synte det seg snart, at skulde ein faa den rette historiske samanheng, maatte ein attende til Danmark, til gamle Grundtvig og Kristen Kold. Og skuldedet vidare bli ei heil og santi framsyning av, kor langt desse skule-taukar no har naatt, maatte Sverige og Finland takast med. Paa den maaten er daa boka Mit til ei forteljing om folkehøgskulen i ulle nordlanda.

Mange skulemenn baade her heime og i grannelanda har gjeve oplysninger om ymse skular og skoleforhold. Eg sender hermed alle ini best« takk.

Skrivemaaden skil seg i fleire ting ut fraa den gamle landsmaals-refcskri vinga.

Linnv hokynsord endar i ubunde eintal paa e i sta.deu for a, y er bruka i staden for jo og ju (ljos = lys, bljug — blyg), altso valfrie sideformer som er innførde ved kongeleg resolusjon av liJde juni 1010. Dei vigtigaste avvik elles er desse:

Substantiv. Dei subst, som etter den gamle skrivemaaten i h. form har i-ending, har hor a-ånding. Adjektiviske ord er bøygde i samhøve med dette. 1 fleirtal har linne hokynsord -er i staden for -or (-ur). Baade for han- og hokynsord er det soleis berre 2 former i ub. fleirtal: -ar. -er (uudantak: ord som faar omlyd, og nokre faa, som etui ar paa. vokal), i b. form fl. -ane, -emn, -ene. Inkjekyusorda bar same form baade i iib. ei ot. og ub. fl.

Verb har i infinitiv o Istf. a altso som. i riks maal og soleis som det og vert braka i mange bygder baade paa austland og vestland.

Smaaord som um, upp, yver, fyr, fyrr. hyr er skrivne om, op, over, før, bnr, i samansetningar sameleis.

Dubbel konsonant er sløyfa i fleire ord, soleis i mit, dit, sii, kan.

Fleire ord o<ç vendingar som ikkje ophaveleg er norske, mcu som vert bruka i livande norsk talemaal i vaar tid, er lekne med, moa sovidt mogelegt bøygde etter norske maullover.

Gudbrandsdalens folkehøgskule oktober 1910.

R. S.

*

N. F. S. GRUNDTVIG

Barndom og ungdom.

(1783-1810).

Ein haustkveld for 100 aar sidan sat ein ung diktar aa-Ieine paa. eit lite rom ned i Kjøbenhavn og las historie. Med elli gong kasta han boka fraa seg, sprang op gripen av ein sterk tanke, so det gjekk kaldt gjenom han. Det var som ei megtig aand kalla honom til reformator, og han gjekk no i fleire veker og drøymde om dette og grubla paa, korhis ein reformasjon i hans tid kunde verte mogeleg. Han var bokmann og trudde det helst maatte skje ved bjelp av pen og blekk. —

Reform asjons t anka ne kom han for det første burt ifraa; han lærde snart, at han her maatte begynde med seg sjølv. Seinare hadde han heller ikkje so sterk tru paa pen og blekk: det skrevne ord. Det var det livande, muntlege ord, som for honom vart det største og sterkaste. Her vart. han ein reformator, endaa han for det meste livde som bokmann. „Hælvten skald og hælvten bogorm", var det uttrykk lian bruka, naar ha,n vilde gje ein kort karakteristikk av seg s jølv.

Men denne sterke drøymaren, som med skaldeauge sit saag utover manneætta — attende til oldtida med sin villskap og sine uklaare draumar, over si samtid og framover til komande tider og ufødde ætter, denne stovelærde mannen som sat der med pen i hand og med sine tankar liksom so4

langt b urte i det blaa han har havt ein innverknad paa det praktiske liv sora ingen annan mann i dei nordiske land i don nyare tid. Hans dranni om betre tilføre til eit rikare og sterkare liv, som maa begynde i „livets vaar og aandens .sk ab pr time" har vunne fram og naar for kvart aar tii fleire og fleiro. Først og fremst syner dette seg i det arbeid, som no vert drive i dei skular lian er første ophavet til, og som otter kvart har reist seg paa dei danske sletter, i dei norsko dalar, rundt om i dei svensko bygder og ved dei blenkjande finske sjøar.

Nikolai Frederik Severin Grundtvig var fødd 8de sept. 1783 i Udby prestegard i det sudlege Sjælland. Faren, Johan Ottosen Grundtvig, var prest i Udby og Ørslev ved Vordingborg. Som dei fleste store menn hadde Grundtvig og ei gaaverik mor. Prestefrua i Udby er skildra sora ei kvinne med eit rikt og varmt hjartelag og eit mjukt og kjensleflnt sinn, med ein fast vilje og sterk sans for soga og poesi. Samstundes va.r ho praktisk og greid i kvardagslag og arbeid. Ho hadde soleis ofte betre greide paa gardsstellet ho enn presten. Gjekk ein til presten og spurde om noko som kom garden ved. svara han mest stadt: „Det ved jeg sandelig ikke. Gaa til mm kone". Hennar ordtak var: „Heller død ond raad vild". Ho heitte Kathrine Marie Bang og høyrde til den kjende og vyrde Bang-ætta. Ei yngre s «st er til henne var mor til Henrik Steffens. Kathrine Bang var 14 aar yngre enn maniien sin. Daa doi kom til Udby i 1776, hadde dei vore gifte i 8 aar. Doi hadde 7 bain. Det yngste var Nikolai Frederik Severin, sora hadde erva meir enn dei andre barna av det poetiske sinn og den sterke sans for sogelesnad, mora hadde.

1 eit dikt fraa 1815 skreiv han til henne:

„Baaret har du under Hjerte nit mit Syn ag ti! min Sang, født til Verden dem med Smerte, Skalden af dit Kjød udsprang;

i de gam le Heltedage gjennem dig hnn har sin Rod, Sans for Sang og Svn for Sage fik han med dit Adelsblod."

O in Jei første b åme a ara sine skriv Grundtvig m. a. (i dagboka. si fraa 1802—1804):

„Hvad der foregik til hans fjerde Aar, derom ved Frederik g c I v intet. Ventelig har han faaet Eis og Sukkergodt, dog neppe i flæng, om han ellers kjender sin Mor ret. Bemeldte Mor havde den g q mm ei dagse Sedvane seiv at lære sine Børn at læse. Frederik maatte da ogsaa frem, men Bogstaverne gad han ikke kjendt; remse dem op udenad vilde han nok, men ei mere."*

Til stor sorg for mora s a ag det først ut til, at guten var tungnæm. Han kunde ikkje eingong lære bokstavane. Det gjekk ei tid „under graad og hjerteve". Men so var det som ei dør sprang op, og alt gjekk som ein leik. Det va,r mest uraad aa mette bans leselmg og vitelyst. I dagboka si fraa 1802 skriv ban om seg sjølv:

..Han læste nu en hel Hob, hvoraf han intet forstod, saasom Holberga Kirkehistorie, Lyskanders „Danske Kongers Slægtsbog1' o. s. v.; thi naar det blot var en Bog, hvori der fortaltes noget, var han efter den som Fanden efter en Sjæl,"

Det som mest greip honom var sogebøker. Dei brokntte bilæ te fra.a. verden »historia var noko for haus livlege fantasi. Og gamle Malene, barnegjenta, som hadde vore paa prestegarden i mange aar, førde honom inn i sagn- og eventyrheimen med dei underlege forteljingane sine.

Han var ein still, drøymande gut, som undra, seg over alt ban las og s aag, kunde liggje ute i den store hagen paa prestegarden og undre seg over „hvordan Gud dog kunde oppe paa de tynde skyer gaa."

Daa han var 8 aar gamall, hadde ban lese Holbergs kyrkjesoga; men han var leid, fordi ban ikkje fekk høyre meir om Luther. Daa smilte far bans og gjekk inn paa6

kontoret sit og kom att med ei bok om Lutiier. G-uten vart baade glad og undren. Han hadde ikkje visst før, at ein -gjorde hele bøger om ön saadan enslig månd."

„Aldrig jeg det glomine kan, hvor jeg Pusling blev henrevet, som jeg nidrig for var blevet, glemte baade 01 og Mad. Hen til Maden man mig drev, men min Sjel hos Luther blev."

Presten i Udby hadde havt ein teologisk kandidat som heitte Feid, til huslærar a at dei eldste sønerne sine. Denne kandidaten var no prest i Tyregodlimd ved Veile. Han var ein av dei faae prestar, som ikkje høyrde tii rasjonalistane.

Taaren 1792 vart Grundtvig send td denne presten, som skulde lese med honom til latinskulen. Han vart her i 6 aar og las ikkje berre lærebøkerne, men alt han kom over, liko til gamle skøyter. Daa han var 15 aar gam ali, vart han konfirmera og reiste so paa latinskulen i Aarhus.

Medan han var i Tyregodluud fylgde han godt med i kyrkjestriden, som daa vart i'ørd i danske tidsskrift; han fylgde og med hendingane nte i Europa, den Iranske revolusjon, Napoleon o. s. b. — Det var som hede verda var i oprør. Men paa skulen i Aarhus vart han dauv og likeglad med alt. Det ser mest ut til. at denne skulen hadde det med seg, at don gjorde elevane sine tankedøyvde. Paa Grundtvig verka den i alle fall slik, og den sterke uvilje mot latinskulen og oplæringsmaatep der, som seinare kjem fram i hans kamp for oin botro skide, var vei boren av minne fraa hans eige latinskuleliv i Aarhus fraa 1798— 1800. Han skriv om dette i „Kirkespeilet":

BI>a Napoleon Bonaparte sloges med Admiral Nelson vet! Abukir og valfartede til Pyramiderne, kom jeg imidlertid i Aarhus Latinskole, og skjønt det kun varede i tii Aar, glemte jeg her ikke blot Napoleon og Aviserne, men Kirkehistorien, Kirke-Barndom og ungdom.

gangen og Bh rue lærd om in en over Kj eds ommelighed en, Tobakspiben, Kortspillet og Dagdriveriet med Skolebøgerne under Armen, saa da jeg i Aar 1800 kom til Kjøbenhavn og blev Student, var der ikke Tanke hos mig om engång at sætte min Fod i en Kirke, undtagen da jeg paa Svogerskabets Vegne var med at følge Rispinde Balles Lig over i Frue Kirke."

Han tok likevel til aa lese til preste eks amen. Han li adde ikkje interesse for teologien; men han valde likevel den vegen, fordi foreldra ha,ils vilde det. Han var mest aldri tilstades paa dei teologiske forelesningane; han las paa eiga hand og hjelpte seg med privatlærarar.

Han „skjønned ikke. hvorfor man en hel Time skulde kjede sig med at høre oplæst, hvad man paa et Kvarter kunde læse igjennem hjemme.

I „Kirkespeilet" fortel han vidare, at han no og daa kunde gaa og høyre „Spotteren Hornemann, som da stod i Spidsen, og mored sig, da jeg høite ham, over Brevet ti] Romerne, baade med, hvad Paulus havde tænkt, og hvad han burde have tænkt."

Millom dei andre professorane nemner Grundtvig „Høi-ty sker en Moldenhawer, som bestyret fabrik et," Munter og rden meget pene og høflige Kjøbenhavner P. E. Midler. aldeles nybagt Professor, uden nogen bestemt mening og endnu, uden al Indflydelse. Mans Kollegier læste jeg derfor ikke, og i dem jeg læste, fandt jeg naturligvis ingen Kristendom, saa da jeg kom op (td Eksamen) fandt Professorerne naturligvis heiler ingen Kristendom hos mig, men de fandt alle Moldenhawer s Kollegier og lidt af Munters naturlige Theologi og Dogmehistore, og dermed var de vei fornøiede undtagen P. E. Müller, som maatte tie, hvor Moldenhawer talte."

Han tok teologisk embætseksamen hausten 1803 med beste karakter. „Saaledes var da," skreiv han, „min saakaldte akademiske løbebane endt uden aand og uden tro." Han var soleis komen langt bort fraa det, ban drøymde om daa ban var barn: Aa staa paa same sida som skyldingen8

sia, bispen Balle, og stride ined honom mot rasjonalistane og aandsnegtarane.

Det var noko heilt anna, som vakte evnerne hj aa dei unge gaaverike menn i den tid enn dei krefter som heldt til i dei offentlege skulane i Aarhus og Kjøbenhavn. — X apo léon skrig an e skaka op heile Europa og den røre dette skapte kom. Danmark og X orge borti og.

Skirtorsdag 2den april 1801 stod slaget paa „Kjøbenhavns Rlied". Mi I lom dei som stod og saag dette og høyrde dundringa fraa kanonane, var tvo unge menn, den eine paa Tollbubrua og den andre paa hugsvala til sjok ad et ak ad em i et. Det var den unge teologiske studenten Grundtvig og den 22 aar gamle Adam Oehlenschläger, han som seinare vart. kalla cl ikt ar kongen. — Det er greidt, at eit slikt historisk hende maatte gjere eit sterkt inn t tykk paa dei tvo unge poetane. Og endaa sterkare vai- vei det inntrykk dei fekk eit aar seinare. Det var daa. søskenbarnet til Grundtvig, Henrik Steffens, kom til Kjöbenhavn og heldt dei vidgjetne foredraga sine paa Ehlers kollegium.

Steffens var fødd i K orge (Stavanger); men sine største hugsyn hadde han faatt i Tyskland, og han var so gjeuom-trengrl av tysk tankegang, at Grundtvig kalla honom „min halvtyske fætter^. Steffens kom i ein ung alder til Danmark. Han tok først til aa lese naturkunna og fekk eit stipendium til Tyskland. Her vart han kjend med Goethe, Fichte, Schiller o. f. 11802 kom han attende til Kjøbenhavn og heldt mange eldfulle foredrag, som Grundtvig høyrde. Det var Steffens som vakte Oehlenschlägers diktarhug og gav honom tru paa, at han var diktar. Første gongen Oehlenschlager var hjaa Steffens, tala dei med kvarandre fraa kl. var 11 om formiddagen, til ho var 3 om natta. Daa gjekk Oehlenschläger heim og skreiv det kjende diktet „Guldhornene", som han las op for Steffens. „De er jo virkelig digter," sa Steffens til honom. — So snart gjekk det ikkje for Grundtvig, Han var noko blyg og heldt segB'i rrt dom og ungdom.

tilbake for det første; men etter kvart vart. han og gripen av orda til Steffens. Det var noko heilt, nytt, han raaka paa her.

Grundtvig har meir enn nokon annan hævda det store verd, „det. levende ord" har framfor det skrivne. Men han hadde ikkje lsert aa skyne dette, daa han studera. Det. var Steffens, som først opna auga hans for den magt det muntlege ord har over sjælelivet, naar det kjem fraa ein, som talar, fordi han har noko. som han vil og maa ha sagt.

Steffens bruka aa skrive foredraga sine: han hadde halde 5 foredrag, men daa han var komen inn i salen og skulde halde det ti, fann han ikkje manuskriptet. Han hadde gløymt det att. heime og so maatte han tale fritt. lian opdaga daa at dette verka paa annan og sterkare maate paa tilhøyrarane og heldt fram ined aa tale fritt. Dette gjorde inntrykk pa,a. den unge Grundtvig. Steffens tala um Kristus som historiens midtpunkt. Det hadde gaatt attende med menneskja til den romerske keisartid. Men so tok det til gaa opover etter Nero. Det var kome noko nytt inn i soga, ei ny livs-magt, som snudde op ned paa dei gamle meiningar og skapte ei ny lysare og lukkelegare tid for menneskja. — Det er dette syn paa soga, Grundtvig held fram i dei historiske skriftene sine, og vener til Grundtvig har og stadt havt dette for auge i si sogeoplæring.

Slaget paa T,Rheden" og foredraga til Steffens gjorde paa kvar sin maate sit. til, at Grundtvig vart vakt op or skulesvevnen. Til dette kom so, at han vart gripen av dei oldnordiske sagn og myter. — Det var i det heile soge-lesnad, han i denne tid var mest op teken av.

Det var tanken hans, at han etter eksamen i 1803 skulde faa seg ein iærarpost i Kjøbenhavn, so han utanom skulen kunde faa halde fram med soge lesnaden. Men at. og diktardraumane no tok til aa vakne, syner dagbøkerne hans. Han fortel der om fleire a.rbeid, han hadde lagt plan til og til dels skrive ferdig. Millom desse var ei komedi, som heitte10

N. F. S. Q TV di: }'j.

„Skoleholderen". Denne vart send td teatret: men „Directionen for det kongelige skuespil" vilde ikkje take henne god nok. Det første prenta stykket fraa Grundtvigs hand var og forresten om „skol eho ld ere". 1 januar 1804 skreiv han eit stykke i „Politivennen", som hadde til overskrift: „Et særsyn i det nittende aarhundrede". Stykket

var om ei sokn paa Falster, som ikk je hadde havt skulemeistar dei siste 10 aar. Han arbeidde paa nokre sogeforteljingar og. Det var ei som først heitte Ada/tg, seinare Borghild, og endaa eingong vart forandra til Magnhild; ei onnnor heitte „Palnatoke".

I dagbwkerne sine kjem han millom anna inn paa dei premiopgaaver, som var opsette i J 805.

Den teologiske:

„Hvilke ere de beviser for kirkelærens guddommelige hin de kraft, som dens ældre og nyere forsvarere have brugt ? og hvad styrke fordres der hos liver især?"

Den historiske:

„Ved hvilke midler hævede det pavelige Hierarki sig i Norge? og hvorved skadede samme dette rige før dets forening med Danmark?"

„Hvad sig nu an belanger mit tykke om disse opgaver," skriv han, „da er det som folger: Den teologiske vilde næsten være et for vidtløftigt stof til en dispatats for doktorgraden, og mig synes det er saare underligt — eller maaske taabeligt — at udsætte et saadant pri s spørgsmaal.

Den historiske opgave vil for et, menneske, der ey er ganske ukyndig i Kordens historie, være let at besvare, naar han kan vorde forsynet med de nødvendige hjælpemidler. Var jeg i Kje-beiihavn, skulde jeg preve min lykke som konkurrent."

Han var i denne tid sume gonger heime i Udby og sume tider hj aa eldste bror sin, Otto, som daa var sokneprest paa Falster. Han fekk ikkje nokon lærarpost i hovudstaden. og difor reiste lian i 1805 til ein herregard paaBarndom og ungdom.

11

Langeland, som lieitte Egelykke, og vart huslærar. — Mannen paa Egelykke var kaptein og heitte Karl Stensen-Leth.

Han var gift med ei dotter til kammerherre Fabricius de Tengnagel, den fagre, livlege og evnerike Constance. Dei hadde ein gut paa 7—8 aar, som Grundtvig skulde lære op. Men til dette trong han sjølvsagt ikkje heile tida; den meste tid utanom skulen bruka ban til aa lese og gruble.

Han var lite med i selskapslivet. Kapteinen var ein ivrig skyttar og idrottsmann; men utanom dette hadde han vei ikkje mange hugmaal, Den fatige, unge kandidaten med dei vaknande diktardraumar og det, grublande sinn kjende seg framand milloxa dei, som samla seg om kapteinen.

„Arvet alvor, fatigdom, stolthed og ærgjerrighed holdt mig langt borte fra vordens lystighed."

Fru Constance Stensen-Leth likna ikkje mykje paa mannen sin. Ho veit ung og væn og mykje livleg; men sume tider var ho sorgmild med. Ho hadde mange kunnskapar og var glad i literatur, skreiv vers og dikt av og til.

I nærleiken av Egelykke ligg Bostrup preste gard. Der budde presten Kristen Graae, som Grundtvig var mykje saman med denne tid.

Frua til Graae heitte Lorentse, og henne fylgde det stødt liv med. Ho interessera seg mykje for bøker og. — Presten Graae vilde ofte ha Grundtvig til aa preike for seg, og ban heldt mange preiker i Bostrupkvrkja. Opskrifta til ei av desse preikene, (9de sundag etter trieiningssundagen 1805} syner, at han tala som prestar flest paa ri en tid. — Lorentse Graae var god ven med frua paa herregarden. Og ho gjekk dit ofte.

Som oftast var Grundtvig still og aal vor leg og livde mykje for seg sjølv; han hadde alt daa noko av det væsen, dei gjerne fær som liver meir saman med bøker enn med menneskje. Men nokon sur einstøding var han ikkje. Naar han var saman med prestefolket og fru Constance, kunde han baade vere livleg og morosam. Dei fylgde godt med12

.A . F. S. Grundtvig.

i bokheimen, og Grundtvig bis ofte høgt for dei. — Eingong hadde prestefrua erta honom med, at ban visst ikkje kunde skrive eit kjærleiksbrev. Han var nok lærd og las og skreiv mykje; men det greidde ban ikkje likevel, let ho.

Grundtvig gjekk op paa romet sit og sette seg til aa ski ive. Dagen etter kom eit kjærleiksbrev til prestefrua. Brevet er ei parodi paa den tilgjorde, unaturlege skrive-maaten dei bruka den gongen.

Brevet er dagsett 26de februar 1807 og stila til „Min Gudinde." Det tek til slik;

„Min Haand skjælver af (Hæde, idet jeg griber Pennen for at sende Dem en svag Gjenlyd af de himmelske Toner, der fylder mit Indre. Gud! Hvad saa mit Øie! Et Brev fra Dem! Og hvilket Brev! Et saadant, som kunde kalde den duende tilbage fra Gravens Bred og byde det halvstørknede Blod strømme glødende gjennem hans Aarer. — 0, salige Løn for de Millioner Sukke, der undfangedes dybt i det bladende Hjerte og kjaøtnpede sig frem gjennem de sitrende Aandedrag, for de gloende Taare-stramme, der nedrullede paa de indsunkne Kinder, og af bra; nil te det sidste matte Skin af Livets Farve, — O dyrebareste Veni ilde! Tilgiv mig min vanærende Tvivl! Vredes ei, fordi en Taage, det bortvegne Mørketa Søster, endnu stundom dæmper det klare Skin af det sterke, evige Lys, De tændte i mit Hjertes rædsomme Nat! . . , Jeg svimler ved Tanken, at De, den hiinmelbaarne, kan og vil elske Støvet, Støvet i sin usle Form osv."

Brevet har si i k etterskrift:

„Sig nu, at jeg ikke kan skrive et Kjærlighedsbrev! Men det har Skam ogsaa kostet Hovedbrud og hvad mere er to Penne. Sig Deres Månd, at jeg haaber, han forærer mig to splinternye for min Umag. Jeg er Deres ydmygste Grundtvig. —

Ein annan gong sende ban eit rimbrev til fru Lorentse; det hadde slik titel;

„En underdanig Godmorgen til den ærlige og gudelskende Kvinde Lorentse Hansdatter, velærværdige Hr. Kristens Hustro udi Bastrup. Paa Nytaarsdag MDOCCVI udi enfoldige Rim fremstillet og forfattet af Xiela Frederik Søren Johansen, uværdig Prseceptor, Skolemester og Ludimagister paa Egelykke."

Men tunglyn det heldt likevel paa aa faa overtak over Grundtvig 110, om han for med skjemt og gjorde seg kipen. Daa han eingong kom til prestegarden, var det eit par andre framande der med. Ved kveldsbordet sat Grundtvig sturen og tagali. Daa sa den elles so blide og venlege vertinna til honom:

„Hørt Ved De hvad Grundtvig, naar De saadan vil sidde uden at si et Ord, maa De virkelig heller blive hjemme."

„Ja! Det har De Ret i. Jeg er heller ikke skikket til at være blandt Mennesker," svara Grundtvig. Ilan reiste seg og gjekk og vart ikkje paa nokon maate fornærma paa frua, for det Ini sa.

Det var korkje lesnad eller tankearbeid, som gjorde, at han var so fordrøymd og tung av seg. Dot var ein ulukkeleg elsk han drogst med, og det gjekk mange aar. for ban kom over dette. Han visste heile tida. so vei, at kjærleiken hana var og maatte vere voni aus. „Min aand vei aander til sig drog, men intet hjerte for mig slog." — Det var korkje meir-eller minder enn Constance, frua paa Egelykke, han hadde vorte forelska i. Men ho elska ikkje honom, og det korkje ynskte eller vona han heller. Likevel hadde denne kvinna teke hugen hans so sterkt, at alt vart som inkje mot henne.

I eit brev^ han skreiv til ein Ven seinare eingong, staar det m. a.:

„Jeg saa en Kvinde, og jeg elskede liende i det fyrste Nu saa dybt, saa glødende, som det er en dødelig muligt — Dog kort var denne Salighed; thi jeg behøved blot at vide, jeg elsked, for at blive saa ulykkelig, sum jeg kuitde blive. De borgelige Forhold stod som en uoverstigelig 11 ur mellein os. O, hvor jeg har kjæmpet med den frembrydende, voksende Lidenskab 1 Med hvilken Magt har jeg nødtvunget min Sjel i de mest a ns trængen de Sysler for at dæmpe Stormen, der rasede 1 mit Indre! Dog var alt forgjæves, det var som om Mennesket vilde

med sin Haand dæmme for den susende Rj erg.st rom. Aar lien randt og svag nedsank jeg i det mørkeste Tungsind."N. F, S. Grundtvig.

Grundtvig s eg jer om seg, at han før denne tid var ein farisæar av strengaste slaget, og liksom alle farisæarar ukjterleg mot andre og snar til aa døme. Men da,a det iiende, som han aldri kunde ha tenkt: verte forelska i. ei gift kvinne, vart. han mykt, og hard lyn det og självgod hei t fi kvarv burt, — For aa døyve hugverken og gløyme pinsla tok han til med sogelesnad att. mest Nordens mytologi, og gjorde elles det, som alle unge menn med poetisk givnad har gjort, naar dei liar gaatt med ulukkeleg og vonlaus elsk: skreiv (likt.

Henrik "Wergeland skreiv dikt til „Stella", Grundtvig skreiv om „Laura". So kalla han frua paa Egelykke, Det gjekk reint lett for Wergeland aa vinne over sorga si; men for Grundtvig vart det ei lang og hard tid, før han vann seg fram til ro att. Det var ei tid, lian undra seg over „at ikke solen forlængst skinnede ned paa hans grav."

Grundtvig skreiv 110 eit dikt, han kalla „Synet". Han fortel i dette diktet, at han totte aanda til deri avlidne søster lians synte seg for honom, ITo var send for aa. gje honom fred.

Det var den ulukkelege elsken, som først kveikte hans dikt arga aver for aalvor. Dei tankar lian hadde høyrt Steffens forkynne i Kjøbenhavn, tok honom att. — Medan han var paa Langeland, sende han ut Heire arbeid. Utgreidinga „Om Religion og Liturgi" var truleg det beste, og det valdet, som vart. mest kjent.

Om vaaren 1806 reiste Grundtvig fraa Langeland til Kjøbenhavn. Han fekk friplass paa W al ken dor f s kollegium, som var for unge emnelege vitskapsmenn. Samstundes vart han lærar i soga paa Schouboeske institut, ein av dei mest kjende skulane i Kjøbenhavn den gongen.

Hans forfattarverksemd hadde vakt voner om noko stort, og han kom no saman med vener, som gjoide honom kjend med dei mest aand f ul le menn i Kjøbenhavn. Månge av desse vann seg seinare namn, som gjekk langt utanomt

heimlandet. Det er sjølvsagt at samværet med desse hadde stort verd for den unge diktar. Det var hans „ungdoms stolteste dage1-. Paa den tid kom han og i lag med nordmenn orne Cxèorg Sverdrup;1 SVen Hersleb og Niels Treschow.

Det var tankane i den nordiske gudelæra, han i denne tid arbeidde med.

[1808 gav han ut „Nordens Mytologi" og i 1809 „Optrin av Kjæmpelivets undergang i Nord". Men at lian heller ikkje glyrn de si eiga tid, syner diktet „Maskeradeballet i Danmark 1808". Dette tolkar harmen hans over det lettlyndet som raadde i Danmark, daa landet var utanherskip og midt oppe i ein fa ari eg krig med England.

Diktet har til motto nokre liner or Hovamaal og er „hver ægte S or bo, hver Dannekvinde broderlig helliget." Diktaren held ei streng tale til sit folk; men det var faa eller ingen som brydde seg om det. Han kunde med god grann ha sagt det same som Henrik Ibsen sa ved eifc liknande høve 55 aar seinare*).

Da,a Grundtvig sidan vart angripen for diktet sit, skreiv han eit til og förk! aar a, kva han hadde meint.

Det var ikkje meininga, hans at den gamle kraft var død.

„Nei vække vilde jeg den aand Der slumrede i fortids grave, Og dar for grov min svage hanrui I bautastenen runestave."

Det var mange som tok til aa setje stor von til Grundtvig no. Men utanfor den literære og vitskaplege ringen var han enno lite kjend.

Men so hende noko, som med ein gong gjorde namnet hans kjent over heile landet og endaa vidare, og som skipia dei planer, han hadde lagt. —•

*) Diktet „Troens gnjnd":

-Jeg älynged paa rim et klokkeklemt over landet ud; der blev ingen skræmt."16

.A . F. S. Grundtvig.

ii.

I kamp mot rasjonalismen.

S og eg ransking (1810—1839).

I siste luten av det 18de hundredaaret fekk rasjonalistisk tru og tankegang sterk inngang i nordlanda. Rasjonalistane vilde gjere menneskjeforstanclen til høgste domar i alle religiøse spursmaal. Av kristendomen v ild o dei ikkje halde paa anna enn det, ein kuude skyne med .den sunde menneskeforstand". Med „naturlige forklaringer11 fekk dei undra i bibelen til aa vere noko aa Imen t. Kristus var berre ein vismann, som hadde livt eit framifraa liv og kunngjort. ei god lære for menneskja, og som kunde liknast saman med menn som Sokrates. Men rasjonalistane vilde ikkje vere ved, at dei negta kristendomen. Dei sa tvert.om, at dei kunngjorde kristendomen slit, som han var, naar han vart fri for gamall overtru og prestepaafund.

Ein av dei største menn millom rasjonalistane Kristian BastJwlm, (1740—1819), meinte, at prestane burde faa praktisk oplæring i kemi og landøkonomi, so dei kunde vere lærarar for aalinugen i desse ting attaat. Folhelærarar vart prestane mykje kalla den tida, og dei gjorde mykje for op-lysninga med. Men ei slik kaldklok dyrking av forstanden førde til ei aandløyse, som breidde seg paa alle omraader. Mest kom det tilsyne i det gudcloge.

Omkring 1780 fekk rasjonalismen raaderom i det teologiske fakultetet i Kjøbenhavn og fleirtalet av prestane i Danmark og Norge vart rasjonalistar.

Den gongen var det mykje om aa gjere, at ein tala godt, og dei freista oratoriske boteraader, naar det var skralt med personlig tru og varme i forkynninga. Eit dome paa dette er det store verket. Bastholm gav ut i 1775: „l)enI kamp mot rasjonalismen-

17

geistlige talekunst". Denne boka fekk stor innverknad paa presteskapet baade i Danmark og Norge og en daa vidare utover, Ho fortel m. a. om, korleis ein geistlig bør té seg, naar han talar.

„Man maa b verken aabne munden saa meget, at tænderne bliver blottede, ikke heller knibe læberne for meget sammen, begge dele «e mangel paa opdragelse. At opblæse k indbakkerne at bide paa læberne, og imidlertid stanse i talen, at slikke sig om munden eller afc vride den til den ene side ere saadanne feil, som lettelig kan opvække latter endog hos de tühørere, der ikke gjerne le. — Haanden ophæves, naar man taler om høie, ædle og værdige ting eller om himlen, luften, solen o.s.v, Føier man beundring, saa ophæver man den ikke alene, men stiller den perpendiculaire med fingrene lige i veiret og fiaden af haanden udad; men lader dem derimod synke, naar der tales om jorden, om nedrige og foragtelige ting. .Naar taleren taler om sig selv, besynderlig om en vis sindslidelse han føier, saa fører han haanden til brystet. Er denne aÉfekt noget sterk, f. eks. medynk, bedrøvelse over sig selv eller andre, saa slaar han haanden noget sterkere til brystet, dog maa dette ske sjelden og försigtig. -

Dette syner kor langt folk var komne i slutten av det 18de iiundradaaret i a åndløyse og pedanteri, naar det galdt religiøs forkynning.

Millom dei som med kraft, tala og skreiv mot rasjonalismen i Norge, var bispen i Bergen J. N. Brun og bondeguten Hans Nielsen Hauge. — 1 Danmark var far til Grundtvig ein av dei faae prestar, som ikkje va.r rasjonalist.

Vinteren 1809—1810 vart. det so skralt med helsa hans, at ban maatte ha ein mann til hjelp i embættet. Han var daa ein m ånn paa 76 aar. Han vilde helst ha yngste sonen sin til kapellan. Grundtvig hadde ikkje større hug til aa reise fraa Kjøbenhavn, for lian tok til aa verte ein kjend diktar og vitskapsmann no; men likevel reiste han, for han vilde gjerne kome den gamle far sin til hjelp.

Den 17de mars 1810 heldt han prøvepreika si (demis-preika) i Regenskyrkja.

N. F. -S. Grundtvig.

Preika i kyrkja gav for det første ikkje folk noko aa hefte seg ved. Tilhøyrarane var ein censor, professor P. E. Miiller, og nokre faa studentar. Censoren gav honom karakteren _ ud merketw for preika, og alt s aag ut til aa vere berre godt og vei. — Men ein maanad seinare fekk Grundtvig høyre noko anna.

Han fekk prenta preika, og ho hadde til titel:

„Hvi er Herrens Ord forsvundet av hans Hus ?u Det var ikkje fordi han totte ho var so framifraa at han let henne prente; men fordi „mige forfattere heller gjemmer smaat i litteraturen end i pulten." Og so vilde hau glede sin gamle far med henne. —- Han skreiv eit forord til preika og eit varmt dikt til den gamle prest i Udby.

Preika vart spreidd snøgt utover og lesa baade av prestar og andre og vart omsett tiL tysk og. Demispreika var eit hardt klagemaal mot heile presteskapet i Danmark foldet rasjonalistiske straumdrag, dei no var komne inn i.

„De liellige Mænd trodde selv den Lære de kaldtes til at forkynde," seg jer han; „er det saa med Mængden av Ordets Tjenere i vore Dage?

Ak nei, og derfor var det især, at Herrens Ord forsvandt af hans Hus. — Og vore Kirker — ja vore, thi Kristi er de ikke længere, hvad hores vei der? Vei ofte forfængelig Snak om Smaating paa Jord og kommer det heit, da brammende Ord og kløgtige Taler, men idel Lærdomme, som kun er Menneskenes Bud. Herrens Ord er forsvundet af hans Hus."

Milloin dei som gledde seg over, at Grundtvig tala mot rasjonalismen, var J. N. Brun i Bergen. „Deres Præken var Vand paa min Mølle," skreiv han til Grundtvig, — og Jung-Stilling i Tyskland skreiv:

„Denne fortræffelige unge Månd vilde jeg gjerne kjende og trykke til mit Hjerte. Herren velsigne og bevare ham paa Sandhedens Vei.—Det er saadanne Mænd, vi trænger til."

Men prestane i Kjøbenhavn var harme og vilde, at Grundtvig skulde verte straffa. Preika inneheldt „fornærmende beskyldninger" mot heile presteskapet.1 kamp mot rasjonalisme?!.

Hr. Kandidat Grundtvig har ladet trykke et aabenbart Skandskrift mod den bele Staad af Religionens Lærere." stod det i den klaga, sota vart send kancelliet, og soin Kapellan H. G. Klausen var huvudmannen for.

Det vax tanken aa faa Grundtvig sletta av kandidatlista. Paa den maaten kunde ein lettvint verte kvitt ein brysam motstandar, so det kunde verte fred og ro i landet. Saka vart send det teologiske fakultetet „til betænkning". Professor Müller kom no i ei leid knipe. Han kunde ikkje godt vere med aa klandre ei preike, han sjølv hadde gjeve karakteren „udmerket". Heile denne røra slutta med, at Grundtvig skulde ha ein „advarsel og irette sættelse", ikkje nett for sjølve preika; men fordi han let henne prente og soleis „syntes at røbe en førfængelig attraa, efter at gjøre opsigt,." „Irettesættelsen" vart det heller ikkje noko større av. Det varf. med, at Grundtvig maatte høyre paa, at, rektoren paa universitetet las op eit kongeligt, vedtak av 5te januar 1811 om, at han skulde ha ei skrape.

Grundtvig var i denne tid svært still og sturen. Professorane trudde det var „irettesættelsen", som tyngde, og trøysta honom so godt dei kunde. Det skulde ikkje verte til mein for honom i framtida, lét dei, og han maatte no ikkje gjere seg so vondt av det.

Men det var noko heilt anna, som Grundtvig i denne tid gjekk og grubla paa, og som var grunnen til hans mismod, enn dette med demispreika, „denne latterlige sag", som lian sjølv kalla henne. Han fortel i „Kirkespeilet0 om dette.

„Jeg sad en Aften i Efteraaret 1810 alene i Walkendorfa Kollegium og læste i Kotxebues Historie af Preussen,

soin var den nyeste over dette Land, og soin jeg, skjønt jeg dybt foragte d K avnet, mente som Lærer i Historie af Pligt at maatte benytte; men jeg var ikke kommen længere end til det trettende Aarhundrede, da de tyske Kiddere iadtog og med Sverdet kristnede Preussen; thi her havde Kotzebue plantet en af sine (Jift-N. F, S. Grundtvig.

blomster under, hvad han kaldte „det visne Kors"; og derved løb det mig koldt nedad ryggen, saa at jeg ikke blot smed Bogen fra mig, men sprang op som greben af en mægtig Aand, der kaldte inig til Reformator. Derpaa fulgte ei Far Maaneder af stolt, men stille Sværmeri, hvori jeg første Gang siden min Barndom for Alvor læste Bibelen, især Profeterne, Luthers og Kingos Salmer, bød og grublede over, hvordan en Reformation, især med Fen og Blæk, i vore Dage lod sig udføre. — Det endte pludselig, da jeg med et blev sønderknust ved de Spørgsmaal: Er du selv eu Kristen? og har du dine Synders Forladelse? — Samvittighedsspørgsmaal, der faldt mig som Stene, ja som Klipper paa Hjertet. Da lukkede jeg alle Bøgerne, lod alle stolte Planer fare og skyndte mig hjem til min gamle Fader."

Det Grundtvig no maatte g aa igjenom, leita reint paa vitet hans; men han vann likevel over vanskane, det klaarna etter kvart i hugen hans, og han tok mot kapellanembættet hjaa far sin i Udby om v aare n 1811. Same aar vart han trulova med ei pre sted otter fraa Falster, Elisabeth Blicher. Men det var ikkje raad aa tenkje paa giftarm aal endaa. Grundtvig laut faa seg noko aa. live av først, men det saag ikkje inykje lyst ut soleis. I januar 1813 døydde far hans, han søkte embættet etter honom, men fekk det ikkje.

Han reiste daa attende til Kjøbenhavn og tok t.il aa studere soga att. Fraa 1815 til 1818 var han so hedt opteken av dette, at ein har kalla den tida „det første vintersæde i studerkammeret", — Han lærde seg oldnorsk og sette om Snorre til dansk og Saxo fraa latin til dansk.

1 1817 kom det ut det store soge verk et hans: „Udtog af Udsigt over Verdenskrøniken". — Hans trottuge og vidfem de arbeid vart ikkje mykje paaskyna, og han fekk lite og inkje aa live av; men derimot hadde han faatt mange motstandarar.

Grundtvig var no mest i same uføret som Henrik Wergeland lier heime i den første tid. Den aalmenne mann, som han først og fremst vilde skrive for, forstod honom ikkje. Det var uraad aa verte prest. Clausen, som no var stifts-
21

prost, fekk alle prestane i Kjøbenhavn til aa negte Grundtvig aa tale i kyrkjene.

Han tenkte no paa aa reise til Norge, der han hadde mange vener.

rVed Norges Skihnisse fra Danmark var det nær ved. at min Hjertens Ven Hersleb, som blev den første teologiske Professor ved den nye Høiskole i Kristiania, havde trukket, mig med sig derop," fortel han i „Kirkespeilet", — Grundtvig hadde ikkje noko livebrød og saag ikke utveg til aa faa for det første, og ban „mérkede, at man ikke lever af Luften, hvor poetisk man saa bear b eider den." Han gjekk difor i 1818 op til kong Frederik 6, og sa:

„Majestæten ved nok, jeg har befattet mig endel med de gamle Skalde!" Kongen: „Ja, og med meget Held," Grundtvig: „Jeg vil haabe ei uden Held, men en Ting har jeg dog ikke kunnet lære af de gamle Skalde, og det er at undvære Levebrød." „Saa faar vi skabe et," sa kong Frederik.

Grundtvig fekk no eit aarlegt pengetilskot av statskassa, so lian kunde halde fram med si sogegransking og faa raad til aa gifte seg. Men denne statshjelp var ikkje større, enn at det og etter dette var smaatt for honom. Eingong nyst etter ban var gift vit.ja dikta.ren Ingemann honom. Han budde so trongt, at daa. Ingemann saag arbeidsromet hans, sa ban: „Naar du skal sidde her og skrive, maa du vei sætte Stolen i det andet Værelse?"

1 1821 vart ban prest i Presto; men aaret etter kom ban attende til Kjøbenhavn som kapellan ved „Vor Frelsers Kirke" paa Kristianshavn.

Her inne i hovudstaden fekk ban etter kvart, ei kjensle av, at han ikkje stod so aaleine lenger. Det gildaste og mest hugnadsame i so maat.e totte han det var, at ban hadde Rudelbach og adjunkt Jacob Lindberg med seg. Desse tvo var mill o ru dei mest lærde yngre menn i Danmark den gongen. Dei bad Grundtvig verte med i

bladstyret for eit22

.A . F. S. Grundtvig.

teologisk maan ad skrift, dei hadde lagt plan til, og Grundtvig gav seg med.

„Hvilken Trost og Glæde det er, naar maa i en Række af Aar har staaet ganske alene mod hele Verden, da at laa to saa djerve S talbrødre for en, det ved kun den ret, som liar prøvet det; men at det maa være fornøjeligt1 og styrkende, kan dog hvert Menneske forstaa." , (Kirkespeilet).

„Theologisk Maanedsskrift11 tok til aa korne ut i 1825 og vart hovudorganet for Grundtvig i den kyrkjestriden som no begynde. — No daa han hadde opnaatt det gamle ynskje sit om aa verte prest i Kjøbenhavn, biyggja det op til ein sterkare strid millom Grundtvig og rasjonalistane. Desse hadde no faatt ein mann, som kunne ta kampen op. Det var den unge professoren Henrik Nikolai. Clausen, son til Grundtvigs gamle motstandar, H. G. Clausen, han som var huvudmannen for klaga over deniispreika i 1810.

Striden millom Grundtvig og den unge Clausen tok til 182'j, daa professor Clausen gav ut det förste store verket sit: „Katolicismens og Protestantismens Kirkeforfatning, Lære og Ritus," Det var rasjonalistiske tankar boka hadde fraa først til sist, og ho var difor eit indirekte angrip paa det Grundtvig heldt for den sanne kristendom. — Fem dagar etter at boka til Clausen var utkoma, hadde Grundtvig f er digt eit motskrift: „Kirkens Gjenmæle", som vakte stor røre. Det vart selt og lese so fort, at det kom ut i B oplag paa berre 8 dagar. I dette skriftet kjem Grundtvig for første gong med det, som har vorte kalla hans „kirkelige anskuelse". Han skil her klaart og greidt millom kristeleg tru og kristeleg lære.

Han segjer i forordet, at han ikkje gjer seg til recensent {kritikar) over Clausen og boka hans, men til kyrkjeleg motstandar. Han segjer vidare, at

„Striden fra min Side slet ikke er personlig og ingenlande blot videnskabelig, men saa ren kirkelig som mulig, derför kalder jeg dette Feide brev Kirkens Gjenmæle, indskydende dermed1 kamp mot rasjonalisme?!.

23

Sagen fra den blotte Læseverden for den almindelige Kristenheds Domstol." —

Striden vart likevel personleg. Clausen reiste injurie-sak mot Grundtvig, som vart dømd (30te november 1826) til aa betale 100 rdl. (200 kr.) i midt og reide ut det, saka kosta. Og so skulde ban heretter verte censurera. Treschow, ein ven til Grundtvig, betalte for honom, so han kom seg bra ifraa den knipa; men verre var det dette med censuren. T)et ban no vilde ha prenta, maatte først paa politik ammer set og faa paaskrive: „Maa trykkes" .*) Seinare vart domen om censur stroken. — Det Grundtvig hadde tenkt og vilja, var ein strid millom tvo synsmaatar, ein strid om aandclege ting, ein strid, der det berre vart bruka aandelege vaapen. Men det vart til cit privat injuriesøksinaal med 200 kr. i mult og censur paa politikammerset!

1 pinsehelga 1826 skulde det vere 1000 aars fest til minne om. at kristendomen vart, innførd i Danmark. Prestane skulde faa lov aa velje dei salmane dei vilde den dagen. Grundtvig hadde daa skrive den kjende salmen „Den signede dag som vi nu se"; men stiftsprost Clausen hadde faatt det soleis til, at ingen skulde ha lov aa bruke salmane til Grundtvig. Alt dette gjorde, at Grundtvig totte, det var uraad aa vere prest i statskyrkja lenger. Han søkte avskil Og lagde ned sit emhætte i den danske statskyrkja 8 dagar før pinshelga 1826.

No stod ban utan embætte og dermed utan livebrød. Men ein av venerne bans, sokneprest Gunni Busck som var ein rik mann, baud honom hjelp. Grundtvig tok mot tilbodet. og no kunde ban utan næringssut haldo paa med si diktning og sit, sogearbeid. - Ha.ns største arbeid i desse aar var „Nordens Mythologi" og „Haandbog i Verdenshistorie".

* S::L','n'! kalla dotte _det 4-h<'i!::i.-:k»: motto11, etter Eberiin, soln skulde skrive paa.24

.A . F. S. Grundtvig.

Den striden han reiste, daa han gav ut ,, Kirk en s Gjenmæle", heldt ved i månge aar. Det kom ut mange

flogskrift og ei mengd op sett i blada. Grundtvig var ikkje mykje med i striden no, naar ein tek undan dei utgre id ingår han skreiv i „Theologisk Maanedsskrift". Millom desse var „Om Religionsfrihed", som vart forbode av censuren i 1827. Fers t i 1866 vart det lovi egt aa selje det.

1 1829 fekk Grundtvig reisestipendium, og paa 2 aar var han no tri gonger i England for aa studere soga. —

Eit med det første han merkte seg i England var, at alle hadde det so annsamt, kvar med sit „fra statsministeren til lommetyven". Det var so stor skilnad paa det friske arbeidslivet her og ali latskapen og likesæla i Danmark. —

Om tida fraa 1814 til 1834 skriv han i 1842:

frugtbare Aar og midt under den. dybeste .Fred ned sänk Riget i en bundløs Grjæld — og al Virksomhed døde ben, sora om man ventede den yderste Dag imorgen; — Folk d»de bogstavelig af Sovesyge."

Grundtvig fana mykje han ikkje lika ved arbeidet i England og sa det beint fram. Men engelsmannen kom daa stedt med sit: „ W hat do you do?u (Kva gjer de daa?). Til dette vissto ikkje Grundtvig mykje aa svare. Han skriv om dette:

„I et Land, hvor der altid gjøres meget, li vor af naturligvis altid en Del er gält. men dog ogsaa en Del godt, og ikke sjelden forbausende stort, der, naar man spørger om Gjerningerne herhjemme, da at svare: Ingenting, det er dog ikke saa let. Jeg har snoet mig som en Aal, for at undgaa Svaret ved at fortælle vidt og bredt om alt, vi tænkte paa at gjøre og om alle de Forsigtighedsregler, vi daglig indprent ed os for ikke at gjøre noget gält som Engelskmændene saa tidt. Jo raere jeg havde at udsætte paa de engelske Gjerninger, des ivrigere spurgte man: „Ja, hvad gjør da I?" — Jeg glemmer det aldrig, om jeg blir hundrede Aar, og det pinte mig lige ind i Sjælen, fordi jeg følte, at den forstokkede Engelskmand har i grunden Ket: det første hos en Månd er, at han selv gjor noget, som kan vise, hvad han1 kamp mot rasjonalisme?!.

duer tii, siden kan hau tale om, hvad man helsfc skal gjøre, og hvordan; men før er det kun Snak; og duer en Månd til noget, da lærer han tidt ved at gjøre noget Gält og faa Skam for, at gjøre noget Godt, som han har Ære af."

Grunnen tiL ali den framferd og rike verksemd, som møtte Grundtvig i England, var fridomen, — den einskilde manns fridom til aa tenkje, tale og gjere det han vil. naar han derved berre ikkje legg seg i vegen for andre og deira rett til aa gjere det same.

Det var etter han hadde vore i England, at han begynde aa arbeide for folkehøgskulen.

Denne skulde vere for vaksen ungdom, og lærarane sine foredrag, det livande, muntlege ordet, var det, som skulde vere hovudsaka, ved den skulen. Paa denne maaten trudde hau, folket kunde verte vakt til arbeid, ikkje berre til materielt, men til aandelegt med. Han visste av eiga røynsle, kor traatt det gjekk med elet skrivne ordet.

Daa Grundtvig kom heim fraa England, sende 160 av hans gamle tilhøyrarar ein søknad til kongen om aa faa skipe ein fri kyrkjelyd, „uden nogen bekostning eller besværing for staten", ined Grundtvig til prest. Søknaden vart. negta.

Grundtvig gjekk daa op til formannen for kancelliet. Stemann, og spurde, om han ikkje kunde faa ei av kyrkjene i Kjøbenhavn til aa preike i for tilhøyrarane sine; men det vart og negta. Stem ann var „stiv som en karjolhest" og meinte, at Grundtvig kunde ha vore prest i den kyrkja han hadde, naar han var so huga, paa aa preike.

Etter mange raadleggjingar med bispen og kancelliet vart det likevel slik, at Grundtvig skulde faa bruke Ered-rikskyrkja til „indtil videre at holde dansk aftensang iy. — Her var han no prest fraa 1832 til 1839, daa vart han utnemd til prest i Vartov i Kjøbenhavn.26

N. F. -S. Grundtvig.

Prest i Vartov.

(1839—1872).

Vartov var ei hospitals kyrkje for uokre hundrad gamle menn og kvinner. — Det var soleis faae forretningar, som høyrde med til dette emhætte, og han kunde difor halde paa mest som før: Samle ein fri kyrkjelyd om seg og halde fram med sit folkelege oplysnings- og frigjerings arbeid baade i tale og skrift.

Dei menn som har gaatt føre, har som tid äst, ikkje vorte skvna av samtida. Dei har anten vorte lite ansa eller skulda for ranglære, forfylgde eller og pinte i hel paa ein grovare eller finare maate. Først ei seinare tid har lært aa skyno dei, og so bar ei nyare ætt reist minnesteinar og pynta gravene aat dei, som fe dren e forfylgde.

Men G-rundtvig høyrer til dei faa store menn, som fekk s jaa fraktene av arbeidet sit, og som vann tiltru, medan han livde.

I dei 33 aar han var i Vartov, saag han store omskifte i mange ting. Danmark Var denne tid i sterk framgang, og landet fekk seg eiit fri riksskipnad (1848 -49).

Grundtvig var med i den grunnloVgjevande forsamling og med i riksdagen til 1866. Han oplivde tapet i 1864, men fekk og s jaa, at folk og land reiste seg att og med jamt trottugt arbeid vann ätt det dei miste i ufreden.

Dei som i Grundtvigs ungdoms- og første manddoms-aar hadde töre med aa skape ein ny litteratur, dei førarar, som hadde vore med i striden hadde falle bort, den eine etter den andre. Jens Baggesen døydde alt i 1826, Oehlenschläger i 1850, J. L. Heiberg i 18(50 og Ingemann i 1862. Det var ei ny ætt, som no flokka seg om „gamle Grundt-Prest i Vartov.

vig1* og tok lians tankar meel seg ut i livet, baade hans nasjonale og religiøse so dei fekk gjere sin verknad i folket.

Grundtvig hadde ei arbeidskraft som faa, og det saag ut til, at han hadde demie heüt til sin døyande dag. Han var ei kjempe baade i aand og kropp, og difor gjekk han seint trøytt i arbeidet. Det var lange tider han ikkje var i seng. Han sov eit par timar i armstolen ved skrivebordet og tok paa arbeide att med eingong han vakna. —

Om hans private liv, etter lian vart prest i Vartov, er ikkje svært, mykje aa fortelje.

Naar ein tek undan dei store omskifte i huslydon hans, gleid livet stilt og rolegt under s ten digt. arbeid.

I januar 1851 døydde kona hans, Elisabeth, og til henne skreiv han eit varmt dikt. — I oktober same aaret vart han gift med Änne Marié Elise Toft, enkja etter hofjægermei-star Harald Toft. Daa 3 aar var gaatt, døydde ho og, og i 1858 vart han gift med A åsta Tugendrick Adelheid Reedtz, Han var daa 75 aar g a mali, men end a a ung i sin elskhug.

— „Stod det første Ægteskab for ham som en Idyl, havde det andet i hans Øine et romantisk middelalderligt Skjær, men det tredje var et Eventyr", skriv Ludvig Schrøder i si bok om Grundtvig.

Etter krigen var slutt vart han verande i utlandet, var i Italia, Austerrike, Schweiz og i Tyskland der han høyrde fleire av dei mest namngjetne teologar tale. Men prest vilde ban ikkje vere, uklaar som ban enno kjende seg; aa verte lærar i latinskulen hadde ban endaa mindre hug til. I 1861 var det nordisk kyrkjemøte i Kristiania og her vart han m. a. kjend med Ludvig Wagner, Ernst Trier og Ludvig Schrøder. Venskapen med den siste var vei det, som fekk mest aa segje for honom. Daa han i 1862 hadde teke teologisk embættseksamen, var han med i eit studentmøte i Kjøbenhavn, der han og Kristofer Janson var Wagners og Schrøders gjester paa Borchs Collegium.

Daa Bruun var paa reise heim att fraa si utanlandsferd fekk han høve til aa verte betre kjend med det danske høg-skuleliv. — Han hadde faatt det sterke inntrykk av den europæiske kultar, at den var sjuk, den var vorten til over-ciniJLsasjon. Ilan skriv om denne kulturen m. a.: „Den minder ikke lidet om den alexandrinske tidsalder med de

sygdomme som oldtidens kultur da led under. Religionen

har tabt sin magt. Filosofiske systemer afløse hinanden i rask rækkefølge og efterlade en stigende ligegyldighed overfor de høieste spørgsmaal. Den videnskabelige aandskraft taber sig i en mere og mere masseagtig lærdom, som umulig -gjør et overblik og svækker evnen til at skabe værker af blivende værd. Folkekraften slappes. Dannelsen bliver mere og mere æstetisk. Dens liv bliver mere og mere ny-delsessygt og forfinet. De lavere klasser -synker dybere og dybere i elendighed, misnøié og had.--Skuffet af frugtesløse anstrengelser paa aandslivets omraade, trættet af reflektion og tvil vender menneskeaanden sig 'mod naturvidenskaben og det materielle opsving, for der at ferne sine triumfer. Materialismen stiger som et hav, der truer med at

overskylle alle bredder.--— Det forekommer mig, at jeg

maa have ret til at sige, at- en saadan kultur er syg — jeg nærer ingen tvil om, at denne sygdom kim ad religiøs

vei kan blive grundig lægt.---Naar man har faaet øie

op for kulturens sygdomme, ligger det altid nær at ty til bondens liv efter hjælp. Slet ikke, fordi dette bondeliv skulde være feilfrit eller ideelt. Jeg for min del kjendte fra barnsben af ganske vei til ile svageste sider hos vore bønder. Men alligevel forekommer det mig, at over for Eurapas overforfinede civilisation eier vore bønders liv en naturlighed, en enkelhed og en forholdsvis sundhed, som maa kunne blive til hjælp. Bondens hele liv er saa uopløselig knyttet til naturen, at det ikke kan falde hen i den unatur, som for tidén er kulturens store brøst. Bønderne trænger paa sin side vei til kulturen. Men kulturen trænger — saa forekommer det mig — kanske ikke i mindre mon til bønderne. Men skal kulturen bli istand tU at meddele sig til bender, saa gjælder det aabenbart at faa den redueert til de enklest mulige former. Det gjælder om at faa knyttet dot, som er dannelsens inderste kjerne, til et kundskab s stof, som ikke er større end at det kan faa rum i bondens liv," —

Daa ban vart kjend med dei danske folkehøgskular, fannX orge.

lian der den undervisn i ngsmaaten. som lian trudde vilde høve for bander. „Jeg1 hørte der mænd udtale sine høieste tanker, sin sjæls bedste eie for bondegutter. Og jeg troede at skjønne at disse bondegutter forstod dem. Dette var mig noget nyt."

St~>g fly b t in fl i Norriges ensomme dale, der lytter dit fædreneland til din tale"

skreiv Henrik Wergeland i ei tung stund, daa ban tykte det var uraad med byane og bykulturen.

Chr. Bruun fylgde dette raad. Anker og Arve sen liadde reist sin høgskule ved „ Mjösens blomsterbredder". Bruun valde Sell i Gudbrandsdalen for det første. Det var hausten 1867 ban flutte sp til Raumundgard i Sell. ban og mor hans og gardbrukar Kristian Horne, som var medlærar dei 2 første aara. — Sell, anneks til Vaagaa, var ei fatig, innestengd bygd, langt til byen og langt til sjøen paa baae kantar, ein av „Norriges ensomme dale".

Naar Bruun valde Sell, so var det vei av il eire grunnar. Fraa 18%—42 hadde H. P. S. Krag vore prest i Vaagaa („presten", vart han altid kalla), og han hadde gjort mykje for f'olkeoplysinga og skulen, so Vaagaa var vei ei av dei fremste bygder i den vegen. — Paa Skaaraa i Sell, nær R.aura und g ard, hadde det vore ein skule, som i si tid var namn-spurd over heile dalen, Ein kjend skulemeistar Hans Hansen Pi//arv i feen budde her. lian var ein gaa.verik mann, var skulemeistai, treskjerar og eventyrforteljar, noko av ein poet og. Han har ialfall skrive og gjeve ut nokre gudelege songar. Han var fødd 17%, vart skul'emeistar i Kvam i N. Fron, daa han var 17 aar, kom seinare til Vaagaa, der „prosten" (Krag) hjelpte honom til aa faa seg eit skulehus i Sell. Fleire av elevane hans vart seinare kjende menn, m. a, P. Bolten-Hansen (fødd paa garden Batten nær Seils kyrkje), presten Hans Steensrud (fraa plassen Steinsrud i Heidalen), Paal Raumundgard som seinare kom til Blessom, og brørne Hougen: Fredrik, Engebret og Paal.

At folket, i Hell i gamle dagar hadde sans for poesi syner m. a. alle dei segner, eventyr, viser og melodiar, som samlarane har fånne her, Asbjørnsen var ofte her oppe, heldt mest til paa Laargard og Høvringsætra. som ligg rett opp for Sell innover mot Rondane. „Peer Gynt", „Vala-budeiorne" og „Kjetta paa Dovre0 høyrde Asbjørnsen første gong her, lrr, og E. Hougen har skrive mange dikt og songar og laga melodiar og. Mest kjend er Høvrings visa (.Hj aa Soli paa Anaripigg"), ei av dei finaste og vakraste elskhugs-viser, som vi har i vaar literatur. Den skreiv E. Hougen i 1845, medan han sat som huslærar oppe paa Klæbu prestegard og drøymde om den fagre heimbygda si, om livet paa „Høvrings vakre sæterstul" og først og sist om den vakre Marit Formo, som han ikkje kunde faa, for di foreldra hennar, mest mora, sette seg imot.

Det er soga om Edvard Storm og Ragnhild Hammer om att. —

„Haugakarein" vart seinare kjende skulemenn. Fredrik i Kragerø, Engebret i Tønsberg og Paal i Fredrikshald. Det var hj aa den siste Landstad fekk Høvrings visa (Landstads ..Norske Folkeviser" side 711).

I soga 'om skottane fortelst det, at dei natta før slaget ved Kringen (26de august 1612) laag paa Sell. Sinki ar sjølv laag paa Raamundgard. Det var ute paa tunet her han stod, daa han brende krat i neven sin for aa s jaa, om han skulde ha lukka med seg. Sell var soleis paa mange maa-tar ei kjend bygd, ei bygd med månge tradisjonar.

Det er sjølvsagt at skulemennerne Hougen med glede høyrde, at Christopher Braun vilde gaa i gang med folkehøgskule her i heimbygda deira.

Til opningsmøtet sende Fredrik Hougen, som daa var paa vestlandet, denne songen:

„ Folkehøg uk ulen" i G a db ra n ds dale.

Kan ne dæ for stell paa Rom mogn n! i Sell?X orge.

123

Sjåa. kärn fraa Gudhrandsdals-Bygdorn se sam la. som deingong daa Sinklar mæ Skottom der ramla.

Aa vart dæ naa O fred?.....Ska Aaverk døm gjera?

Aa kem ska døm baxe? Aa kor ska dm vira?

Kern døm ska slaa

[ta kor Slagt* sku staa,

de in Trotta ska klaras i uprømte Lune

for Syn nom som Fædrotn paa R om in ogurdstu n e.

døm hørte vei Rop som fraa gumle Lars Haagaa:

Up! Fiendein i Land! Saa te kamp os lyt draagaa!

Ja, Fiendein i Land saa mungo som Sand.'

Sjau Dumheit aa Latheit aa Herkemugkopen aa Lygiemeinsljoset aa Byitingehopen aa Ofsen i 01 aa i Brennvin fraa Byom mæ Preika um Avhøill aa Mulkt, mellom Riom.

Sjaa Horgje*) — saa fri mæ Nosse in i Sky!

eit. Altar ho staar mellem Rosten'*'*) aa Rusten***); ho æ naa onsele. for Selsvnile ae gusten! Kern leirblanda Logen, saa Fisken laut døie aa f Slom mein burtbleikne i motlaus» Møie?

St. Olaf te Lom mæ Christendom kom; —

mein kem tru har plan ta'n uü vatnari saa sia ut Vbxte sau o r liten vart gjennom Tia? T r un døde i Dale tun Fri t æn kjarp este, som fauk der igjennom mæ Synateblæste?

Gjek dæ reint ud da Livø i Gud!

Nei hø i r kaa dæ kjitna te Høgtid i Dale! Sjaa Folko har Øira for levandes Tale. —

*) Eit. fjoll op for KaajrundgarcL **} Fjellsida paa vestra sid« av

Liiu£(!n fraa Laargard ftp mot Dovre. Der vegen ir.ui I gje-

nom ein sidedal fraa -Sell over til V aag aa.124

Fa Ikeh vgxkii len.

aa Hj ert» flæ hoppa ved „Fædrenes Minne"; mein fli lie- æ sturne «a hogili i Sinna.

Einganng dæ nu va paa Veigøn ret bra

da K r a. g i Guds kraft vækto up der i Dale. aa Folko da- vatna som Hjon ta si Dvale aa lytta i Kjørkjvnn na lærte i s kuhl sau Guiisbona voxte, oa Troille dei ula.

Mein naa æ du Døl nok lei tau de sjul,

gje ailting ein Goddag her heime i Lande. aa tulla i Ttiaka te fremmande Strande! Hel kanskje du blir her i „Sliten med Tite" te Tydsken aa Russen faa gjort ve dein Svise?

Hu! fælande stygt van vøle slik Bygd

der Httakonstahugu aa Rommogardskarø gror gruskt bu r ti Grændom som Naale paa Barff, aa skjyt up saa vakker.t. Mein kjøm paa deim koten,*) da ve x dorn se smaao, aa raatna i Roten.

Paa Rommogardti Tun ve Horgje saa lun,

der „Nordens Aandu gav i garni0 Datigaa de Bender av Lees ja, av Fron an ar Vaagaa dein Lysing i Tänkom an Lnagaa i Unn gom. som lærte dom Leie**) te Leik i Hugkringom.

Paa Roinniogards Tun naa Horne aa Bruun

m æ „Dalens Sønner" vil be i lde eit Stevne. Tru Dølein vil møte? Døm truui elder11**) Evne. I Braavallaslagø i Kampen i Kringom va'm stterkø i A r in om aa mors lie i Bringom.

*) „Katimau pan kuten" >: vantrivast, staa i stampe. **) Kringen,

SHä) Aldi-i.X orge.

125

Saa møt fr nm du Dol aa gaa i de Bjøl

nu ly st ru som Fædrein paa Romm ogttrds Tune de Førure gje ve, tnæ eldfulle Lane hu skon' de i Kain pen mot Fiendeins Skuro for „Gud hein æ aitaat"; de Aa ingøn Fam!

Aa bruk saa dit Mani som Kvein bitars tesi

aa ho uti saa dæ hølgja fraa Lindormens Mankje, lyft Moln er te værs mw din heilstopte tnnkje, aa ve tsk r ec: m saa Trø i lia, aa driv dom fraa Lunde ved Nordens aa Alfaders mægtogø Ande!

Vestlandet i October 1897.

Ein Gudbrandsdøl."

(Melodi til denne songen dikta son hans Knut Johatmes Hougen (overlærar, seinare stortingsmann, statsraad, no ekspeditions-ehef i kyrkjedepartementet).

Det gjekk stort ord om Bruun rundt om millom folk i Gudbrandsdalen, daa han tok til med skulen. Det var vei faa eller ingen, som skyna kva han vilde. Dei eldre og vituge heldt honom mest for ein raring. Han som var av storfolk og ein lærd mann, som kunde verte professor med 2000 dalar i løn, han sette seg ned som skulemeistar i det fatige Sell! Ikkje kunde dei „verte til noko" heller, dei som gjekk paa skulen hans; ikkje var det eksamen og ikkje kunde ein faa nokon post, om ein hadde vore fler. Kven kunde skyne slikt! Men noko anna var det, som dei

skyna og tykte var stort: Bruun hadde vore med i krigen for aa hjelpe den veike i striden mot den sterke. Og so var det dette: Bruun var ingen leigesvein. Det. var ikkje for aa faa eit livebrød han hadde teke til med arbeidet. Gamle fru Bruun hadde pengar, og ho vilde han skulde drive paa; ho skulde skaffe det som trongst i pengevegen.

Hausten 1869 fekk Bruun Kristofer .Janson til medlæ-rar. Janson var alt daa ein kjend diktar. Han hadde til denne tid skrive m. a. „Per og Berrit", -Liv"4, „Fraa Bygdomu126

Folke hugs kulen.

og „Han og Ho". Han og kona hans üutte no op til Sell. Horne slutta daa paa skulen og tok fatt paa gardsarbeidet att.

Det var rike og ugløymande dagar for dei gutar, som gjekk der i denne tid. — Ein av dei første elevar (Austlid) skriv om dette: „Eg gløymer aldri den fyrste kvelden paa festen der. Eg var reint ør av gleda. Det var Janson, som hugtok oss so heilt. Slik som han kunde tala! Han fortalde om ei fa.arlig friing og mykje meir og skjemta og leika so vi sat i ein laatt. Yi var so glade i Janson alle. Han gjekk der millom os som ein solskins engel og tala dette væne vestland s maalet med slik sylvklang i munn og mæle, han reint try Ilte oss. So lærde han oss aa skrive og opna øyra vaare for form og stil. Og det gjekk so lett: det var som ingen ting. Det var ei kostbar hjelp i dei tider. Ingen i Gudbrandsdalen kunde greidt dette — den gongen — om ikkje Janson hadde vore. — Vi fekk spele komedie og. Og gamle mor Bruun, ho var sjølv med og lærde oss op og klædde oss ut og Bruun denne aalvorsman-nen — no log han so godt."

Men elles var det Bruun og aalvoret. hans, som gjorde ster-

Krixtofer Janson.

Gumle fru Bruun.X orge.

kast inntrykk paa gutane. — „Han hadde vore der oppe paa toppen under det evige aalvoret og set vegen aat Gud, difor kunde han tale om dette, som han gjorde. Gud hadde ikkje skapt osa, i sit bilæte for moro skuld. Eg skyn a korleis Bruun kunde orke staa op klokka 3—4 om morgonen og gaa derute i klaare vinternatta til stjernene bleikna. Der gjekk han nok og tenkte paa Gud og fekk krefter til striden og til aa hjelpe fram oss og, som var paa skulen hans."

Daa han hadde havt folkehøgskule i 2 aar. sende han eit brev til Ludvig Schrøder om seg og skulen. Han skriv der m. a.:

„Den danske skole er fader til min, og du igjen er den, som nærmest har faaet mig ind paa den vei. Enten det var vist eller gält at jeg gav mig ind paa den, saa faar du kave din del af skylden derfor. Saa naar jeg skriver til dig, er det som en krigers melding til hovedkvarteret. Meldingen indlober sent. Men det er først nu, tredje gang jeg begynder et skoleaar, at jeg nogenlunde har overblik over min stilling. Tidligere var jeg bare fuld af mit forbillede, af Danmark og Kold og dig. Noget paa den led skulde det være. Men hvad mine egne kræfter udføre, det havde jeg da ingen greie paa. Nu begynder skyflokene at dele sig, saa jeg ser, hvor jog staar. Det jeg nu sætter mig som opgave, naar jeg nu begynder, er da ingenlunde det, jeg saa udfort dernede: at vække alle kræfter i det indre menneske og klare dem over for hinanden. Det er meget mere end hvad jeg orker. Jeg vif bare fortælle verdenssagaens hovedtræk, saa livligt og saa morsomt jeg kan. Og hvor jeg saa ser en leilighed til at lade et glimt af lys fälde derfra over os selv, der vil jeg gribe den. Men det blir neppe ofte. Det eneste jeg gjør regning paa at vække hos gutterne, er fædrelandskjærlighed, og det vil nu ikke lykkes hos alle." —

Han fortel so om, at Kr. Janson er komen tiL skulen og skriv vidare: „Men du kjender mig nok til at vide. at dette liv paa overfladen ikke tilfredsstiller mig, lige saa lidt som det kan fremkalde nogen folkelig bevægelse, som der er mon i, i en so-vande egn. Mit egentlige liv rører sig dybt under dette, som jeg har min virksomhed i. Det er spørgsmaalet om kristendommen, om Guds rige, som eier min sjæl. Og der har jeg endnu lige saa liden klarhed, som da vi saaes. Grundtvigs troldomsord128

har ingen magt o ver mig i det stykke, skjønt It an har ordnet og enet mine stridige tanker i saa meget andet. Der Ligger mit inderste ii v fanget i merke. Det er min venstre haand alene som arbeider, min høire ligger bunden i fortvilelse. Mit liv, män virksomhed er bare som en prøve. Faar jeg no gen tid guddommeligt liv i mit mørke, saa kan det gjerne hende, at alle mine tanker bliver vendt op og ned og at jeg løber fra alt, jeg nu arbeider paa. Thi at det egentlige menneskeliv er noget ganske andet end det jeg nu færdes i, og, end alt, jeg har seet, det siger mit indre mig med usvigelig vished, og det stadfæster kirkens ældste historie og dens glødende spaadomme. At vinde dette liv er min eneste vilje. Om skolearbeidet her fører mig nærmere elier fjernere fra det, er et spørgsmaal, jeg endnu ikke kan svare paa, saa jeg ved ikke. enten jeg skal være glad i det eller ei.

Men i hvert fald er mit hjerte glad i det jeg saa i Danmark og hos dig; det var et fagert syn. Derfor hjertelig tak for sidst! Og tykke til, der du stevner frem i livet I"1*)

Samanheld ein dette brev med det som her er nemt av Austlid, fær ein bilæte av ein mann med dei strenge, aal-vorlege krav og ein sterk indre kamp for aa vinne klaar-heit, i dei største spursmaal. Han er streng i sine krav ril seg sjølv og til andre. Det var ikkje so underlegi, at månge meinte Henrik Ibsen hadde tenkt paa Bruun, daa han skreiv „Brand".

Bruun er ikkje i det kyrkjelege grundtvigian ar, og som dette brev syner oss, var han det heller ikkje i den tid. daa han fekk dei sterke ungdomsinntrykk fraa Grundtvig og venerne hans. Men den grundtvigske sjæle- og opdragelses-lære har han so heilt tileigna seg, at det til denne dag ikkje er gjeve ei klaarare og betre utgreiding om desse ting. enn den Bruun har gjeve i sit hovudverk „Folkelige Crrundtanker". — At Bruun i denne si første skuletid hadde mest magt i sit ord, naar han tala om dei mennes k jelege ting er rim ei egt, og det syner o g det, dei første elevar fortel. „Naar ban tala om fedrelandet og dei ting.a skriv Austlid vidare,

*) Brevet vart först offentleggjort, av J. Appel, Askov i [-„Hnjükole-Ij]adet,"-] {+„Hnjükole- Ij]adet,"+} i eit stykke tun B, til 70-aarsdagen hans.X orge.

„daa vidka stova seg at vi s aag det blaableike havet der langt ate og kjende friske saltsniaken i munnen, og det gjekk slik roleg mandom gjenom hans tale, so det tok oss reint med magt. Denne vesle mannen, naar han stod der i krinsen med det, kvasse kastet paa hovudet og den skarpe ørne-blinken i auga, heit og sterk, so vi saa,g aadri svall i skallen — anten han tala om Leonidas ved Termopylerne eller Olav Try g ves on ved S volder — daa saag me ein mann og ein adelsmann, daa voks lian seg inn i oss. so vi aldri gløymer det."

Bruun fekk mange vener i den tid han hadde skule i Sell. Mil loni desse var det fleire i Gausdal. Og daa det synte seg at Sell laag noko avsides, flutte han skulen til Gausdal. Ivar Fykse baud Bruun fritt husrom, og her paa garden hans begynde dei so skulen med i kring 30 elevar hausten 1871. Gausdal laag so til, at det kunde vere von om. at elevar ogso utanfor Gudbrandsdalen kunde kome, Gausdal var og er ei storbygd. Som Austlid — sjølv gaus-døl — skreiv „ei gam ali velst andsbygd, br eid og mett og god. den fagraste i heile dalen, - Ein snild og godsleg, men sjølvfeyrg bondeadel, ined mykjen god og mykjen Ia ak arv."

Millom dei som denne første vinteren paa Fykse var paa skulen, maa nemnast Friis Hansen, seinare lærar ved skulen. daa Vonheim vart bygd. og Einar Skavlan, som eit par aar heldt folkehøgskule I Skodje paa Sunnmøre. Desse tvo akademikane gjekk her saman mod dølegutane, som gode vener og kammeratar. Dei hadde sjølvsagt eit diskus sjoEslag ved skulen. Det heitte „Republikken": dei som

vai' med hadde til merke ei raud Friis Hansen.

topluve. Bet var baade eit nasjonalt hovudplagg og jakobi-narmerke. so ein kumle take det for det ein vilde. —

Den siste vinteren skulen var pa,a Fykse (1873—74) hadde Bruun eit slag „Bibel-skule" for dei eldste og mognaste elevar. „Jeg har en kort stund," har Bruun skrive om dette, „holdt en lidén og meget tarvelig bibelskole for en 8—10 bondegutter. Den bestod bl, a. i det at jeg sagde til dem: læs nu til i morgen gjennem det og det (korte) brev af Paulus, og sig mig saa hvad der staar i det. Nu, de f«rste ganger havde de ikke meget at sige, det skal være vist. Men jeg fristede da at hjælpe deres sporsans paa glid; lidt efter lidt gik det bedre, og da vinteren var til ende, og da vi sagde hinanden farvel, vidste de dog lidt bedre at, læse i bibelen, end da de kom. og lidt mere om hvad der staar i den." Millom elevane denne vinteren var Kar! Seip, skuledirektør og statsraad seinare.

I 1875 fekk skulen seg eige hus og heim nede i Follbu. Det var den gjæve bonden Per Bø, som hjelpte mest til med dette. Kan var ein av dei faa. som skyn a, kva skulen var og vilde. Han gav timbret til skulen og stod for arbeidet.

Bjørnson hadde aaret før kjøpt Aulestad ikkje minst av flen grunn, at han daa kunde faa bu nær folkehøgskulen. Medan Vonheim var under bygning, heldt dei skule paa garden Bø, Kristofer Janson og nokre elevar budde paa Aulestad til Bjørnson ilutte inn. Han gav Janson tomt lengst oppe paa jorde sit og ber bygde Janson „Solbakken-. 1 denne tid var Bjørnson mykje med i høg-

skulelivet paa Vonheim. Ved alle festar pa,a skulen og paa alle folkemøte var han med og hadde sjølvsagt altid sir ord med i laget.

Det er ikkje ofte ein ser so mange landskjende menn samla i ei bygd, som det var i Gausdal desse aara. Heivar no Bjørnson, Bruun, Janson og Frits Hansen. Her kom brørne Skard Johannes Skard, som har skrive so mykje om Sætisdalen, og Matias Skard. her kom Stefan Frich og skipa, ein friskule for born. Ingvar Bøhn flutte hertil med tvo syst-re. Sogeforteljar Olav Aaxmundstad (fraa Kvikne i N. Fron) var her og ei tid og heldt skule for barna aat Bruun og Janson. Det gjekk ord om ..Gaus-dølerné" utover det heile land.*) At dei tok so sterk del i den politiske strid gjorde sjølvsagt og mykje til dette. Der vart halde politiske folkemøte og folkemøte til ordskifte om skulespursmaal og religiøse emne.

Folkemøta paa Veslebarna r i denne tid var vidgjetne.

Bruun heldt i desse aara mange foredrag utanfor Gausdal og Veslehamar. Først og fremst maa her nemnast dei foredrag han heldt i Kristiania i studentsam fondet 1870. — Han talte m. a. her om folkehøgskulen, maalsaka og Jaabæks politik. — „Jaabæks bondeventanker, folkehøiskoletanken og maalt anken er tre traade, som skal tvindes sammen til ön, og da skal den nok holde," sa han.

*) Morgenbladet" skreiv i 1878 ni. a. dette: „Ved profntskolen i Gausdal, livor Vis-Knud i sia tid var deil eneste sandsiger, er der nu en iii'1 Hok at sture og smaa profeter. De fire stor«: Bjørnson den største af dem alle, Chr. Bruun, Kr. Janson ojr Frits Hansen ere bekjendte uver dut hele land."

Den vissaste verja mot »andeleg og borgarleg trældom saag ban i ei god folkeoplysning.

Samstundes med at Bruun i „Folkelige Grundtanker" la fram folkehøgskulens program, kom lian med sterke angrip paa embætsstanden og heile det gamle system, som hadde vore med aa skape dei tilstand, som daa var. Skulde det verte ei betring, maatte skuleskipnaden verte ein annan. Skulen skulde byggjast paa det gamle og nynorske aandsliv i staden for paa latin og tysk. Bonden og landsfolket i det heile maatte faa ei større og betre oplysning, skulde dei kunne bruke den magt. grunnlova av 1814 hadde gjeve dei.

„Vort Em beds verk," skreiv ban. „er endnu i sine Grundtræk det samme som det var i Enevældets Dage. Det er ikke at vente at et saadant Embedsværk kan passe for et Folk, soiti skal kaldes frit. Embedsmanden staar der den

Dag idag som en fremmed inden det Kolk, ban skal være Leder for. Han kommer — maa ved ikke hvorfra. Han gaar — man ved ikke hvorhen. Hans Hus, hans Levesæt, ja ligetil hans Tungemaal er dem fremmed. For den störste Del af Almuen staar han næsten som et Væsen af en høiere Art, — — ----

Der inde 1 Embedsmandens lukkede Verden, som omgives af denne gaadefulde (tians, der ved den menige norske Bonde det er, at Tænkningen og Dannelsen og Skjfinheden og alle Livets boiere Magter harer hjemme. Der er det derför ogsaa, ar alle større og vigtigere Spørgsmaal skal afgjøres, ogsaa de som vedrører Bondens eget Liv. Han føier selv sin Udygtighed; han skyder villig det hele ind under den indsigtsfuldes, den høitstii-ledes, den lykkeliges Dom, Han overlader ham flen Ting at tænke for sig." („Folkelige Grundtanker" side 181).

Paa den eine sida stod pietistane og stengde for alt aandelegt frisyn, og dei som ikkje var merl i lesarflokken, laag for det meste under i strævet for maten. Og dei som først og sist skulde vere aandelege bodberarar i det religiøse, var det ikkje stort tak i.

„Det er en ligefrem Ynk at høre paa de allerfleste af vore Præster." skriv han vidare i „Folkelige Grundtanker".

„Månge af dem kan tillade sig Ting, som overgaar enhver Beskrivelse. Thi saa slet, som det gaar an at tale i en Kirke.X orge.

gaar det lettelig ikke an at tale noget andet Sted i Verden. Paa de aller fleste Tilhørere øver de aldeles naturligt en skrækkelig søvndyssende Virkning. Og for en vaagen eg seende Månd er det en Sjæls lidelse at skulde søge sin Næring ud af en slig Strøm af Snak. O et er som skulde en være nødt til at tylle i sig Skaaler af lunkent Vand. Og selv om ei» Prest, af dem som kaldes vakte, giver det en Tilsætning af skarpt, eller om han giver det en Tilsætning af sødt —- det lunkne Vand kan endda saa godt vedblive at være Hovedsagen."

Mange av dei andre, som skalde vere aaandelege føregangsmenn. var. etter Bruuns meining, paa lag av same slag.

„Her er fuldt op af dem som har sin Gjerning i Statens, Skolens og Kirkens Tjeneste, og som her taat Prosaens og Aands-forladthedens Stempel paa sit Arbeide, paa sin Tankegang og paa alt sit Liv. Derför er her saa lidet af Aandens Liv iblandt os. Derför kan Aandløs beden gjøre sig saa bred baade i de dannedes og udannedes Tankegang. Derfor er det saa tungt at drage Pusten for den. som elsker Aand over alt andet i Livet."

Xorge hadde faatt fleire stormenn, men dei fleste av det aa lm onne folk stod utanfor det desse arbeidde med. Bette maatte verte onnorleis.

„Vi skal faa et Folk, som forstaar at følge de store ikend, det har kunnet fostre. —- — —- Skal der bh noget al' en Gjenfødelse i vore Fædres Aand, saa er det sikkert, at vore Bønder maa have en fremragende Del i den. Frigjørelsen i 1814 sætter ore Bønder store Opgaver og stiller sterke Krav til dem,"

Programmet for folkehøgskulen kjem Bruuii med i desse setningar:

„Folkehøiskolen vil lære norske Bønder at elske sit Fædreland og sine store Fædres Minde. Den vil hjælpe dem til at sætte Pris paa den ægte Digtning, saa de ved at foretrække f. Eks. Bjørnsons Fortællinger for de skarve Romaner, som nu gaar mest udover Bygderne. Den vil aabne deres Øre for Modersmaalet s Klang og vænne dem af med Knot. Den vil faa dem til at føie, at det er bedre at134

gifte sig af Kjærlighed end for Penger. Den vil lære dem at skatte Frihedens Værd og at elske Oplysningen, ikke for dens udvortes Nyttigheds Skyld, men for dens egen. Den vil hjælpe dem til at tænke selv over de aandelige Spørgsmaal, i Stedet for at ta sine Meninger paa Borg hos en Embedsmand eller et Blad. Den vil vække de aandelige Kræfter i vort Bondefolk til Virksomhed. Og dette kan den ikke opnaa alene ved at udbrede en Del Kundskaber. Men den kan gjøre det ved Aandens (Begeistringens) levende Tiltale. — Men det er ingenlunde Bønderne alene, det folkelige Arbeide sigter paa. Det er hele det norske Folk. — Vi haaber paa. at der skal

komme en ædlere og dygtigere Slægt end den, som lever i Dag. En i Sandhed folkelig Dannelse. ei) h/slori,sk poetisk Skole, hvor Maadersmaalet i alle Maader er Hovedsproget er det, som skal til for at udjevne Kløften (millom lærde og ulærde og millom mann og kvinne). Den vil hjælpe Mændenes Aandsliv til ikke i indbildt Overlegenhed at vende Kvinderne Ryggen, men til at gaa. riem imøde, som Broder mødes med Søster. Og det er den samme Slags Skole, som Kvinderne trænger til, om de skal faa det Høisind. som giver dem lyst til at dele Mændenes Aandsliv.u

Men dette kunde ikkje skje, for Norge fekk ein annan og betre kristendom enn den, som vart forkynnt av dei pietistiske prestar i 70 aara.

Det i! flagar lange høgskulemøtet i april 1872 i festsalen paa universitetet synte kor sterk striden no var vorten millom det. nye og garni«. Saman med Schrøder. Bruun, Arvesen og dei andre høgskulefolk stod Bjørnson som ein av hovudtalarane. „Da ban stod paa katedret, rystede det, saa voldsomt talte han," fortalde Ludvig Schrøder.

Vonheim folkehøgskule var vei nærast tenkt, for folket i Gudbrandsdalen. Men skulen kom til aa femne vidare, utover heile landet. Mange danskar og svenskar kom det og om sumrane til dei lær ark ursus, som var der mest kvartX orge.

aar fraa 1885, og til skulen vart nedlagd. Ved Vonheim var det ikkje som ved dei fleste andre høgskular i den tid. at det berre vai' styraren, som hadde eit landskjennt namn. Lærarane paa Vonheim var landskjende menn alle.

Samarbeidet millom Vonheim og Bjørnson varde ikkje so lenge. Religiøse spursmaal kom til aa stengje millom dei, seinare kom dei politiske til og. Bjørnson har i eit brev til den danske provst Henry Lar sert*') fortalt om dette:

„Christopher Bruun læste en søndags-kvæll op Kædmons-k v ædet. som jeg kjænte og ælsket fra mānge Sr tilbake.

Søndags-kvællen efter fortalte han os, at mange, liadde tat forargelse av, at, Eva fik synsfo ria deise. Bruun gav disse halvt medhold.

Næste s øn dags-k v æll fortalte han atter, at de samme var ikke tilfredse med hans forklaring fra sist og nu gav han ænnu mere efter.

Dette oprørte ini g. En gud, som krævet evig straf, var naturligvis ikke engang säpas som et retskaffent mænneske.

SH brāt min tvil op om helvedet, i det hele. Det ændte med. at jeg i den forestilling gjænfant gamle grusomme hævn-tanker, uværdige moderne mænneskers tænkesæt i det hele.

Dette var første steg paa en vei, som førte længer frem— til menneskeværdighed og godhed, til slægtslovene og moralen som deres litt ryk. De ser. at Kædmons herlige kvæde deri ingen del har. I alle fall ingen ånnen æn å ä pen hare for mig dogmelærens dype brøst og følgerne av disse i vort sjæleliv.1'

Til dette svarar Chr. Bruun (i brev til forf. av "7; 1910): „Som jeg sidst sagde Dem. gjennemgik jeg i hin Tid om Søndagseftermiddågene paa Vonheim den anden Trosartikel. Da jeg talte om Nedfarten, læste jeg op Kædmons Digt. Det. blev af somme opfattet derhen, at jeg sluttede mig til Læren om alle Menneskers endelige Frelse. Saa sagde jeg da den følgende Gang, at jeg aldeles ikke hyldede denne Lære. men at jeg — i Lighed med Professor Gisle Johnson og andre, der holdtes for

*) Brevet CI- datera A ide stad >/7 1899 og staar i Henry Larsens bok Krist og Satan (Kjøbenhavn 1903). Denne bok gjev ei lang ut-Kroidiog om den angelsaksiske diktar Kædmoii (dtrd ikring aar 700) og; Grundtvigs omsetjing eller oittdikting av Kædmonskvadet som er opt«ke i üeire høgäkulesongbøker: „I kveld Ille v der ban ket paa helvedes port."

rettroende Lærere — var overtydet om at ikke alle Hedninger gik fortabt. Naar B. IL siger, at jeg tredie Gang „gav endnu mere efter", har jeg rimeligvis da sagt, at den Adgang til Frelse som jeg forrige Q ang havde tait om, alane skulde gjælde dem som ikke i levende Live havde Faat Evangeliets Tilbud. Dette mindes jeg ikke selv; men efter B. B.s Ord maa det rimeligvis have gaat saa til. Men hvad jeg med fuld Sikkerhed bugser, er det, at jeg den næste og afgjorende Gang talte om Christi Gjenkornst til Dom. Jeg læste da op hans egne Ord herom i Matthæus 25. For ikke ait for meget at opirre ii.. talte jeg saa kort som mulig om detn „paa den venstre Side". Men Slutningen af mit Foredrag lød ordlydende saa,: „Og de skal gaa hen disse til deu evige Pine, men de retfærdige til det, evige Liv — den evige Fine, det evige Liv."

Da blev B. R. rasende.

Han har for øvrigt til mig om de evige Straffe udtalt: „Jeg har aldrig trod paa dem. du." Og jeg tror sikkert at mindes, at han tilføiede: „Far heller ikke." Men Udtalelsen om lian selv er ordlydende; det er jeg vis paa. Saa det er ikke Uenigheden med mig, som har faat ham til at opgive denne Lære. Men vei har den Harme, som vor Strid vakte hos ham, bragt ham til at gaa videre og videre i sin Opgivelse, B.s Ord om, at jeg „gav efter" kunde jo lettelig opfattes derhen, at der var kommet et Paatryk udenfra (fra Pietister t. Eks.) som jeg gav efter for.

Det. var ikke Tilfældet. Hvad jeg udtalte i disse Foredrag, var ikke andet end det som allerede Aar tilbage havde været min Opfatning. Noget af det förste af Theologi, som jeg i min Ungdom forsøgte paa, var at faa de evige Straffe fortolket ud af Bibelen. Det vilde ikke lykkes for mig. Ordene blev mig for stærke, som Luther siger. Og naar jeg troede at Christus virkelig skal komme igjen og dømme levende og dede og mig selv med, saa kimde jeg ikke mene, at j e g ved liedre hvordan hans Dom vil falde, end han seir vidste det."

j'r.i K ti ri Bruun.Vonheim folkehøgskule (Lverurkiirsut 1N9SJ.13S

Fö Ikchwjxkiüe».

Kristofer Janson skilde ogso snart lag. Han slutta paa, Vonheim i 1878 og var seinare i månge aar unitar-prest i Amerika.

Ingvar Bøhn (f. 1838), som heldt folkehøgskule i Ullensaker i 1869—72. var lærar paa Vonheim i månge aar, dei siste aara styrar av skulen. Matias Skard styrde og skulen i fleire aar.

Matias Skard er fødd paa garden Skard i Øier i Gudbrandsdalen. Det var mange sysken heime paa Skard, mil-lom desse Kari Skard, som vart gift. med Chr. Bruun. Skald vart student fraa Vesle hamar latinskule 1868. tok andreeksamen 1870.— H an var lærar paa fleire skular tii ban han hausten 187.1 vart lærar paa Vonheim. Seinare var han saman med Lars Bentsen og Kuløy i Trønde-lagen og kom so attende til Vonheim og var fraa. 1884 styrar saman med Bruun. Han var seinare lærar ved Levanger lærarskule, til han i 1 i JO 1 vart utnemd til skule-direktør i Kristiansands stift. -— Alle Vonheims-læ rara ne tok mykje del

Matias Skard.

i

Vonheim f olkehøjaku le.X orge.

139

i deri politiske strid. Og som sakerne stod den tid maatte det gaa ut over skulen. Men det var ikkje ben-e dette, som gjorde, at skulen til sist laut stengjast. I 1890-aara gjekk det ei underleg a andel eg flage over landet. 1 det liter ære fekk det utslag i dekadenten, og deil fekk meir eller minder direkte innverknad paa landsungdomen.

Det var i denne tid og under innverknad av dette, saman med den motbør, som amtsskulen og amtsskulefolk reiste, at Sagatun. Vonheim og fleire laut slutte. Bruun vart prest i Kristiania 1893. Bøhn heldt skulen gaaande til 1896; daa slutta han med. Han vart seinare sokneprest i Vestnes i Romsdalen, søkte avskil i 1 iK)S og bur no paa Veslehamar.

Omkring 1100 elevar har gaatt paa Vonheim. Mange av desse bar seinare vore millom dei fremste kvar i sine

bygder.

Telemarks folkehøgskule.

Mange av dei som seinare vart førarar i det offentlege liv. var i 70-aara med i den aandsstramn, som hadde sit utspring fraa Grundtvig. Ein liten flokk a,v desse, sume med paa verknad fraa. heimen, andre paa verk a av kameratar i hovudstaden, skipa eit lag .Torsd ags f o ren in gen u. Dei kom saman om torsdagskveldane og tala öm kyrkjelege, folkelege og politiske spursma.al, eller dei las og song. Her møttest menn som Viggo Ullmann, Vilhelm Wexelsen, Peder Odland, Adolf Arctander, V Uh. Poulsen, Oiar Rost o. fl., som seinare värr med i vaart aandelege rudnings- og bygningsarbeid.

Millom desse er utan tvil Viggo Ullmann den, som har sett dei djupaste merke etter seg, og som saman med Anker, Arvesen og Bruun har lagt grunnen til den norske folkehøgskulen.FolkeJwgtkulen

Viggo Ullmnan er fødd i Kristiania 21do december i det urolege aar 1818. Han høyrde til ei kjend og gaaverik K rist i an i a-ætt. Far hans, Jørgen Axel Ullmann, var depar-tementsembætsinann, fullrnegtig i revi sjon s avdelinga; han døydde i 1862. Mor hans er Vilhelmine Dunker, ei syster til den kjende Kristian i a-advokat Bernhard Dunker. Han

var i 30—40 aara med i den flokken som var W 'ert/fia n. d.s motstanda-ra.r: P. A. Munch, Fre-drik Stang, Schweigaard o. fl. med diktaren Welhaven til sjølvskriven høvding. Ullmanns bestemor er Rern-hardine Dunker, ei syster ti i p rof ess or IIan steet r. — Viggo Ullmann høyrer soleis til ei konservativ ætt. og ban skulde og i fraa det første vere konservativ og sjaa paa alt nytt og uprøvt med mistru. Han vart student 1866 fraa Kristiania katedralskule. der han m. a, hadde havt. Knud Knudsen til lærar.

Dei store hendingar ute i Europa kring 1870: Krigen millom Tyskland og Frankrig, Tysklands samling, oprøret i Paris, alt dette gjorde sterkt inntrykk paa studentane og ikkje minst paa Ullmann.

1 siste halvdel av 60-aara hadde Bjørnson bore dei nye tankane fram serleg i „Norsk Folkeblad". Det var i denne

Viggo Ullmann.X orge.

tid han var mest teken av Grundtvigs idear. Miliom studentane stod i denne tid ein sterk strid, som naadde toppunktet i det møtet, der Bjørnson vart väld til formann i samfundet IS70.

Dei nasjonale sporsmaal tok til aa kome op for aal vor. Dei foredrag Bruun heldt vaaren 1870 høyrde og Ullmann, og han kom ved alt dette merl i den flokken av unge menn, som seinare fekk so sterk innverknad paa landsungdomen.

Han tok filologisk ein bæ t sek samen i 1872 og var deretter eit aar i Danmark (paa Askov. Testrup og Vallekilde : og vart der kjend med dei. fremste høgskulemenn, T oktober 1873 begynde han med ein høgskule i austre Moland i Nedenes saman med kand. teol. Joh. Lange. Det var Ivar Fløi s tad (seinare stortingsmann), som fekk honom til aa kome dit. I 1875 vart, skulen flutt til Landvik ved Grimstad. og det vart bygt hus paa „Vigmarken" (opkalla etter Ole Vig). Det synte seg snart, at det ikkje var so godt aa faa skulen til aa gaa hei1, og han flutte so op i fjellbygda til Seljord i Telemark, der skulen voks seg fram til ein av dei største i landet.

Den som først begynde skule her var O. Arvesen. Som før nemt var det eit, lite bel. Sagatun laag nede. Arvesen reiste daa ut og tala høgskulen si sak i andre bygder, ni. a, var han ein av hovudtalarane paa Vigmarken sumaren 1878. Det var her eit langt møte daa, som varde ei heil vike med foredrag og ordskifte om ymse spursmaaL Hausten sa,me aaret reiste Arvesen til Seljord og heldt folkehøgskule paa, Bjørge vinteren 78—79. Til medlærar hadde han Oddmund Vik. — Det gjekk, eit heilt ver over Seljordsbygda. den vinteren. — Telane er stemningsfolk med sterk sans for kunst og poesi, lette aa faa med seg, men verre aa halde fast. — Slik som desse høgskulekarane tala, hadde dei ikkje høyrt eller drøymt om. Folk kom langveges fraa for aa høyre. Paa skulen var 70—80 elevar. Med presten der var det, og svært gromt i den første tid. Arvesen tala i142

kyrkja kvar sundag det ikkje var messe, for överfyllt hus, og han tala, med folk, kor han raaka dei. Han tok telane med storm. Det var Arvesen først og Arvesen sist. Men ut paa vinteren braut det laus ein strid, som det vart skrive mykje om i blada, og som sel jordingane bar so mykje aa fortelje om den dag i dag. —

Det var sundag etter nya ar, Arvesen tala daa i kyrkja om t ni, von og kjærleik og nemde, at desse dygder hadde menneskja fraa skaparen, og at dei fanst hjaa kristne og heidningar. Det var kristendomen si crend til menneskja aa kome deira naturlege tru, von og kjærleik til møtes. Heidningane sine dygder var ikkje „glimrende laster", som Augustin hadde sagt. — l)et var altso Grundtvigs lære om Guds-bilætet, Arvesen her var inne paa.

Futen, ein bror til presten, var den dagen til stades i kyrkja og høyrde preika til Arvesen. Futen var ein streng pietist, som visst meinte det svært vei paa sin maate. Paa tingreiser samla han ofte om kveldane tingaalmugen og heldt opbyggjingstaler for dei. Han fann ut, at det var ei faarleg lære denne Arvesen kom med. Den vilde „svække menneskets syndeskyld". Det same fann presten og, og ban skreiv daa, til Arvesen, at han ikkje oftare fekk tale i kyrkja. Fretnaden om, at Arvesen var ranglærar og ein faarleg kar. gjekk vidan om og sette støkk i folk, mest i dei som budde leugst avsides, og det vart mykje snakk ora dette. Gale var det, at, ban ikkje hadde rette trua; men det var ikkje stort betre, at han talde folk til aa lese Bjørnsons skrifter, og n.t ban let Ullmann tale for elevane.

Cl lm ann kom nemleg til Seljord t jula, og Jör und Telnes in, fl. fekk honom daa til aa love aa kome til Seljord med skulen sin. Arvesen reiste attende til Sagatun, og Ullmann flutte op til Seljord i januar 1880.

Den første vinteren var skulen paa Bjørge. Kvar onsdag ettermiddag heldt, han religiøse foredrag for bygdefolket. Han gjekk igjenom Matthæus evangelium og tala omA7orge.

Jesu liv. Det var fullt hus til kvart foredrag. Men skuleu sit forhold til presten vart enda a verre no enn daa Arvesen var der. Presten gjekk forskræmd omkring og aatvara alle han trefte mot aa høyre paa Ullmann, som han meinte maatte vere „Antikrists forløber".*) Han var jamvel rædd aa møte Ullmann paa vegen. Ringong ban skulde gaa heim fraa k lok karstova, vart ban var Ullmann kom ga aande bortover vegen. -Huff," sa kan. „der kommer Ullmann! Jeg vil staa her til ban er gaaet forbi." og so smatt presten attom stabburet til klokkaren og gøymde seg. —

I dei første aara maatte I. Ilm ann reise fraa bygd til bygd med skulen; ban var ei tid paa Bjorge. so paa Groven i Vinje, deri fraa, til Fal kum i G-jerpen. Men vinteren 1883 — 84 vart det, skipa eit lutlag, som kjøpte Utgarden i Seljord for kr. 16000, og skulen vart fast der. Det var mange i Telemarksbygdene som var med og hjelpte til aa faa dette i stand, soleis telemarksd iktar en Jørund Telnes, Olav Svein sort og Tarje Lindstøl. Mon den som ut gjenom aara seinare var den beste hjelpesmann i alle slike praktiske ting var den trufaste høgsku leven en Kristian Torp Hansen, no bokhandlar i Kviteseid. —

I 1882 fekk skulen etter ein heil strid i amtstinget tilskot av amtet og dermed ogso av staten etter den ordning, som var skipa ved eit stortingsvedtak i 1875. Men her synte det seg og, kor vanskelege kaar høgskulane var komne i ved det som vart fastslege det aar. Fraa 87 til 91 vart skulen negta tilskot. Det var eit anna og myrkare livssyn enn Viggo Ullmanns, som daa raadde i Bratsberg amtsting. Sid a, n 1891 har skulen havt sine faste a årlege tilskot. - Fraa 1880 vai' det ved høgskulen i månge aar kurser for lærarar i folkeskulen; fraa, 1888 lærarskule. Den vert lagd ned. daa Ullmann slutta.

Ullmann var den første som tok til med samskule for

Eg it.ii' orda fraa ein munn i Seljord, som ajf}iv hfjyrde dei.144

gutar og gjent.fr; etter kvart er doi andre skular komne etter, so no er det samskule over rlet lieile.

Alle dei eldre høgskulemenn vart som for nemt mykje med i politiken. I "limann er den som der har gjort mest og naatt lengst. Daa det i 1880-aara bryggja op td den strid, som førde til rigsretten i 1884, og dei tok til med dei

store folkemøta, var Ullmann og Bjørnson dei, som var mest med. — Ullmann var og ..fødd talar", ein av dei faa, ein har rett til aa segja det om. Han kasta seg no inn i valstriden med heile sin styrke og heite hng. „Fortræffeligt, at leve i kamp, naar man har klør." har "Wergeland sagt. og Ullmann kunde sagt det same. At. han baade hadde klo

0 g nebb fekk motstandarane meir enn ein gong sanne. — Det var striden om „kongens absolute veto", som tok mest alle. baade gamle og unge. Mykje strid vakte og dei foredrag han heldt i Sverige, i Upsala og Stockholm. Han var paa vitjing hj aa. den kjende svenske høgsknlemann Teodor Holmberg paa Tärna (i Västmanland), og han nytta daa høvet til aa forklaare for svenskane, kva det var striden stod om i Norge.

I striden om riksretsdninen (lite mars 1884) hadde det svenske riksstyre synt, at det stod paa. same sida som det norske høgre.

Den svenske riksdag derimot heldt, seg utanfor striden

1 Norge og vart endaa klaarare over, at, det var det rette, etter at Ullmann hadde greidt ut om saka. Daa han 22de april hadde halde eit foredrag for ei stor forsamling i Stockholm. vart det halde ein fest. for honom, og her var med 120 svenske riksdagsmenn (dei fleste fraa „andra kameren"). Festen var for aa syne, at dei i denne sak stod paa same sida som Ullmann og det norske venstre, og det vart i talene imder festen sagt med klaare ord, at den norske forfatningsstrid var noko, som nordmennerne fekk greide sjølve, og som svenskane ingenting hadde med.

11886 vart Ullmann vahl til stortingsmann for Bratsberg amt og vart, attvald kvart aar til 11)00, daa sa han det ifra aX orge.

seg. Han var stortingspræsident i 3892—94 {sanian med Sivert Nielsen) og i 1898—1900 (saman med C. Berner) og det var sagt av mange gamle tingmenn, at dei. ikkje hadde havt gr g id are præsident sidan Johan Sverdrups stortingstid. I sine første storting s a ar var han medlem av kyrkjekomi-teen og fekk der høve til aa kome fram med sine syns-maatar paa. kyrkje- og skulestell. Mest aa segje i so maate fekk det, at lian vart med i den „Kgl. skolelovskommission" av 1884, som kom med framlegg til ei ny skulelov,

Ullmann var i det hede ein av dei fremste i dei Heste større saker, som i .denne tid var oppe: Fredssaka (han var Korges repræsentant paa dei interparlamentariske fredskonferansar i Rom 1891, i Bern 1892, i Haag 1894 og i Kristiania 1899), maalsaka (formånn i „Det norske samlaget" 1891—94) og i vinstrepolitiken (med i styret for „Norges venstreforening", — ei tid formann der og). Alt dette tok mykje tid bort fraa skulen. Naar den likevel gjekk so bra, som den gjorde, er det først og fremst henne aa takke, som i alt hans arbeid stod saman med honom, fru Vilhelmine Ullmann (f. E lik sen), og som i dei mange aa,r Ullmann var paa stortinget styrde huset heime paa Utgarden og var den, som garule og unge samla seg om. Den norske folkehøgskulen har mykje aa takke henne for. Ho har trufast stade ved Ullmanns side i alt hans arbeid, lys og mild, modig og g re id, I vonde og gode dagar.

Iia smils Stanrl: J-1 k t]iV'sVi: 1 ['i. 10

Vilhelm ine Ullmann.

Sumaren 1900 vart det halde eit stort liøgskulemøte ved Telemarks høgskule (det 5te nordiske liøgskuleinøtet). Ullmann heldt daa eit foredrag om „den norske hßiskoles historiske forudsætninger".

Han s eg jer der ni. a.:

„ Den norske høiskole peger i sine forudsætninger tilbage til begge de to hinanden saa. modsatte strømninger, som gaar gjennem vort aarhundredes aandsliv, ikke mindst her i Norden.

Deri ene er den, som fremfor noget andet vil søge at forlige de aandelige modsætninger, modsætningen mellem tro og viden, mellem religion og filosofi, mellem kristeligt og menneskeligt. Det er denne bestræbelse, som i

aarhundredets begyndelse kommer frem i Helgels filosofi. For Hegel bevæger verdensudviklingen sig frem gjennem modsætninger, Den ene modsætning fremkalder den anden, og opgaven er da at finde forligelsen mellem disse modsætninger, saa der fremkommer harmoni og enhed. — Ganske særskilt gjælder det at lindé denne harmoni i forholdet mellem kristendom og tænkning. — —--

I modsætning til denne bevægelse, livis maal er at bringe harmoni i livet, fremkommer da en anden strømning, som ud fra høist, forskjellige standpunkter hos de enkelte erklærer, at denne harmoni lader sig slet ikke frembringe. Man skal aldeles ikke forbinde kristendom og menneskelighed, de lader sig ikke bringe i harmoni; tvertimod er der mellem dem et. enten—eller. I sin navnkundigste skikkelse møder vi denne opfatning i Norden hos Søren Kierkegaard, for hvem det at være kristen i retning opad, er lige saa forskjelligt fra det at være menneske, som det at være menneske i retning nedad, or forskjelligt fra at være dyr.

Begge disse retninger, harmoniens og disharmoniens, kjender vi godt i Norge. Ikke mindst, har den sidste øvet sin indflydelse, paa den ene side ved umiddelbar indflydelse fra S. Kierkegaard, paa den anden side indirekte fra hamX orge.

147

gjennem Ibsens tidligere digtning, fornemmelig gjennem Brand, som ikke er andet end S, Kierkegaard sat paa vers.

Til de a åndsretninger, som ikke kan finde harmonien i tilværelsen, hører ogsaa pietismen og ikke mindst den, som fra 60-aarene af raadde her i Norge i hen ved en menneskealder, og som — omend ligeledes noget paavirket af S. Kierkegaard — dog egentlig skrev sig fra de theologiske professorer ved det norske universitet, som fra Tyskland havde faaet det meste af sit aandsindhold. Denne retning hos os var en af de besynderligste blandinger, man kunde tænke sig, af stram luthersk ortodoksi — umiddelbart udsprunget a.f det teologiske rædselsherredømme. som Hengstenberg samtidig udøvede i Tyskland - og af verdensflugt, skræk for alt menneskeligt; i sine sidste udslag gik den over i stram politisk og høikirkelig konservatisme; en af dens lederes, professor Johnsons, senere offentlige handlinger var under vetostriden at stille sig i spidsen for det opraab til kristendommens venner, hvori disse for Guds og kristendommens skyld anbefaledes at støtte kongens absolute veto.

Samtidig med alt dette bliver imidlertid Bjørnson den store t,aismand for det menneskeliges sag, idet ban i sin ungdomsdigt,ning paavirkes af og gaar ud fra Grundtvig. Ilos Grundtvig var det jo, at hin stræben efter livets harmoni, efter den fuldeste forligelse mellem kristentro og menneskelighed fandt løsningen paa gaaden og naaede sit maal. Og her har for os Bjørnsons digtning og virke fra tidligere dage været formidleren.

I alt dette jeg ovenfor har nævnt, har den norske høiskole sine historiske forudsætninger,u

Ullmann syner so vidare, at den norske folkehøgskule ber merke a,v b a ae desse aandsstramn ar. Vonheim sterkast merkt av Kierkegaard, Sagatun av Grundtvig. Mon sams for baae skular og for alle høgskular er arbeidet for, at det kristelege og menneskjelege kan gaa saman. „Det er den første eg fornemste forudsætning for, at den norske148

Folke hugs kulen.

ungdomsskole har kunnet virke, som den har gjort," segjer han vidare. „Og forsaavidt gaar den i Hugt med hele den bevægelse i vort aarhundrede, som har søgt at finde harmonien i livet og tilværelsen; men derfor lukker den ikke sine øren til for de dybe toner, som kommer fra den anden leir. og som styrker den i følelsen af, at livet er alvor og skal tages som alvor.

— ---Men foruden hvad der saaledes hænger sammen

med det, vi har lært af Grundtvig og af den danske høiskole, har den norske høiskole noget, som er eiendommeligt for den, nemlig den indflydelse, som den nationale reisning har havt. paa den. Vi har det saaledes, vi nordmænd, at vi lider, at vi har faaet saa meget, som ikke er vort eget, og det baade udadtil overfor vor

Kaar han kom i døri um morgonen, kunde me jamnast straks merka um det var noko i vegen, dersom det var noko aalvorlegt daa. Det laag daa gjerne ei sky yver andlitet hans, og det var ingen i klassa som hygde seg, um ein visste seg aldri so fri sjølv. For han kunde skjenna slik atX orge.

175

det. gjorde ilt, um aa tele er ilt. Men dette var ikkje oftare, enn at ein lett kunde lmgsa dei gongerne det. hende paa ein vinter. Elles va.r det allt id noko forunderleg godt, fint Og ljost som fylgde han, naar han kom inn i

skulen um morgonen. Ilan kunde den kunsten aa bera solskin inn i skulestova. Berre røysti hans var slik, at ein kunde verta i godlag naar han sa godmorgon."

Fraa 1878 styrde Dahl skulen og var heile tida den berande kraft der. Han livde ugift, men søster hans, frk. Mette Dahl, var med honom so han hadde ein heim likevel. Ho var med i arbeidet heilo tida. öfra arbeid, tid og pen;jar og har sin store del i, at Sogn dals s kulen vart til det han no er.

I 1885 vart det bygt nytt hus aat skulen. Det gamle var no for lite; sidan er det bygt, endaa meir. so trygdesummen for det heile no er omkring iü 000 hr. Alt dette er bygt for Dahl og frk. Dahl sine pengar, utan hjelp fraa nokon kant.

Straks etter ny aar 90 var det 25-a årsfest paa skulen. Denne festen var siste tørningen hans. Ban liadde lenge vore so sjuk. at doktoren trudde lian ikkje vilde klare dette. Men ban kom daa med.

— ,,Det gjekk ein sukk med døyvd graat, igjenom salen, daa han skulde stiga upp paa talarstolen; han kunde ikkje for vei klara det vesle stiget. Den tanke greip alle, at han hadde teke for hardt i. Det arbeidet som fall so lett, so

H. M. Dahl.176

lett, hadde teke 1'or hardt paa nerverne, lian lia,elde livt for fullt og heilt, med. Alle som var med paa festen, vil sik-kert minnast denne stundi som umissande. Dahl tala lett og ungdomsfriskt som fyiT. Og det kl aare djupe andlit med dei fine drag og flen kjende barnereine smil nm munnen var eit vitne nm, at det er noko som er enno betre enn ei god helsa — det nemleg at faa gjeva seg sjølv i yrke som ber rike frukter." (Jens Kvale i ,,N. høgs kuleblad"). — ,,Han var med paa festen og heldt fyredrag alle tri dagarne: Um samfundsskipnad hjaa dei gamle nordmenn, tun socialismen og um Bernhard av Clairvaux (Klærvaa). Han heldt eit Jint og stemningsfullt fyredrag um B. av C. Korleis lian

var tru mot sitt livsideal til sin døyande dag, gløymande seg sjølv, brennande av hug til aa gjere godt mot andre." (Andr. Vamraak i ..Den 17. mai").

Sidan den dag var han ikkje med i skule arbeidet,. Han var utsliten. Han hadde bygt seg eit hus nær skulen, og der budde han saman med søster si, til han døydde sumaren 1909.

Han heldt fast paa sine ungdoms ule al ar til det siste. Det synte seg og, daa, dei etter jordferda samlast paa Helg-heim og testamentet hans vart lese. Han hadde gjeve 10 000 kr. til hjelp for fatige elevar, som vilde gaa paa høgskulen i Sogndal, kr. 10000 til aa halde skulebygningane ved like med, til folk i Sogndalsbygda, som leid skade paa nokon

Frk, Mette Däld.X orge.

maatc kr. 10000, kr. 6000 til ein barneheim, 5000 kr. til sjukerøkt i Sogn, 2500 til fatige i Sogndal og 2 500 lii fatige i Lærdal; til sjømannsmissionen, Santalmissionen og det norske missionslaget kr. 1 000 kvar.

Hadde fleire rikmenn kunne bruka pengane sine paa same maaten som ff. M. I kihl, vilde hatet til rikdom og pengemagi vore mindre, folkelukka större og verda betre enn ho er.

Olav Hauge, som vart styrar etter Dahl, vart lærar ved skulen i 1893.

Olav Jenssøn Hauge er fødd i Lærdal 1ste novbr. 186-1. Han gjekk heime og arbeidde paa farsgarden, til han var 18 aar, hadde sterk lesehug, tenkte paa aa gaa lærarskulen og verte lærar, men hadde lita raad, so liau trodde ikkje det kunde verte noko av. 1 18-aarsalderen kom han so til Sogndals folkehøgskule, og der fekk han m. a, lese Bruuns ,,.Folkelige Grandtanker". Dette vart avgjerande for honom. Han vilde verte folke h øgskul elaerar. Baa.de Dahl og frk. Dahl var vortne glade i den emnerike guten, og Mette Dahl let honom so faa pengar til aa

studere for. Han vart teologisk kandidat 1892. — Han var no vorten som son i huset hj aa Dahls. — I studentdagane for han mykje omkring i Norge om sumrane. Dahl tykte det høyrde til. at folk, som las noko, og som skulde verte folkelærarar, skulde s jaa roed eigne auge so mykje som raad var av fedrelandet.

Daa ban var vorten teologisk kandidat, skulde lian ut og sjaa noko av Europa. I 1892 gjorde ban ei ferd til England, Tyskland og Frankrik, men var mest i Schweiü og Italia. Han bar og fleire gonger vore ved danske folkehøgskular, Hauge er ein fin, stillfarande mann, som fær mykje gjort med lite hraak, ein trufast arbeidar, som styrer skulen med fast og sikker hand.

Sidan Dahl kom til skulen har det altid vore minst 3 lærarar der. Av dei som har vore der. skal vi nemne:

Hersleb Sverdrup, no sokneprest i Haugesund, Eirik Bruhjéll, no prest i S lod ved Steinkjær, V. F l ug eim, no klokkar i Sogndal og Edvard. Sverdrup, som no er lærar paa den nye presteskulen i Kristiania („MenighedsfakultetetuI, Jens Kvate, som no er den eldste læraren der, er kjend politi kar og. Han eig og styrer vinstrebladet „Sogns Tidende1'.

Skulen har havt tilskot av amtet (og staten) fraa 1875, og det er fleire gonger auka. Amtstinget, har aldri, som fleire andre stader i landet, teke av tilskotet eller beint fram stroke det. Det har aldri vore søkt om tilskot eller paalegg, utan at amtet, har gjeve det. —

Skulen har havt jamn, god søknad heile tida. Det. er paalag 3500, som i alt har vore paa Sogndalsskulen, fraa han tok til og til no (09).

Mt

Det var omkring 1870 eit sterkt arbeid rundt om paa alle kantar i landet for folkehøgskulane. Omframe dei som er neinde, var der i denne tid ein heil del andre; men det var for det, meste spreidde tiltak, og månge av desse skular heldt ikkje lenge ut. —

I 1869 vart Ullensvang høgskule i Hardanger skipa av kand. teol. V. Poulsen og lærar J. Helleland; same aar sette Ingvar Bøhn i gang ein folkehøgskule paa G-islevoll i l, 11 ensaker (69—72). 1 1868 begynde kand. filos. Jens Rolvson einNorge.

folkehøgskule i Dale 1 Sannfjord (68—74), W aller t Ko nm v og Niels Juel opna ein høgskule paa Halsnøy i Sunnhordland (68—72); kand. teol. Sæmund Vik hadde folkehøgskule paa Nordmøre (69—72): Christen Brun (no bisp i Haman og Gustav Jensen hadde folkehøgskule i Skauger i Jarlsberg (1871—73) eg Olaus Thommesen (no styrar av „TidensTegn") og O. K. Ødegaard (seinare stortingsmann og lensmann) hadde høgskule i Valdres (1870 -71); kand. real. J. Hjelme-sæt hadde skule i Gloppa i Nordfjord (fraa 1875), N. J. Sørensen (statsrevisor no) begynde med ein høgskule i Akershus i 1873. og i 75 heldt, kand. teol. Kr. Olsen Nordlid (seinare prest i Seljord) folkehøgskule i Drangedal i Bratsberg. Kand. teol. Einar Skavlan (no stiftsprost i Trondheims stift) heldt folkehøgskule i Skodje paa Sunnmøre (1871—73). og kand. teol. O. Olafsen hadde folkehøgskule i Romsdalen.

Det laag i tida dette, at ein no laut slaa inn paa nye vegar i oplæringa, og at skular for landsungdomen var nødvendige. — Folkehøgskoletankane tok til aa faa magt. —

I Danmark var høgskulane no langt framme; motstandarane vedgjekk, a.t dei hadde fare gale. Etter krigen i 64 var det ingen mect ansvar, som vilde setje seg imot høgskulane. — I Sverige var fleire skular. I 1868 vart sett i gang dei 3 første (Hvilan, Lunnevad og Ønnestad) og fleire kom snart etter. Doi svenske bladmenn August Sohlman og Dr. Otto Ålund hadde gjenom „Aftonbladet" gjort svenskane kjende med høgskul er ør s la i Danmark, og Dr. Peter August Gödecke, som i 1869 og 71 reiste i Norge for aa gjere seg kjend med høgskule

arbeid et her, kom med i det praktiske arbeidet for svenske høgskular. Menn som Esaias Tegnér hadde vore med i denne rørsla saman med mange kjende danske diktarar, og her heime skreiv Bjørnson og Jonas Lie varme helsingsdikt til dei. som hadde teke arbeidet op. Bjørnson var millom hovudtalarane paa høg skolemata, soleis i 1872, som før nemt. Det, var i det heile eit so sterkt straumdrag, at dei styrande her180

heime, som heile tida hadde vore mot aLt dette nye, til slutt skyn a. at det gjekk ikkje an lenger berre aa staa knot straumen; det vilde berre demme op, so det til sist vilde bryte ig jenom likevel — og daa endaa verre. Det aa berre geipe til høgskulearbeidet og tale spottande om aa „høirie og løfte" gjorde ikkje stort,. Det var i alle fall noko, som dei unge ikkje let seg segje med.

Det var ikkje berre i det reint pædagogiske, høgskulane stod i strid med det gamle. — 1 det gudelege hadde dei prestane og ,,dei vakte1' mot seg og i politiken heile høyre. Det var vei ikkje minst det siste, som gjorde, at vi fekk ein ny skule som skulde kverke den frie høgskulen.

Det negative arbeid nvtta det ikkje lenger med og so maatte dei styrande gaa over og ta det meir positivt. Dei fekk ta tanken om skular for vaksen landsungdoin op og gjenomføre den paa si vis, etter sit pædagogiske syn og etter sine grunnsetningar.

Dei gjorde ikkje som i Danmark og Sverige: kom med hjelp og studnad til det, oplysnings arbeid, som var begyndt privat, og som so månge kjende skulemenn hadde öfra tid, arbeid og pengar paa og som dei første diktarar hadde sunge om, men paa den ma aten, at dei fekk offentlege skular i stand, som skulde nydeleg gje dei private.

Paa den ma at en var det amtsskulane kom i gang.

Regjeringa kom med forslag om desse skular bygt paa framlegg fraa skule direktørane. — Høgskulestriden vart no förd inn i stortinget. Kampen der i april 1875 var i grunnen eit framhald av striden paa høgskulemøtet i universitetets festsal i april 1872.

Framlegget gjekk ut paa, at amtsskulane skulde faa studnad „paa betingelse av

a) at skolens og undervisningens ordning og plan approberes af kongen eller deu, han dertil bemyndiger.

b) at skolen bestyres af en kommission bestaaende a,f skoledirektøren og saamange af amts form and sk abet i eller uden-Norge.

for dets midte udnævnte mæntl. aom det bestemmer, hvilken kommission tillige hur at indgive indstilling ved læreres ansættelse —, alt saaledes, at af bevilgni ags summen udredes det tredobbelte af, hvad amts formandskabet bidrager af amtskassen til fremme af saadan undervisning."

Etter lange forhandlingar vart dette forslag vedteke ined 58 mot 50 st. — Millom dei som vilde berge høgskulane og som stemde imot, var menn som Johan Sverdrup, Qvarn, Jaahæk, Sivert Nielsen, Baard Haugland, Larn Liestøl o. fl. Det er ikkje ofte staten paa slik maate har gripe inn for aa øydeleggje eit privat tiltak, som vei er. — Meininga med dette vedtaket var klaar nok: Dei private folkehøgskular skulde paa denne maaten tynast.

Folkehøgskulane maatte fraa no av til aa tinge med statsmagtene om korleis skolen skulde vere. Dei maatte søkje amt og ståt om tilskot til skulane, og dersom dei daa ikkje fekk dette, so vart dei ytre vilkaar so ulike, at det ikkje kunde vere tale om aa halde ein privat skule oppe.

1 1877 sende Chr. Bruun og Frits Hansen søknad om tilskot til Vonheim folkehøgskule. Dei sa, at dei ikkje før hadde søkt om noko og beller ikkje no vilde ha gjort det, „hvis der ikke ved statsmidler var blif oprettet en fast konkurrance med de frie folkehøiskoler, de saakaldte amts-skoler." — Denne søknad og ein strid millom skuledirektøren i Trondheims stift og høgskulestyrar L. M. Bentsen førde til, at det 1877 i stortinget vart ein debat, som varde i 3 dagar om høgskulane og amtsskulane.

Samanhengen med striden i Trøndelagen var denne:

1 1870 søkte Bentsen N. T. amtsting om eit tilskot til skulen sin og sende med ei utgreieling om skulen og ei plan. Amtstinget bevilga 100 spd. til skulen i von om at staten vilde gjeve det Sdubbelte. soleis som det no var fastslege for amtsskulane. Men for aa vere sikker vart det avgjort ved serskilt votering, at desse 100 spd. skulde Bentsen ha av amtskassa. anten sn staten gav noko eller ei.182

Fvlkch øffjku i" ii.

Ko var det utarbeidt planer for amtsskulane — dei var bygde paa det gamle skuleprineip — og skoledirektøren skreiv til Bentsen, at dersom ikkje folkebøgskulens plan vart brigda soleis, at ho vart lik plana for amtsskulane, kunde ikkje skulen verte godkjend, so den fekk statstilskot. I amtsskuleplana stod m. a,, at det skalde vere ein eksamen {„optagelsesprøve"), for elevane kunde kome inn paa skulen. Dette vart forresten seinare stroke. — I)et, vart sendt lange brev fram og attende millom Bentsen, skuledirektøren og amtsskulekommissionen om dette. — Bentsen svarte till slutt, at han ikkje kunde godkjenne amtsskuleplana for sin skule, og dermed vart statstilskotet negta. Dei brev som hadde gaatt millom Bentsen og skuledirektøren, vart sende til kyrkjedepartementet, som sende dei til stortinget; stortingsmann biskop Smitt kravde, at dei skulde verte trykte som stortingsdokument.

Bentsen møtte, same aar dette kom fram, som stortingsmann fraa X. T. amt. Daa søknaden fraa Bruun og Frits Hansen korn til stortinget, fekk han i stand eit forslag, som konkludera med:

„Til for tidén i virksomhed værende folkehøjskoler bevilges for budgetaaret 12800 kroner, som af regjeringen bliver efter derom indkomne andragender at utdele til bestyrerne: 0. Arvesen (Sagatun), Chr. Bruun (Vonheim), Jakob Sverdrup (Sogndal), H. K. Foosnæs (Beitstaden), O. K, Ku lay (Frosten eller Stjørdalen). I). Sa.ither (Bynæsset), Johs. Helleland (Ullensvang) og V. Ullmann (Landvig) med indtil 1600 kroner til hver, under betingelse af, at de fortsætter sin frie folkehoiskolevirksomhed med mindst en medlærer hver og indsender til kirkedepartementet beretning om skolens virksomhed."

Mil lom dei som tok seg av dette forslag, var Johan Sverdrup. Han synte her som i so mange andre saker, at han hadde større framsyn enn dei fleste andre. Forslaget vart ikkje vedteke; derimot vedtok stortinget etter framlegg fraa kyrkjekomiteen eit forslag om at folkehøgskulane skulde faa statstilskot, dersom amtstinget gav pengar til slike sku-]y orge. m

lar. Folkehøgskulane skulde staa noko friare enn amtsskulane, (Stortingets forhandlingar 1S77 s. 105—161). Dei skulde soleis sjølve faa velje lærarar. Men elles skulde dei „staa under samme tilsyn" som amtsskulane. — Men endaa kjende dei seg ikkje trygge for folkehøgskulane. Departementet stræva i mange aar med aa negte statstilskotet. — 1 st. prop. 2 for 1878 kjem det med ei lang utgreiding om skulane og segjer her m. a.:

„Departementet vilde derfor saafremt der kunde sees bort fra de sterke interesser, der knytter sig til denne nve institution, som er gjenstand for stortingets beslutning, ba ve iraraadet dens sanktion. Men da den i den kongelige proposition til amtsskoler og private folkehtiiskoler opførte sum ikke kan ansees bevilget uden paa de af stortinget satte betingelser for dens anvendelse, har man formentlig kun valget mellem enten at modtage bevilgningen med disse betingelser eller ved sanktionsnægteise at udsætte de allerede med statsbidrag oprettede skoler for at maatte gaa ind, om ogsaa kun for et aar. Det sidste vilde efterlade et saa stort og begrundet savn, at det efter departementets formening bor undgaaes, om dette end ikke kan ske uden med en forbigaaende afvigen fra de principer, som departementet i almindelighed maa fastholde som ufravigelige." —

Kvart aar like til og med 1S84 („rigsretsaaret") kom kyrkjedepartementet i sin prop. attende til folkehøgskulane med sine gamle „betingelser", men „betingelserne" vart kvart, aar strokne av stortinget og ombytte med dei reglar, som var vedtekne i 1877.

Etter dette vart. det: amtstinget i kvart amt, som hadde aa avgjere, om ein folkehøgskule skulde faa studnad av staten eller ei. Det vart derfor i amtsting og ikkje i stortinget sti'iden no for det meste vart førd. Kunde ein samle alle dei innlegg som fraa 1877 og utover vart førde fram muntleg og skriftleg for og imot dette nye, som

folkehøgskulen kom med. vilde det gjeve eit heilt, kulturbilæte fraa denne tid. —

For del første laag folkehøgskulane under i striden. Dei private skular skulde konkurrere med dei, som staten184

t'olke li øgä kitlen.

hadde f'aatt i stand, som hadde so god pengestudnad, og som var kjælebarna til sk ule di rektorane, prestane og alle, som heldt paa det gamle t skulestell, kyrkje] i v og samfunds skipnad. Det var i grunnen merkel egt, at det ikkje gjekk verre enn det gjorde. Lærarane ved folkehøgskulane var mest alle saman grundtvigian arar. vinstremenn og ma al stue v ar ar og stod i opposition til lieile det gamle styr og stell. Det var ikkje aa vente, at fleirtalet av ordførarane i kvart amt skulde sky ne alt dette, som dei no vart sette til aa døme i. At amtmann og skoledirektør var imot, gjorde og sit. Dei Heste ordførarar hadde vei havt lite høve til aa setje seg inn i. kva, det i grunnen var striden stod om. Dei skular som fekk tilskot, kom likevel til aa staa svært utrygge. Eit aar kunde skulen faa litt hjelp, det andre aaret ikkje.

Amtsskulane flutte i den første tid fraa bygd til bygd og tok op elevar like fraa konfirmasjonsalderen. Grundtvigs meining om, kva som var den verkelege ungdomstid — tida fraa 17- 18 aar og utover — det var noko, som amts-skuleus folk anten ikkje kjende til eller vilde bry seg om. Mange folkehøgskular vart ved dette nøydde til aa slaa, av: ta elevar yngre enn rett var. Paa den ma aten kom skulane til aa arbeide med for unge elevar. Det kunde ikkje bli retteleg ungdomsskular, men halve barneskular eller skular for ungdom i overgangsalderen. Til dette kom so politiken: Amtsskulane vart høgre skular, folkehøgskulane vin s tresk ul ar. Det beste tidsbilæte fær ein, naar ein ser litt paa kvar skule.

Ullensvangs folkehøgskule.

Den 17de mai 1869 var mange saman paa Lofthus i Hardanger til fest, og millom dei tvo gutar, som hadde vore paa Sagatun. Det vart daa mykje snakka om folkehøgskulane, og alle var samde om, at dei lånt freiste aa. faa einNorge.

slik skule i Ullensvang. Dei valde 3 mann, som skulde take seg av saka og sende straks eit stykke til „Dagbladet", og i det uttala dei ynskje om, at einkvan vilde melde seg som styrar av ein slik skule. Dei trudde den skulde faa god søknad, og pengehjelp kunde ein og vente fraa ymse kantar, millom anna av eit legat, som var etla til „Oplysningens fremme i prestegjeldet".

Teologisk kandidat Vilhelm Poulsen hadde lagt merke til dette og kom same sumaren til Hardanger før aa tale med folk om saka, og lian sa seg viljug til aa begynde med skulen hausten 1869. Men han maatte ha ein mann med seg. Mange i Ullensvang raad de honom til aa spørje Johannes Helleland, som daa, var lærar i Fjære i Nedenes. Helleland var vorten kjend med folkehøgskulen gjenom 0. Arvesen og L. M, Bentsen. I saman med den siste hadde han sumaren 1868 vore paa Askov i Danmark. Men ban va,aga ikkje aa ta arbeidet paa seg og sa, nei til tilbodet om aa verte lærar paa høgskulen hjaa Poulsen. Han var fatig og ban visste, at folkehøgskulen kunde ingen live av. Men daa det leid litt, lenger, fekk han brev fraa Poulsen om, at anten maatte ban vere med eller so vart det ingen skule av i Ullensvang. Dette kunde ban ikkje halde ut,, at lian skulde vere skuld i, at det ingen skule vart, og ban sa daa op lær arpö sten sin, og 4de november 1869 opna han og Poulsen folkehøgskulen i Ullensvang. Landhandlar Hans Ulne hadde lova fritt hus i 3 aar, og han heldt ord, end aa han var av dei som kom til aa mislike skulen. Det var vei med honom som so mange andre, dei sky na ikkje rett. kva folkehøgskulen var. at det var noko nytt, som no heldt paa aa kome inn i det, norske skulestellet. Dei samme klage-niaal sorn var førde fram mot andre høgskular, kom og mot Poulsens skule. Dei kunde ikkje faa i hovudet sit, at vaksne folk skulde gaa. paa skule, naar dei ikkje kunde „verta, noko1* med det. Naar ikkje skulen kunde opne vegen til ein „post -. so var han ikkje mykje verdt. Mange hadde ei kjensla av,186

f', ikt'hwjik ulen.

at det, var eit slag op rør dette aa stelle til ein skule med sjølvlaga plan, Titan tiltak eller sanktion fraa øvrigheita.

Den første vinteren var det 20 gutar paa skulen; men hausten 1870 var det berre 9 som melde seg. Poulsen gav

Op og reiste ved nya årstid, medan Helleland heldt fram med skulen den vinteren og dei komande 2 aar. Han hadde litt hjelp av 2 agronomar, men var elles aaleine. I 1874 kom kand. Ingvar Bøhn til skulen; han var der i 3 vintrar, til ban reiste til Bruuns skule i Gausdal.

I 1877 bygde Helleland hus til seg og huslyden og flutte skulen sin inn i eigne rom. Han maatte laane pengar, men vener hjelpte til og fekk m. a. skipa ei „højskoleforening". som skaut saman pengar til skulen. Av det legatet, som er nemt, fekk skulen ingenting. Gaavebrevet vart etter kloke folks raad omgjort soleis, at det aldri skulde kunne verte til hjelp for folkehøgskulen i Ullensvang korkje beint fram eller umveges.

Ved ny aar 1876 begynde den første amtsskulen i 8. B. amt. Den vart lagd til Utne i Ullensvang prestegjeld. Folkehøgskulen fekk no tunge dagar paa mange vis. Amtsskulen var komen i stand ved dei rette autoritetar, og der var mindre skulepengar. So var det, ikkje anna for: Helleland maatte som alle dei andre; gaa t,ü amtstinget med søknad om tilskot. Han sende søknad i 1877 og 78, men fekk nei. Haard Haugland (seinare statsraad i Johan Sverdrups regjering — „den første bonde i kongens raad" —) var ein av dei faa som sky na, kva folkehøgskulen var og vilde. Han sette fram forslag i amtstinget om eit lite tilskot, men fekk berre nokre faa med seg. I 1879 søkte ikkje Helleland, men i 1880 sende ban søknad igjen. Fleirtalet i skulekomi-teen ra adde til aa segje nei. men mindretalet (Baard Haugland og Olav Brekke) raadde til aa yte kr. 400 (altso kr. 1600 med amts- og statstilskot). Om dette vart det i amtstinget ein kvass strid, som slutta med, at eit forslag om til-Norge.

sköt paa kr. 400 paa ein lieil del ..betingelser" vart vedteke med 19 mot 13 st.

Skulen hadde no tilskot i mange aar utover, sume aar større, andre mindre. Merkel egt er det, at i 1881 — „rigs-re t saaret" — steig tilskotet til kr. 600 (2400 i alt), utan at styraren for skulen søkte om det. Men i 1890 vart det nedsett til det halve. — Amtsskulane hadde sjølvsagt sit faste til skot under alt dette. Skulen gjekk til 1898, daa Helleland fann, at han ikkje lenger kunde lialde det gaaande.

Som medlærarar har Helleland omframt Bøhn havt: A. Af. St. Arctander 77—80, redaktør Nils Skaar 77—85. Lars AanekaJ 80—82. Andreas Austlid 82—98. Teodor Ystad 86—90, Torgils Bu 90— 98 og doktor Garmann Andersen 84—98.

Meldingane fraa Ullensvangs folkehøgskule viser, at skulen ialt har havt 675 elevar, 445 gutar og 230 gjenter. 1 dei fleste aar var det skule for gutar om vinteren og for gjenter om vaaren og fram til jonsok. Nokre aar var det skule for berre gjenter om vinteren og. I det heile var der:

16 vintrar kurser for gutar 4 — „ gjenter

10 vaarkurser for gjenter 8 fælleskurser.

Det høgste elevtal var 37, det minste 5. — Ved skulen vart det halde 5 lærarkurser: i 1886. 87, 88, 93 og 95.

Sidan Helleland slutta med skiden, har han vore kasserar i Ullensvangs sparebank.

$

£ £

Det var fleire andre stader paa Vestlandet, at unge menn bar folkehøgskoletanken fram i 70-aara.

1 Dale i Sunnfjord heldt kand. fil. Jens Rolv son folkehøgskule i 7 aar (1868— 74). Det var ikkje mange, som søkte skulen i dei aar han arbeidde med den, det var fraa 4 og op til 10 kvart aar. Det jamne vai' omkring 7, men arbeidet hans sette ldievel merke etter seg, Mdlom dei som var til studnad for honom, var frk. Kikka 1 one}t. somFoIkehøgsJculen.

seinare liar halde ein godt kjend gjenteskule i Sunnfjord. Rolvson lie Kl r månge foredrag utanom skulen, mest i „bondeven foreningen1', Søren Jaabæk badde vakt rørsle ogsaa i denne bygd, og med dette kom noko nytt med. Oplysningsarbejdet og det nationale kom meir i forgrunnen. Jens Rolvson var og den, som først fekk til

lTdemaifestar i bygdene der. Men ban fekk ikkje lenge halde fram med vek-kjings arbeidet sit. — Han vart sjuk og døydde i Bergen sumaren 1876 omkring 35 aar gamall.—

I Nordfjord sette kand. real. Jacob Hjelmesæt i gang ein skule „for konfirmerte gutter" paa garden Apalsæt i Gloppa hausten 1875 med omkring 30 elevar. Det var mange som i den tid sette store voner til Hjelmesæt; han var sterkt paa tale som stortingsmann, men vart berre varamann. Ein av dei som fann ban var vei ung som tingmann, var seinare statsminister Blehr, som den tid var konst, skrivar i Nordfjord. — So kom amtsskulen til Gloppen, og Hjelmesæt flutte med skulen sin til Bjørnereim paa Breim hausten 1876. Han var daa aaleine om skulen; over jul vart det so månge, at ban tenkte paa aa faa seg ein medlærar, men so vart han hardt sjuk av lungebetændelse og døydde same aar.

Alvheim folkehøgskule

vart opna i mai 1878 paa garden Besseberg i Ingedal, anneks til Skjeberg. Styraren var N. J. Sørensen, som alt daa hadde vore med i høgskulearbeidet t fleire aar og i skrift og tale arbeidt for denne sak.

Nicolai Julius Sørensen er fødd paa garden Sarpebak-ken i Raade i Sm aal en a 14de sept. 1850. Far hans heitte Helge, bestefaren Søren, det er Helge og Søren fleire led attende til ein som heitte Tor, og som skal vere komen fraa Gudbrandsdalen — han selde garden sin i 1860 og flutte tilX orge.

Kristiania. Nicolai gjekk daa først i a al muge sku len til 1865, daa han kom inn paa Cl jert sen s skule, altso aaret etter at folkehøgskulen paa Sagatun var sett i gang. Den unge Sørensen hadde alt daa sett seg i hovudet, at han vilde verte lærar for vaksen ungdom. Han vart student i 1869 og tok snart til aa skrive i blada og halde foredrag. Vinteren 1871 —7*2 var hirn la-rar hj aa Ingvar Bøhn i Ullensaker og fekk om hausten 1873 saman med O. Five. („skyttargeneralen" seinare.i i stand ein folkehøgskule for Akershus og Sinaalena i Saaner, som næste aar vart flutt til Vestby. Millom dei som var med i denne tid, var Kristian Olsen Nordlid og Kristoffer Kristoffersen. Sörensen heldt no op med skule -arbeidet, ei tid for aa studere, ban tok juridisk eksamen, var ei tid paa Johan Sverdrups kontor, skreiv i ..Verdens Gang* om folkehøgskule n og tenkte heile tida paa aa korne attende til skulearbeidet, I 1877 styrde han „Oplandenes Avis", vart same aaret gift, med Birgitte Nyerup Weltzin (dotter avlen sm ånn W.i, og fekk so om vaaren 78 i stand Alvheim høgskule. Skulen vai' som før nemi først i Skjeberg, seinare paa garden Bøen i Enningdalen i Id, paa Foss i Askim og sist i Eidsberg, — Sørensen var styrar av skulen til 1884, Han hadde vore oppe i strid med baade store og smaa autoritetar, m. a. vore under tiltale for majestætsbrot for nokre artiklar om „kongedømme og republik", som førde til, at lian laut sitje 60 dage i borgararrest i raadhuset i Fredriksstad 15de aug. til 14de oktbr. 1881). Aaret etter vart han väld til stortingsmann for Sm a alen a og var paa stortinget til 1888. Fraa 1888 til 91 var ban bladmann, først i Kristiania, seinare i Skien, I 1892 vart ban väld til statsrevisor og bar vore det sidan. Ha.n har skrive mykje i blad og tidsskrift, i dei siste aar mest, om fredssak og avhaldssak, men ogsaa om mange andre emne — ofte under namnet Nils Bratt.

P. Velde vart, styrar av Alvheim høgskule, daa Sørensen slutta i 84. —

Peder Pedersen Velde er f ødt l i Vass i Ryfylke den öte mars 1856. tok lærareksamen paa Stord 18i i. var lærr i folkeskulen til , han i 1882 koin til Arvesen paa Sagatun. Han var lærar der til hausten 83, daa han kom til Alvheim høgskule og var styrar fraa ny aar 84 saman med Lasse Trædal, som kom i februar. Dei søkte og fekk amts- og statstilskot til skulen. Sumaren 1886 vart Velde lærar ved ein av amtsskulane i Smaalena og var der til vaaren 93, daa han kjøpte „Fredrikstad Dagblad", som han sidan har styrt. Trædal styrde so skulen til 1888. —

Lasse Trædal er fødd i Lavik i Sogn 22de december 1S57, tok lærareksamen [»aa Stord 1878 og tok straks tii med folkehøgskule hausten 79 i Urokke i Sogn og flutte om vaaren til Drangedal. —

Vinteren 1879—80 var han paa Askov, var deretter lærar i barneskulen og kom so til Alvheim og tok styret for skulen etter Velde, Han slutta med skulen i Smaalena i 1888. Seinare hadde ban folkehøgskule i Opdal (vinteren

88—-89) og i Ulvik i Hardanger, til han i 1891 maatte reise heim til Sogn og ta styret for farsgarden sin. Han har voro mykje med i politiken, var stortingsmann fraa N. B. amt. 1900—1903 og väld paa nytt i 1909. —

Folkehøgskulen i Buskerud.

(1884—1893-1909).

Paa Sagatun var det i 70-aara mange elevar fraa bygdene i Buskerud, kanskjo mest fraa Sandsvær, — Fleire av dei som seinare vart dei fremste i bygdene, er Sagatun-elevar. Millom desse var det ofte tale om, kva som kunde gjerast for aa faa ein folkehøgskule for Buskerud. No hadde dei amtsskular, som flutte omkring i amtet, og det var ofte tale om aa faa ein til Sandsvær og, men doi raad ande menn191

der hadde ikkje større hug paa det. Dei hadde sett seg det maal aa faa ein folkehøgskule, og om hausten 1884 vart ein opna paa garden Evju i Efteløt. Sandsvær. Eigaren av denne store og fagre garden, Johan Evju, som paa fleire maatar hadde vore ein god mann for oplysnings-arbcidet, gjorde og mest til, at skulen kom i stand. Styraren for skulen var Olav L. Kirkeberg. — Han er fødd i Bagn i Valdris og voks op i ein streng pietistisk heim. Han gjekk først paa Christopher Bruuns skule i Sell og kom seinare til Danmark. Han gjekk der paa den presteskulen som dei ei tid hadde paa Askov, jamsides med folkehøgskulen, til utdaning av prestar for skandinavar i Amerika. — Etter at, han paa Askov var utdana til frikyrkjeprest. vart han i 1874 send av „Udvalget for den dansk-aiuerikanske Mission* til Elk-Horn, Iowa og skulde vere prest for ny-byggjarane der. Han tok der til aa arbeide for aa faa ein folkehøgskule for dei danske. Dei gav fri grunn, samla inn pengar og 1ste novbr, stod den förste grundtvigske høg-skule i Amerika ferdig. Han var no baade prest og høgskul estyrar. Aaret etter begynde ban med eit vikeblad „Da,ne virke". Han gav bladet dette namn for aa syne, at det var danskane, dei som hadde sendt honom, han vilde arbeide for. Det var dei som totte, at lians norske hug var for sterk, og at det saa,g ut til, at han vilde gjere skulen sin til ein norsk høgskule, for di han hadde kalla den „Leif Eriksons Minde". — Men arbeidet med alt i dette nybygget var meir enn helsa kunde tole. Han maatte slutte og reise atteude til Danmark for aa kvile ut. — Han kom seg snart att- og tenkte no paa aa ta op arbeidet heinie i Norge, Han raadførde seg med fleire norske skulefolk om dette, og otter raad fraa 0. Arvesen begynde han i Sandsvær som før nemt. Til medlærar hadde han først Olav Santi r fraa Strinda), som før hadde vore lærar paa Vonheim eit aar. Men daa det leid ut i andre aaret, vart han laak og laut slutte. Han døydde ei tid etter av tæring. Lærar G. H. Borge fraa192
Folkekagskuleti,

Sandsvær kom i staden hans og var lærar resten av vinteren. Va ären 86 kom lngv. Sakshaug fraa Trø n del agen til skulen. Søknaden var goti. og amtstil skot fekk dei alt förste aaret, so alt saag bra ut no. Men det gjekk ber som i so mange andre bygder; amtsskulane, som hadde mykje større tilskot og ikkje trong aa ta noko større skulepengar, flutte fraa bygd til bygd og tok elevar alt fraa konfirmasjonsalderen.

Søknaden til høgskulen vart min tbe og skulda større for kvart aar. Høg-skulen maatte ut paa omgang soleis som amtsskulane, Dermed maatte tanken om aa faa ein heim gjevast op. Folk som paa ein maate er heimlause, vil sjeldan eller aldri kunne gjere so godt arbeid som dei elles kunde. Dette gjeld ikkje minst dei som skal arbeide i skulen. Det er mer kei egt kor lite dei, som h ar havtdet avgjera nde ord i spursinaalet om sku-Jar for vaksne, har havt syn for denne side av saka.

Kirkeberg flutte no med skulen først til Vestfossen paa Øvre Eker, der han var i 2 aar. og so til Solumsmoen i Sigdal. Her var ban til 1888. Daa saag ban. at det ikkje var raad lenger. Inntekta var for lita. han maatte slutte.

Han reiste til Amerika, att, var først prest for danskar i Chicago, i mange aar prest for norske i Urne i Wisconsin og flutte i 1908 til Kanada,

O, L, Kirkeherff.Norge.

193

Dei s om arbeidde saman med Kirke berg og som kjenner lionom best, er samde om, at det er ein uvanleg gaave-rik mann, og at det var som høgskul em ann ban var paa sin rette plass. —

Den danske forfattar Kristian Østergaard, som arbeidde saman med Kirkeberg i Amerika, har skrive om honom, at ban var „fantasirig som en digter, og naar han var i aande k im ele han male med ord og billeder og med stemmens klang, saa eleverne var belt henrevne." Dette stemmer med det som rn. a. A. B. Vamraak, Kirkebergs ettermann, skriv om honom. „Han hadde "uvanleg gode lærargaavor og var serleg framifraa som foredragshaldar, Hans tale var sterk og a åndfull — alltid boren av personleg overtyding, vekkjande og hugtakande. Han var ein egte høgskulemann, sterkt paaverka av Grundtvig,--Det var eit stort, tap for folkehøgskulen her i landet, at lian maatte slutta att. Han er visseleg ein'av dei gaaverikaste menn. som folkehøgskulen hev havt i si tenesta her i landet." —

Etter opmoding av Kirkeberg overtok A. Vamraak skulen hausten 1889. —

Andreas B. Vamraak er bondegut fraa Kyrkjebø i Sogn og vaksen op i ein pietistisk heim. Han gjekk paa, lærarskulen, var først lærar i Krødsherad, seinare amtsskulelærar. Daa han sumaren 1885 gjekk paa eit ker ark ursus paa Vonheim, vart han gripen av Brçuns tale so sterkt, at han fekk eit heilt nytt syn paa skule- og menneskjeliv. Han vart høgskulemann. Skolen var først 2 aar i Sigdal, so 2 aar paa Modum. — Medlærarar i denne tid var først Erling Sørbøen fraa Valdris, no overlærar i Drammen, seinare M. V ins vold og August Steinhamar.

Skulen vart nedlagd i 1893. Det var dels av den grann, at dei no i mange bygder var tekne til med framhaldsskular, som mange trudde kunde verte ungdomsskular, dels den at, han fann det raadlaust aa faa gjort noko munarlegt for ma al saka paa Austlandet i den tid. I so maate var det

Bassums Htillin: folkehøgskulen 13194

Falke hør/s k it len.

betre i Sogn. Og daa 110 Mökkarposten i heimbygda hans var ledig, søkte og fekk ban den. — Vamxaak har sidan vore klokkar 1 Kyrkjebø og vore mykje med i. det nationale rei-si ngs arbeid.

Det arbeid som var nedlagt for folkehøgskulen i Buskerud var ikkje faafengt. I 1909 gav amtstinget eit tilskot til ein folkehøgskule, større enn noko amtsting har gjeve første aaret til nokon høgskule hjaa os. — Styraren for den nye folkehøgskulen i Buskerud er Ola v Langeland. Han

vart fødd i Hægeland ved

Kristianssand 14de december 1866. Etter at ban hadde teke lærareksamen, var han

1 10 aar lærar i folkeskulen.

2 aar lærar ved middelskulen i Larvik og 8 aar ved ein av amtsskulane i Jarlsberg. Han gjenomgik 2 universitets-kurser for høgskul ei æ-rarar i Danmark (1906 og 1908). 11904 var han i England for aa setje seg inn i det engelske spraak og gjere seg kjend med ungdomsarbeidet der. Daa spursmaa-let om aa faa ein folkehøgskule i gang att i Buskerud, vende dei seg td Langeland om aa ta styret.

Millom dei som elles har nedlagt det trugnaste arbeid for folkehøgskulen her maa først nemnast klokkar og ordførar i Hol i Hallingdal Sigurd Reinthon. Han vari ungdomen mykje saman med ein mann, som i si tid var godt kjend i Hallingdal, Sander Raa, og som millom anna har samla mange segner fraa Hol og ikring 2000 ord, som Ivar

Olaf Langeland.Norge.

Aasen fekk, daa lian paa sine reiser korn til Hallingdal. Denne Sander Rno førde Rein thou inn i Jaabæk-rørsla, laante honom „Folketidende" og tok honom med i ..Bondevenforeningen". Noko anna som og sette varigt merke kjaa lieiu-thon var Vonlieimskulen. Han las eit stykke om Chr. Bruun {av Arne Garborg i „Fedraheimen"). Dette gjorde at han reiste til Vonheim, og det som ban ber fekk høy re, gjorde at hans eigen skule fraa den tid fekk eit pust fraa folkehøgskulen over seg. Vidare skal nemnast Severin Kvuale fraa Hardanger, som har faatt si meste

utdaning paa Askov og vore lærar ved fleire skular i Danmark og Norge. Ei tid var han lærar ved ein dansk folkehøgskule i Amerika. Han reiste kring i bygdene i Buskerud og heldt foredrag og tala med folk om høgskulen. Lærar og ordførar i Aal, Erling Bæklcestad, og formannen i amtsskule-styret, ordførar og kyrkjesongar i Sandsvær A. M. Omholt, no (1910) stortingsmann fraa Numedal, og skoledirektør i Kristiania stift./. A. Johnsen har og vore gode hjelpesmenn.

Folkehøgskulen i Jarlsberg.

(1884—1888).

Hausten 1884 vart det opna. ein folkehøgskule i Tjølling i Jarlsberg. S tyr ären var Oddmund Vik.

Oddmund Jakobson Vik er fødd 19de april 1858 i Vik-øyr i Hardanger, der faren hans var gardbrukar. — Etter konfirmasjonen kom ban først paa „Voss høiere almueskole", der em a v lær ar ane gj orde narr av har d an germaalet h an s. Han kom paa den maaten tidlegt i opposisjon til folk av den gamle skulen. 1875 -77 gjekk ban paa lærarskulen paa S Lörd og kom ber saman med gutar, som hadde gaatt paa dei nye folkehøgskulane i Sunnfjord og Hardanger. I denne tid vart han og kjend med bladmannen Olav Lofthus. Alt196

dette vende tankane mot høgskulen. Bøkerne aat Bjørnson og Janson i denne tid peika og i den leid. — Dei som var paa lærarskulane i den tid, og som kom med i dette nye straumdraget i vaart aandsliv, kom i opposisjon til dei raadende. Maalstræv, dei nye diktarar, politik, folkehøgskule, Wergelands-draumar lærarskulane i den tid saag ikkje gjerne, at elevane kom inn i alt dette.

Daa Vik var ferdig paa Stord i 1877. tok han straks til med skule for vaksen ungdom i heimbygda si. Men heil klaarheit over kva folkehøgskule var, fekk ban først daa han vart kjend med Ullmann og Arve-sen. Han var først lærar hjaa desse i Seljord, var med paa ei Danmarks-ferd, som elevane tok, og vart millom anna paa Galtrup høiskole (paa Mors i Limfjorden) kjend med Kristen Kolds gamle medlærar Paulsen Val og med presten Rasmus Lund. Medan han var ved Ullmanns skule tok han middelskoleeksamen og begynde aa lese til artium, men fleire raadde ban fraa aa gaa den vegen — millom desse Arne Garborg. — Han slutta so med det og reiste til Askov.

1 1884 fekk han sin eigen skule i Tjølling i Jarlsberg,

Oddmund Vik.Nvrye.

og aaret etter fekk skulen amtst.ilskot. Det tok til aa Ivsne no. Vinstre hadde eit stort og sterkt fleirtal, og Johan Sverdrup var statsminister. No skulde folkehøgskulane vinne fram. So lett gjekk det no likevel ikkje. Det sterke vinstre-fleirtalet gløymde høgskulane: stortinget gjorde ingenting, og amtstinga, som no hadde raadveldet over skulane, var ikkje mykje aa lite paa i den vegen. Jarlsberg og Lau r viks amtsting, som i 1885 hadde gjeve pengar til Viks folkehøgskule, i n eg t a tilskot i 1886 — det var forresten berre 1 st. om aa gjere. — Vik vilde likevel ikkje gjeve op. Han hadde no faatt ei god hjelp i den unge kona si. Dorothea, dotter av skulestyrar Høie i Stavanger . buge og modige som dei vai' la dei i veg med ein skule i Kodal i Andebu, endaa dei ingen ting hadde aa halde skule med og lite eller inkje aa live av. Det var dei dagar det var reint matlaust i huser. Men nokre vener hjelpte til, og dei heldt skulen i gang til 1888. Men daa dei ikkje fekk tilskot av amtstinget den sumaren helder, var det ikkje onnor raad, dei maatte gje op. — Vik vart i 1889 sekretær i „Stavanger Avis" under Alexander Kielland og aaret etter styrar av bladet, som ban hadde til 1907. Han har gjort mykje som bladmann, var ei tid formann i „Venstres presseforening" og var i 1900—03 stortingsmann fraa Stavanger by. Under alt dette gløymde ban ikkje folkehøgskulen. Naar høve liar vore til det, hai- ban vitja skulane og helde foredrag der og paa høgskulemøte. Som bladstyrar og stortingsmann gjorde ban mykje for aa faa. Jærens høgskule i gang. For høgs kule ungdom en er fleire a,v dei songar han har dikta kjende. Viks beste arbeid er hans store bok om Ole Bull. I 1909 vart han väld til stortingsmann for Stavanger att- —

Namdalens folkehøgskule.

Skulen vart opna hausten 1884. Styraren var Marius Hægstad. Gardbrukar Aksel Sellæg let Hægstad faa hus-198

rom [ina garden sin Hylla ved Namsos, og baade han og syster hans Magdalena Sellæg, som daa styrde huset for broren, var til stor hjelp og studnad med aa faa skulen i gang. Det var over 30 elevar første aaret. Eit pai1 var fraa Nordland, dei andre fraa Namdalen.

Det er so, at alle dei som set nye skular i gang, har eit hotntdfay, ein tanke, ei sak, som dei vil ha fram, og som difor kjém tii aa setje sit merke paa skulen og heile skule-arbeidet. Hægstad var ikkje gni ndtvigian ar; han var m aal-mann og radikal vinstrepolitikar. Desse politiske og nasjonale synsmaatar var det, som sermerkte skulen hans. Menn som sette høgskular i gang i stridsaaret 1884 kunde sjølvsagt ikkje staa utanfor, likesæle om den politiske striden. —

Kristofer Marius H<ey st ad er fødd i Borgund paa Sunnmøre 15de juli 1850, Ear hans, Ole Hægstad, var sakførar og hadde namnet Hægstad fraa. ein gard paa Øvre Eker. Han interessera seg mykje for politik, var soleis med paa ei adresse til stortinget, i 1854 om, at statsraadane skulde møte i stortinget. Han sende inn 9 andre forslag, men dei vart lagde til sides. Han livde den meste tid i Bergen. Marius livde den förste barndomstid paa Sunnmøre og i Nordfjord og fekk soleis godt høve til aa lære bygdemaal a her. I 60-aar a kom lian inn paa latinskulen i Bergen, van student i 1869 og tok andreeksamen 1871.

I Bergen kom han med i den kjende maalmannsringen, som samla seg om Hen rik Krohn. Hægstad var med og fekk i stand eit. lag. som hadde sit handskrivne blad „Hugin". Her skreiv den seinare maalprofessor sine første stykke paa landsmaal. Han var mil lom dei som høyrde Chr. Bruuns foredrag i 1870, og var so sterkt, gripen av desse, at han lova ut, at dersom det vart aalvor av den tanken Bruun heldt fram om ein stor, meir vitskapleg folkehøgskule for heile landet, so vilde ban vere med som lærar i oldnorsk og landsmaal. Elles var han i den tid aa finne millom dei mest radikale, var med og stridde for aa faa Bjørnson tilNorge.

formann i studen (samfund ot. var med i Kristiania teater og peip ut Ibsens „De unges forbund", som dei meinte var mynta paa Johan Sverdrup, og var vener med dei, som samla seg om Olaus Fjørtoft. Xen Fjørtofts radikalisme i maal-vegen kunde han ikkje vere med paa. Hægstad har meir enn dei fleste andre vore konservativ her og helde seg nær inn td den ma alf orm Ivar Aasen sette op. — Etter at han hadde vore ein tur til England — lian var ei tid ved Oxford universitet og studera der serleg angelsaksisk, gotisk og oldnorsk —- vart ban i 187-1 styr ar av „Namsos Borger- og Almueskole". I den tid var det h ø gr ep artiet.. som sat ved styret, og dei saag med v eks and e uvilje paa. korleis den radikale skulestyraren fekk men- og meir aa segje. Daa. vetostriden var paa det heitaste i 80-aar a, vart so Hægstad skulda for majestæts-brot. Han hadde i eit privat lag sagt, at ein med ervekongedomet kunde bli utsett for aa faa ein idiot til konge. Dei prøvde med søks-maal mot lionom for dette, men daa ikkje det gjekk, vart det etter ein heit strid til det. at borgarskulen skulde leggjast ned, so dei kunde bli honom kvitt. „Vi liker ikke Dem og Deres stræv, og derfor skai De væk,1, sa høgre f ør ären i eit, skolestyremøte til Hægstad. Borgarskulen vart nedlagd, og Hægstad tok

no op tanken fra a, ungdomen a,v om aa fi alde skule for vaksne bondegutar. Han søkte amtstinget om tilskot til ein folkehøgskule, og etter ein heil strid der fekk han og. Høgreprestane Mailer fraa Len svika og Hesselberg fraa Lierne tala imot av ali magt, men V. A. Wexelsen og Peter Holst (statsraadar seinare) kom med gode motlegg. — Aaret etter han hadde sett folkehøgskulen i gang, begynde han aa gje ut ungdoms- og maalbladet „Bag", som ei stund valdet einaste ungdomsblad i landet. Han var og med og fekk i gang bladet. -Nordtrønderen- og var styrar av det so lenge ban budde paa Namsos, — I 1892 vart Hægstad väld til stortingsmann fraa N. T. amt og vart same aaret styrar av middelskulen paa Steinkjær. Han slutta daa med folkehøgskulen; and ro læ r ären ved skiden Ludvig Ben ut» tok styret etter honom, I 1S!)9 vart Hægstad professor og flutte til Kristiania. —

Han har halde mange lærarkurser, mest i Trønde-lagen, men ogso i Nordland, Romsdalen, Elverum, Smaa] ena, Gudbrandsdalen og Vestfold og vore med paa månge ungdomsmøte og maalsteinnor. — Det norske universitet har vei aldri havt ein lærar, som har har stade i so nært, forhold til landsfolket som professor Hægstad. Han har ogso som professor paa ein maate vore folkehøgskule-lærar. —

Ludvig Benum er fødd i Bodø 4de april 1866; faren som var snikkar budde ei tid deroppe. Men ban er trønder baade paa fars og morssida. Faren var av dei som vart. sterkt paaverka av Ole Vig, og skriftene bans fekk Ludvig tidlegt høve til aa lese. Han var serleg teken av .Liv i Norge" og so Arvesens livssoga om Vig. Elles var vei Hans Foosnæs den som han saag mest op til i barneaara.

Av ein gut som hadde vore paa, Vonheim, fekk han laane „Folkelige Grundtanker"'. Det gjekk med honom som med hundrad andre gaaverike bondegutar: Dei tankar som denne boka førde dei inn i, fekk magt over kjensle- og vilje-X orge.

livet, og sette sine sterke merke etter seg. Det var vei mykje av uklaar romantik i alt dette, men for mange — og kanskje dei mest evnerike bondegutar — vart det eit stykke religion. Det var ei livleg tid fraa 1SS0 og utover og ikkje minst i Trendelagen. Politiken var det staa-ande samtaleemne kor ein kom, og i Beitstaden var dei vinstre-menn mest alle. Namnet Johan Sverdrup klang som ein kiigslur i øyra deira. No skulde det verte slutt med by r aak ratiet; folk es ty r et skulde begynde for aalvor. og so skulde det bl: retta paa alt som var skakt og vrangt. Sjølvsagt skalde daa folkehøgskulen faa ein stor plass som arbeidar for op-lysing og frigjering i det nye Norge. I Beitstaden budde boüdehøvdingen Ole W elde, «om Bjørnson song om: '

„Fremst fondernes fan f du bar i hver strid;

den gjse veste. bonde pan tinge du var i din tid."

Beitstaden var ei bygd som kom tidleg med i politiken. I 1814 var det ikkje mindre enn éi fraa denne bygd, som møtte paa Eidsvoll (Midelfart, Sivert Bratbeig og Daniel Sehovig), og seinare har der og vore mange kjende stortingsmenn deri fraa. — I vetostriden var det møte med foredrag, taler og song. Foosnæs og Kuløy var jamt med paa desse møta. Ludvig Benum fekk høve til aa vere med i mykje av dette. Hausten 1883 kom ban inn paa Kuløys skule og var der den vinteren. I 1SS4 gjekk lian inn paa Klæbu

Ludvig Ben.tun.202

lærarskule, tok eksamen i 86 og vart same aaret lærar paa Knløys høgskule (vikar for Bragstad, som daa var i Danmark) og kom hausten 1887 til Namdalens folkehøgskule som mediterar hjaa Hægstad.

Den unge høgskule læraren hadde alt daa faatt høve til aa høyre nokre av dei frem ste høgskulemenn i Nordlanda. Stimaren 1885 var det eit nordisk liøgskulemøt.e paa Sagatun, og O, K. K li lov fekk ein del høgskulemenn til aa gjere ein tur til Trøndelagen. Det var først eit stort møte paa Levanger. Der tala danskane Ludvig Schrøder, Holger Begtrup., Chr. Baagø, svensken Teodor Holmberg og nordmen-nerne Lars Bentsen, Marius Hægstad, A. Qvarn, O. K. Kuløg og Viggo Ullmann. Le id ären for møtet var L. Bentsen. Sidan var det mate paa Stiklestad med taler av Ku I øv og Schrøder og deretter eit stort møte paa Inderøya paa garden 11 au gan nær der Sund folkehøgskule er no. Ved ein stor gravhaug heldt dei møte i 2 dagar. Der tala Schröder, Baagø og presten Fr. Wexelsen den eine dagen og Hans Wexelsen, Begtrup, Baagø og Schrøder den andre. Mange av desse som var med her, fylgde med til eit møte i Stjørdal en. til avsløringa av minnesmerket over Ole Vig.

Alle desse møta sette merke etter seg, og den mottaking dei framande fekk. synte, at høgskulearbeidet. hadde bore frugt. Ilolger Begtrup skreiv seinare om møtet m. a,:

„I>et deiligste syn var det. der ventede os omtrent midt paa Inderøen, hvor Vejen naar Bakkekammen. Først har man Borgenfjorden paa sin høi re Haand, og straks elter aabner der sig lige foran en den videste og skønneste

Udsigt mod Vest over Trondhjemsfjorden med Ytterøen og mange mindre Øer rundt omkring. Man ser Fjorden, saa langt Øiet rækker ind ad Trondhjem til, og rundt om ligger de fjeldrige Kyster, ikke skyhøie, men mildt rundede, bla anen de og graanende i Afstandstaagen, ja månge klædte i hvidligt „Helgenskær" i den sollyse Aftenstund. Faa Inderiøens vestligste Pynt, en 400 Fod over Vandet ligger den wtore, rødmalede Gaard Haugan, hvor vi gjorde Holdt. Gaarden var fidd af Folk. og skønt det var fttrste Gang vi mødtes, tyktes vi. det var gamle Venner, vi kom ind hos. Vi saa Uge-Norge.

som ved förste Øiekast, at det. var Mænd og Kvinder, som vi kunde have Glæde af at være sammen ined. og den korte Tid af en Aften- og Morgenstund, vi var til Møde med de Folk fra Inderøen, var som et Hjertemøde mellem os og dem, som aldrig vil glemmes. Det var rent ud sagt det bedste paa hele Norge3-reisen."

Schrøder skriv i boka sif „Dell nordiske folkehøjskole" om desse møta og seg jer, at det Begtrup skriv, samstavar med hans eigne inntrykk.

Berrit Th. Anker, som no er stiftskapellan i Kristiania stift (ungdomsprest), vart, lærar paa høgskulen etter Alvestad og var der. til han i 1908 overtok det embætte han no har. —

Av andre som har vore lærarar der kan nemnast S. Øv r elv eit og Olav Holdhus, som er der enno.

Sidan 1898 har det gaatt jamt fram med høgskulane. Det er eit merkeaar i den norske høgskules saga. —- Over s/3 av skular, som no or i gang, er skipa sidan, og dei eldre skulane har betre søknad enn før.

Det er eit nytt s leg t led, som i denne tid har sendt arbeidsfolk til aa halde fram med det, som bogynde i 70-aara. Mon desse nyo har synt seg a,a vere i god samanheng med den gamle, grunnleggjande skulen.

Dei yngre som har teke arbeidet op, hai1 alle meir eller mindre direkte gaatt i skule lijaa dei gamle baade her i landet og i Danmark, Der ei1 ein fast og organisk samanheng.

Hausten 1899 var det 4, som sette nye høgskular i gang: Andreas Austlid ['Møre), Søren Øvretveit (Jæren), O. E. Bo (Valdris) og Odin Bena/m (Vefsen).

Den eldste av desse var A. Austlid.Norge.

Møre folkehøgskule.

Lengst inne i Ørs tafjorden paa Sunnmøre ligg Ørsta vik, omkring 7 mil surl for Aalesund. Her vart Møre folkehøgskule opna 9de oktober 1899. Fleire aar før hadde det millom den ungdom, som var komen med i dei frisinna ungdomslag, vore mykje tala om aa faa ein skule i gang. Lejdaren for denne rørsla paa Sunnmøre var gardbrukar Anders Vassbotn, og det var vei han, som gjorde mest til aa faa dei andre med. Han. hadde gaatt paa høgskulen hjaa Aas-vejen i Horndalen. Dei samdest om aa sende Søknad om amts- og statstilskot, Amtmannen og mest alle ordførarane var med paa dette; skulen fekk offentleg tilskot første aaret. Andreas Austlid, som dei hadde set ut til styrar folden nye skulen, var daa i Ullensvang i Hardanger. Han høyrer til ei gam ali bondeætt i Gudbrandsdalen, er fødd i Gausdal 26de december 1851. Daa ban var 177a aar kom han paa høgskulen til Chr. Bruun og var der 3 vintrar som elev, var deretter lærar ved ' ein friskule i Lom i fleire aar og fekk seinare høve

til aa høyre Ullmann, Arvesen m. fl. Han var 2 aar i Danmark paa ymse skular der og vart. kjend med dei fremste høgs kulerne nn dernede. Han segjer sjølv, at den som ban i grunnen lærde mest av var Kristen Kold, endaa han hadde

Andrens Austlid.

vore død i 10 aar, daa lian kom elit, Austlid var mykje paa Fyn — ban styrde o g „Karlsens b ørn eb jern" paa Fyn ein sumar — og fekk der liøyre og lære mykje av denne merkelege mannen, som alle der hadde so mykje aa fortelje om.

I 20 aar arbeidde ban som lærar ved Hellelands høgskule i Ullensvang, kjøpte seg ein iiten gard dei', som ban rudde og dyrka, so det vart ein gild fragt gard, men selde det heile og tok fat paa nytt rudnings! and, daa lian fekk tilbod fraa, Sunnmøre om aa kome dit. Dei 3 første aar var skulen i kommunehuset, men hausten 1902 flutte han

inn i eige hus, ein stor bygning med 4 høgder. —

Ei god hjelp hadde Austlid i inedlæraren sin O. Aasmundstad, som og høyrer t.ü Bruuns første elevar. Olav Aasmundstad er fødd i Kvikne i Gudbrandsdalen i 1S50. Han gjekk 2 vintrar paa. Bruuns skule og var seinare paa Askov. Han har vore lærar ved fleire skular, er mest kjend som sogeforteljar. —

1 1908 overdrog Austlid skulen som eigedom til Sunnmøre frisinna ungdomslag og gav styret fraa seg til den andre inedlæraren sin Olav Hamar. Helsa var ikkje lenger som før; ban kjende at det maatte yngre krefter til. — Austlid har gjeve ut fleire høker, millom anna ei lesebok for folkeskulen.

Olav Hamar er sunnmøring og er fødd i Ørsta 1869, Han gjekk lærarskulen paa Hamar og var so lærar i Furnes

Olai' Hamar.]y ar ge.

ved Hamar i tvo aar. Her kom hau saman med gamle saga t un ei evar og vart og kjend med Bruun og dei andre Vonlieim-lærarane. Beinare var han lærar 6—7 aar paa andre stader paa Austlandet, til han vart knytt til Møre-skulen.

Valdris folkehøgskule.

I Vestre Slidre i Valdris var det ein folkehøgskule ei kort tid i 70-aara (side 179). men den gjekk ikkje lenge. Seinare fekk Valdris bygd ene amtsskule, som flutte fraa bygd til bygd. Men amtsskulen vart nedlagd i 1898 og i amtsskule styr et og amtstinget var det daa paa tale aa faa ein slags samanslutning av amts- og landsbruksskule, men dei kom ikkje tii einigheit om ei slik ordning. Derimot var mest alle heradsstyre i Valdris samde om, at dei vilde stydje ein folkehøgskule med O. E. Bø som styrar. Lensmann O. K. Ødegaard og lærar O. Skrutvold, som daa var formann i amtsskule styr et, arbeidde sterkt for dette, og Ødegaard baud til hus paa garden sin Lo kje i Vestre Slidre og her vart Valdris folkehøgskule opna Iste oktober 1899. — Skulen fekk amts- og statstilskot første aaret og har havt det kvart aar sidan.

Ola Erikfson Bo er fødd 14de septbr. 1867 paa garden Bø i N. Aurdal. Han gjekk paa amtsskulen i Valdris 2 vintrar og kom so paa Hamar lærarskule. Etter ban hadde teke eksamen der i 1887, var ban lærar i barneskulen i fleire bygder, til han i 1890 reiste til Amerika. Han var her i 37? aar, arbeidde paa farin om sumrane og heldt norsk skule om vintrane. Han kom heim att i 1893 og var først ein vinter lærar ved amtsskulen i Valdris, deretter ved ein fortsætte Ise s sku le i Gausdal og vart so amts skulelærar i Nedenes, dei 2 siste aar ved den skulen, som den kjende ma alm annen Thorleiv Homme (no prest i K old al i styrde. Daa han tok

til med eigen skale i Valdris, hadde han .soleis ikkje so lite røynsle som ungdomslærar. Det, er tvo ting. som har sermerkt arbeidet hans baade i og utanfor skulen: arbeidet for norskt maal og mot luksus i alle former: mat,

khedebunad og livevis i det heile. Det er vei ikkje minst flet, at han i Amerika har havt høve til aa sjaa. kor vitlaust guden mammon vart dyrka, som har gjort, at han har teke so sterkt i her, ofte so sterkt kanskje, at han har skræmt, dei fraa seg, som han helst vilde og burde vunne. Skalen hans har i alle fall havt månge vanskar aa kjempe mot, men har vunno seg rom og sett merke paa fleire maatar.

O. E. Bø har med offentleg stipendium vore paa fleire høgskular i Danmark og Sverige.

Hausten UNIB flutte han fraa Løkjeog3mil lenger sud i dalen til Nes i X. Aurdal, enden av Valdrisbana; her har ban ein liten gard. som ban driv ved sida av skule-arbeidet.

Vefsea folkehøgskule.

Det korte høgskulekursus som II. K. Foosnæs heldt i Vefsen vinteren 1873—74 gjorde, at det der i bygda sidan har vore fleire varme talsmenn for folkehøgskulen. Desse var til god hjelp, daa ein av dei yngre, Odin Benum, tok

O. E. Bø.Noryv.

np att arbeidet deroppe i 1898 og 99. Av dei som elles arbeidde for skulen var noverande lensmann M. Bjørnaali, elev fraa Ullmanns skule, i mango aar stortingsmann fraa Nordland, og lærar Olaf Hals. —

Vefsen folkehøgskule vart opna 16de oktbr. 1899 'J paa garden Kulstad. Det var den vinteren omkring •10 elevar. Aaret etter flutte skulen til Halsøy, der han no har heimen sin. Skulen fekk amts- og statstilskot første aaret. Sokneprest i Skjærstad Amundsen var især skulens talsmann i Nordlands amtsting. Skulen har havt jamn søknad heile tida.

Odin Benum, som er fodd 1809 i Beitstaden, er bror av Ludo. Benum (sjaa side 201). Han gjekk paa

underofficerskulen og tok sersjanteksamen i Trondheim 1890. Sidan las han privat, mest spraak og historie, var 2 aar paa Askov høgskule, gjenomgjekk eit heilt kursus (2 vintrar) ved høgskulen ber, studera serleg historie, matematik, fysik, oldnorsk og engelsk. Sumaren 1897 arbeidde han ved professor P. la Cours elektriske „forsøgsmølle" paa Askov og fekk ved samver med denne geniale læraren og vitskapsmannen god kjennskap til vaar tids elektroteknik. Hausten 1897 vart han lærar ved Namdalens folkehøgskule og var der til ban flutte til Vefsen.

Odin Benum.234

Fa Ikehøgskt ri en.

Folkehøgskulen i Levangsbygda.

Denne skulen har fare fraa bygd til bygd i mange aar. Den første styrar av skulen var Ingvald Sakshaug, som no er lærar paa Sund folkehøgskule. Den vart opna 18de oktbr. 1808. Daa Sakshaug flutte til Sund i 1899, vart Å. Fjær styrar og har vore det sidan.

Anton Fjær er fødd tite august 1868 i Kolvereid, gjekk paa Hægstads folkehøgskule og sidan paa lærarskulen i Seljord, der ban tok eksamen 1891. Fraa 1892 til vaaren 99 var han lærar hj aa Ludvig Benum paa Nämd alen s folkehøgskule.

Sumaren 1899 var han paa reise i Sverige og Danmark og tok so til med eigen skule paa. Høglandet hausten 99. Skulen fekk straks amts- og statstilskot, ikkje minst av den grunn at skoledirektør Seip tok seg av saka, —- Det har vore tale om aa faa denne skulen fast. og vonlegt vil det ikkje gaa lang tid, før det kan ske. —

Jærens folkehøgskule.

Jæren ei ein landadel som i mange maatar er ulik alle dei andre: ei laagslette, der fjellknausar stikk op, men nakne som var det paa eit høgfjell, lange la age hus, murar og

Anton Fjær.Norge.

steinrøysar ikring, her og der smaa vatn. elles berre brune lyngvidder, blautt hav i vest og fjell i aust. —

I vaar kunst og literatur har Jæren eit stoit rom. Best kjent er landslaget og folket vorte gjenom Arne Garborgs diktning. I)et er eit sterkt, tungt, folk, som grev seg gjenom livet med grubling og slit, puslar med jorda og granskar i skrifta, piner korn av auren og voner av sine draumar, trur paa skillingen og trøyster seg til Gud." (Garborg: „Fred"). — Materialisme og myrk gudsfrygt, framand for det menneskjelege er dei tvo magter, som har havt raad-veldet. Det er vei ikkje nokon landsdel, der det har vore so mange religiøse sekter og parti som her, mest tilslutning har det pietistiske havt. Alle slag emissærar og preikarar har havt tilhald paa Jæren.

Men lier har i dei siste •8—10 aar vakse fram ein av dei største folkehøgskular i landet. Det høyrest utruleg ut, men det er likevel so. Dette syner, at den slegt som no veks op. held paa aa kome inn i ein aands-straum, som dei gamle ikkje kjende til, ikkje forstod eller kunde forstaa, og vidare at her er gjort eit stort og godt arbeid, som vil skape lysare og betre vilkaar for dei slegter som kjem. — Ogso paa andre rnaatar er Jæren i framvokster. Jord vert rudd og skog planta, arbeidshugen og arbeidsgleda veks. Det er faa landsluter som ei' i so sterk utvikling som Jæren,

Stirfu Wv ref ret f.Fa Ike her/ s hulen.

Jærens folkehøgskule ligg fritt og synberr oppe pau. ein haug paa garden Kleppe. 3 km. fraa. Klepp station. Skulen vart opna hausten 1899. Dei 2 første aar var skulen i leigde hus, men so kjøpte eit lutlag garden Kleppe, og skulen fekk seg heim her. Det var forhandling med Time og, som gjerne vilde ba skulen, men det vart til det, at den skulde vere i Klepp, Den som har sett det heile i gang og er styrar, ei' Søren Øvretveit. — Han er fødd i Sund paa Strilelandet i 1864, tok eksamen paa lærarskulen paa Stord 1886, var nokre aar lærar i folkeskulen, vart so lærar ved Voss folkehøgskule og var der til lian i 1899 fekk sin eigen skule. Øvretveit har sett seg godt inn i

land b niks væsen. Han har m, a. vore elev paa vin teri and bruks sku len i Kristiania ein vinter og arbeidt i hagen paa landbrukshøgskulen paa Aas ein sumar. Han har vore eit aar i Danmark paa høgskular, mest paa Askov og seinare vore paa stipendiereise i Danmark og Sverige.

Dei 2 første aar hadde ikkje skulen noko tilskot. Men i 1901 fekk den baade vanlegt amts- og statstilskot og statstilskot til ein videregaaande avdeling. — Elevtalet har auka jamt for kvart aar. gjenomsnitstalet 86 kvart aar i ti-aaret 1899—1909, —

Folkehøgskulen i Vaagan.

Skulen vart opna i november 1901 paa garden Ekren, som ligg paa Had s ei øy (gamalt Ulvøy) i Vesteraalen, og beitte fraa først av Lofotens og Vesteraalens folkehøgskule. Det er den norclste folkehøgskulen ikkje berre i Norge, men i heile verda, 685/au n. br, —

Garden Ekren er etter nordlandske forhold ein stor gard med eit storslege utsyn t il Lof otf jella i sud med sine kvasse toppar og piggar. Hei' budde i 40 50-aara lensmann JesperNorge.

%

:I. M. St. Arctander.

Arctander, eiii bror til Sophus Arctander, som fraa 1880 var lensmann i Had se], sidan ein kjend politikar. Einaste son til lensmann Jesper Arctander er Adolf Maurits Steenbuch Arctander, fødd i Iladscl 23de oktbr. 1847. Han vart student fraa, Trondheims lærde skule 1867, teologisk kandidat 1872 og var millom dei første, som kom medihjøgskuleflokken i 70-a ara. Han var i mange aar folkehøgskul ei ærar, den meste tid i Seljord og Hardanger.

Pars g arden i Hadsel var

Ket il Løn dal.

i mülomtida komen ut or ætta., men Arctander kjøpte den att i 1901 av lensmann Jæger, som daa budde paa Ekron. Her vart „Lofotens og Vesteraalens folkehøg-skule" opna i november 1901. .Det var fleire som hjelpte til med aa faa skulen i gang. millom desse lieradskasse-rar i Hadsel Martin Larsen og skuledirektør Karl Aas. Skulen fekk amts- og statstilskot første aaret: deL har sidan vorte større, so det no er mil lom dei største tilskot som vert gjeve td nokon skule. —Ftilke li fiffa kulen.

Arctander skulde ikkje lenge faa halde fram med skulen. II an vart laak og maatte slutte i 1904. Skulegarden og skulen selde han til medlæraren sin K. Løndal, som no er styrar.

Kitel Løndal er fødd i Hjartdal i Telemark 1873. Han gjekk paa folkehøgskulen og lærarskulen i Seljord, var lærar i 6 aar i folkeskulen og 4 paa høgskulen og lærarskulen i Seljord og kom til Arctander i 1903. — 1 1909 flatte han med skulen til Va agan, nær Kabelvaag i Lofoten.

Agder folkehøgskule.

(1901 —1907).

I 1873 daa Ullmann hadde sett i gang folkehøgskulen x Landvik ved Grimstad, vart del skipa eit lutlag, og ein skulebygning vart sett op (side 141). Daa Ullmann flutte til Telemark vart dette huset staaande der utan aa verte brukt til skule. Men i 1901 flutte amtsskulestyrar T. Berulvson inn der og opna ein folkehøgskule Iste oktbr. Nedenes amtsting hadde det aar vedteke, at dei pengane, som før gjekk til amtsskulen i Nedenes (ein flytjande amtsskule), skulde Berulvson faa til ein fri folkehøgskule paa Vigmarka. Dei sa seg villige til aa, vere med paa aa ta op att det arbeidet, söm Ullmann hadde begyndt med. Berulvson sette daa i gang Agders folkehøgskule paa Vigmarka Iste okt. 1901.

Torgeir Berulvson er fødd i Fvje i Sætesdalen 1864. lian gjekk paa Kristiansands lærarskule og tok eksamen der

1883, var deretter lærar i folkeskulen fraa 85- -91 i Flatdal, anneks til Seljord. T den tid var ban ofte paa Ullmanns skule og fekk der høve til aa verte nærmare kjend med dei skul et aukar som der var oppe. I 1891 vart ban amtsskulestyrar i Nedenes og flutte fraa bygd til bygd i 10 aar, til ban fekk folkehøgskulen i gang paa Vigmarka, — Men det synte seg snart, at det var mange vanskar enno der i amtetNorge.

for folkehøgskulen. Amtstinget, vilde, at skiden skulde flytje og so vart det til det. at li øgs killen gjekk over til amtsskule att i 1907. —

Gudbrandsdalens folkehøgskule.

Skulen vart opna, hausten 1902 i leigde hus paa garden Vik i Kvam. N. Fron, der den enno er. — Skulen hadde første aaret 42 elevar, og dei fleste aar sidan har elevtalet vore millom 40 og 50. —

Styraren, Rasm us Eriksen Stauri, er fødd i Stryn i Nordfjord 3dje mars 1867 og høyrer ti 1 ei gamal 1 bondeætt, som har vore pa.a garden Stauri i fleire hundrad aar. Etter konfirmasjonen gjekk han 2 vintrar paa, ein privatskule, som presten i heimbygda — Eilert Juul — heldt, og kom so til Stord lærarskule i 1886. Medan han var her, vart, ban kjend med Chr. Bruuns skrifter serleg „ Folkelige Grundtanker'1 og lovde seg sjølv, at han vilde verte høgskule-lærar. Etter at han i 1888 hadde teke lærareksamen, reiste ban til Vonheim og var paa lærarkursa s der. For det første vart det ikkje noko av med folkehøgskulearbei-det. Han arbeidde først i 10 aar som lærar i barneskulen (Skodje, Sunnmøre, Holt, Nedenes og Id, Smaalena). V a aren 1898 fokk han tilbod fraa Ullmann om aa verte lærar paa

Ituxmua Sttturi.240

Fo Ike hag skulen.

skulen lians. Hau tok mot tilbodet og var lærar paa lærarskulen og folkehøgskulen til 1902, daa Ullmann vart austmann og lærarskulen nedlagd. Han reiste daa til CS udbrands-dalen og fekk sin eigen skule i gang der. Første aaret hadde han ikkje noko tilskot og søkte heller ikkje, men fraa, hausten 1903 har skulen havt amts- og statstilskot som dei andre høgskular i Hamar stift. Han har vore ofte i Danmark. I 1902 og 1903 reiste han med offentleg stipendium i Danmark, Sverige og Finland.

Orkedalens folkehøgskule.

Fleire oplysnings ven er fraa Orkedalen begynde i 1903 aa arbeide for aa faa ein folkehøgskule; dei teikna seg for private tilskot og fekk Orkedals sparebank til aa. gje kr.

1000, kommunen gav des-utan kr. 500 og fritt hus m. m. Skulen kom i gang hausten 1903 paa T ors hus. — Fraa hausten 1904 har skulen havt amts- og statstilskot.

Styraren er Anders Mo. Han er fødd 1869 i Børse-skogn, grannebygd til Orke-dalen, lærareksamen 1890, va,r lærar i folkeskulen 5—6 aar og nokre aar lærar paa ein privat lærarskule paa Levanger. — Fraa 1900 til 1903 var han amt s sku lelæ rar paa, Ringsaker.

Han har gaatt paa Askov folkehøgskule og i

A nders Mo.Norge.

kortare titi vore paa andre høgskular i Danmark og Sverige. I dei siste 6 aar ha,r han havt til mediterar Ingvald Forfang, i'S jaa side 246).

Vestoplands folkehøgskule.

Det første tiltaket med skulen kom fraa fylkeslaget „Uppland". Formannen i dette laget var lærar A. Frest-kvern. Elles gjorde ordføraren i Brandbu O. Egge, som i si tid gjekk paa Ullmanns skule, mykje for aa faa ein folkehøgskule paa Hadeland. Skulen vart opna hausten 1906 i ungdomshuset Folkvang med 40 elevar. Den fekk

amts- og statstilskot første a ar et. Til styrar hadde ungdomslaget set, ut kand. O. Islandsmoen, som i fleire aar hadde vore med i ung-doms skule arbeidet.

Olaus Islandsmoen er fødd den 20de februar 1873 i Søre Aurdal, Valdris. Etter ban var utskriven av folkeskulen gjekk han først, paa eit. kursus vod Asker seminar, so paa ein middelskule i Kristiania, eksamen der i 1893. studenteksamen 1895 og andreeksamen 1902.

I den tid han las til eksamen var han lærar paa ymse stader: Huslærar i Østerdalen, lærar ved framhaldsskulen i S. Aurdal, eit aar styrar av middelskulen i Bægndalen, deretter andrelærar paa folkehøgskulen i Valdris og kom der fraa til den folkehøgskulen, der han no er styrar,

Olaus Islandsmoen.•242

Telemarks folkehøgskule.

Om skulens første tid og arbeid er fortalt for (side 139—151). Daa Ullmann vart amtmann, overtok J. Naadland, som daa var den eldste læraren der, skulen og kaar sidan halde fram med høgsk idéarbeidet i Hel jord. Jakob Naadland er fraa Ryfylke, f odd 1870, gjekk paa skule i Stavanger, der ban m. a. fekk Steen til lærar. tok artium der og andre-eksamen 1892. Etter raad fraa Od din. Vik fekk Ullmann lionom til in edl ærar, daa han tok til med lærarskulen. Naadland har gjort mykje for maa ls ak a i Tele-marksbygdone og er kjend som ein dugande talar.

Eidsvoll folkehøgskule.

I 1907 va.rt det vedteke, at det skulde byggjast ein stor folkehøgskule paa Eidsvoll, Eraa først av var det tanken, at det skulde vere ein amtsskule. Herradsstyret i Eidsvoll hadde gjeve kr. 15000 til ein slik, men seinare vart det omgjort soleis, at det skulde gaa td ein folkehøgskule.

Stortinget' hadde nemleg same aaret, gjort vedtak om tilskot til ein ny „videregaaande" folkehøgskule. Det, var ikkje sagt nærmare kor den skulde vere, anna enn at det skulde vere ein stad paa Austlandet.

Main net Eidsvoll har god klang hjaa det, norske folk: Eidsivatinget, grunnlovens vogge. Henrik Wergelands heim-

Jakob Naadland.Norge.

bygd. Ein folkehøgskule her vilde høve sers godt. Denne tanke fekk stor magt- paa utruleg kort tid. Ungdomslaget i Eidsvoll fekk heradsstyret til aa gjere det bridge, at det som var etla aat amtsskulen skulde gaa til ein folkehøgskule; ein av amts skulestyrar ane i Akershus amt, Jon Sørensen sa amtsskulen farvel og tok arbeidet for folkehøgskulen op; han fekk hjelp av rike menn i bygda, som lovde mange pengar paa svært billege vilkaar, derso nidet kunde verte ein folkehøgskule paa Eidsvoll. Etter dette vart det da.a avgjort av kyrkjedepartementet, at denne skulen skulde ha. det tilskotet, som stortinget hadde gjeve.

Det er ingen norsk folkehøgskule, som har begyndt so stort med ein gong og med studnad av so stor pengemagt som denne. Det var omkring kr. 80 000 i alt.

I november 1908 var_____:_

skulebygningen ferdig, so den kunde takast i bruk. Skulen ligg vakkert til attmed eit lite skogholt paa austre sida av Vorma ikkje langt fraa Eidsvoll stasjon. Innvigjingsfesten var først i januar 1909, daa det heile var ferd i gt. Eesttala heldt gamle A ri :esen fraa Sagatun.

Styraren Jon Sörensen er fødd '23de august 1868 paa Sandnæs ved Stavanger, der far hans, seinare overlærar i Kristiania K. Al. Sørensen, daa var styrar for folkeskulen. Slegta er elles fraa Romsdalen. Jon Sørensen tok artium 1889, andreeksamen og lærareksamen 1891. 1 fleire aar var han no lærar i folkeskulen og

og vart i 1903 amtsskulestyrar i Akershus amt og arbeidde her, til han gjekk over til folkehøgskulen.

Vestmar folkehøgskule.

Det skulearbeid som Ullmann begynde i Drangedal, men som ban laut slutte med der, vart i 1909 teke op att av ein yngre høgskulelærar og elev av Ullmanns skule, Jens Dat/testad. Vestmar folkehøgskule fekk tilskot fraa amt og stat

første aaret. Millom «lei som gjorde mest til aa faa skulen i gang, maa nemnast ordførar Valnes i Drangedal, ordførar Hegna i La arda! og ordførar Midtgaard Skaatø. Skulen har enno ikkje faatt eige hus. men vert halden i huset som ungdomslaget har, „ Vonheim".

Jens Jj ag est ad er fødd paa Voss 29de decbr. 1880. vinteren 1898 99 gjekk ban paa folkehøgskulen i Seljord, tok seinare middelskuleek-samen i Bergen og lærareksamen paa Notodden, var deretter lærar i folkeskulen paa. Voss og timelærar ved Voss folkehøgskule. Seinare var ban lærar ved Agders folkehøgskule og ved ein av amtsskulane i Nedenes (Sætes-dalen) til ban fekk eigen skule i gang.

Sidan 1850-aara har det til ymse tider vore fleire blad og tidsskrift, som har vore sams møtestad for dei, som høyrde til høgskulen.

Det. første av fl esse var:

„DEN NORSKE FOLKESKOLE. Et, Maanedsskrift fur Lærere og andre Opdragere." — 1852—56. — Det, første aaret styrde Ole Vig det saman med P. Andresen og K. Knudsen, andre og tridje aaret saman med K. Knudsen, siste aaret aaieine.

Vidare maa nemnast:

_ FOLKE VENNEN" (Styrar Ole Vig). 1852—57.

„KIRKELIGT FOLKEBLAD. Tidsskrift for kirkelig Oplysnings Fremme". 1857—62. Styre: Fr. Wexelsen og O.A.T, Krogness. Fraa 1863—67 0. Arvesen og Fr. Wexelsen. Fraa 1867—70 0. Arvesen.

, MAGNE. Tidsskrift for kirkelig og folkelig Oplysning." 1882—86. Styre: Fr. Wexelsen, V. Ullmann, Olaf Kost og Hans Wexelsen.

„ OPLANDENES A VIS«. Styrar 0. Arvesen fraa 1870—05.

„ VOR TID. Tidsskrift for kristendom og samfundsspørgs-inaal". 1887—90. Styre: Herman, Anker, W. Konow og V. Ullmann. Fraa 1890—91 V, Ullmann og Jakob F.. Lange (dansk).

„VOR TID. Xy Række". 1893—94. Styr ey. O. A. Eftestal. Lars Eskeland og V. Ullmann.

„BUD TIL MENIGMAND«. 1872—81. Styrar Hans Wexelsen. 1875—80 saman med H. J. Næss,

HEIMDAL. Norsk Høiskoletidende." 1 aargang 1879. Stvrar N. J. Sörensen,.

„ FOLKE HØISKOLE BLA DJ. 1 aargang 1886. Styrar 0. L. Kirkeberg.

„FOR FRISINDET CHRISTENDOM', som Chr. Bruun styrde aaieine i fleire aar og ..FOR KIKKE OG KULTUR". som han og Thv. Klaveness styrde saman, gjekk i same leid som dei før ne nm de tidsskrift.

„NORSKT HØGSKULEBLAD'. Styre: V. Ullmann, Jakob Naadland og Rasmus StaurL 2 aarg. 1899—01.

„ HØGS K ULEBLADET". Fraa 1904. — Styre: Aaret 1904 Andreas Austlid og Olav Hamar. 1905—08 Ingvald Forfang, 1909 Erik Eggen. Fraa 1910 Ingv. Forfang att, som var utgjevar ogso det aaret Eggen var bladstyrar.

Det er desse '2 siste blad, som i serleg meining har vore organ for høgskulane, og den som har lagt ned det, meste arbeid her, er høgskule!ærar Ingvald Forfang, som og i fleire aar har voro formann i „Norigs høgskulelærarlag". -

Ingvald Forfang er fødd 17de december 1873 i Mos-vika i Inntrøndelag. Far hans, A. Forfang, sora var klokkar der daa, vart i 1877 lærar ved Klæbu lærarskule (Levanger), der han er no.

Ingvald Forfang tok lærareksamen paa Klæbu 1892, var i fleire aar huslærar og lærar i folkeskulen, gjekk i 98—00 paa Ragna Nielsens skule, tok artium i 1900 og andreeksamen aaret etter. Fraa 1901 til 05 var han lærar ved Jærens folkehøgskule og flutte sistnemnde aar til Orke dal en og har vore lærar ved folkehøgskulen der sidan. Med „Døg-skulebladet" har fylgt ymse skrifter, som han har kosta i trykken, millom desse biskop Wexelsens bok om presten Fr. Wexelsen og ei bok om Chr. Bruun, som kom ut til 70-aarsdagen hans. Men elles er det ikkje mange bøker og skrifter høgskule-mennerne har gjeve ut i dei seinare aar. I den vegen har dei gjort langt meir i Danmark og Sverige.

Det et först og fremst ved det livande, muntlege ordet, at folkehøgskulen har sett merke etter seg og kome med noko nytt til det aalmenne folk i vaart land. I so mange bygder hadde ikkje folk før høyrt ei tale eller eit foredrag utanom dot dei høyrde av presten fraa preikestolen. Og svært, ofte var det av det slag, at dei ikkje kunde faa den minste tanke om, at det livande ord er ei stormagt. Der dei beste av lækpreikarane hadde verka, kjende dei det nok,

Ingvald For f ung.Norge.

men her berre som vitnemaal om det religiøse liv. At det kunde gaa an tale med eld og varme om reint menneskelege ting, skyn a dei ikkje. Alt som var av denne verda, var synd. som ein maatte passe seg for.

Baade i form og innhald var det noko nytt, som fraa 1864 kom og sette merke i det norske folk.

Kaar ein les kultursoga, er det dei som liar etterlate seg kunstverk og skrifter, ein ser mest til; kunstsamlingar, bibliotek og arkiv hyser store aandsrikdomar, som komande ætter kan byggje paa og suge næring av. Dei som brakar det skrivne ord har den foreinun, at dei ikkje berre kan faa. innverknad paa si samtid, men og paa ettertida. Annaileis er det. med dei, som brukar det muntlege, li-vande ord. — Dei faar ikkje sine tankar gøymde i boksamlingar! ein ser ofte so lite til det dei har gjeve av tankar, kjensler, aandsverdier. Og likevel kan dot hende, at det er desse siste, som har kveikt mest liv, gjeve mest, varme og sett (lei sterkaste merke otter seg. Ei einaste god, kveikjande tale, ei av desse som slær ned i tilhøyrarane, so dei ikkje kan faa fred for dei kjensler og tankar, som talaren har bore fram, bar større aands verd enn 1(X) medels gode bøker. — Og naar alt kjem til alt, er det betre aa ha ein og annan av sine beste tankar gøymd i den varme livande mannehug enn i boksamlingar og arkiv, sjølv om dette siste gjev baade større ære og betre livebrød.

Det er stor skilnad paa den maaten kvar einskild pennens mann verkar paa, men endaa større er skilnaden millom kvar einskild, naar talen er om det livande ords menn. Det er altid større skilnad millom kvar einskild i ei samling menneskje enn millom fotografiar av desse. Paa eit lærar-møte, som Ole Vig hadde faatt i stand (i 1845), var første emne: „Om fordelen ved at bruge det levende ord i skolen". Det var mange, som syntest, at Vig var for .ensidig", det var for sterkt aa. kalle det skrivne ord eit daudt ord. — Men Vig svarte med den grundtvigske setning: „Der er saa stor248

forskjel mellem det levende ord og det skriftlige som mellem liam, som skabte tungen og ham, som skar den

første pen."—

Det syner seg altid, at i dei sterke brytningstider vert dei store førarar talarar. Det skrivne ord ster ikkje til. Vi kan ikkje godt tenkje oss, at ein Wergeland eller ein Bjørnson berre kunde sitje roleg og skrive, — Og gaar vi attende tii dei store tidarskifte i verdensbistoria, ser vi det endaa klaararo. Dei store religionsstiftarane skreiv ikkje, dei tala.

Det folkelege aandsliv, som vart vakt i 70—80-aara og utover i vaart land, vart først og fremst vakt ved det livande. muntlege ord, T rikslivet kum og dette meir til sin rett i denne tid. Tvo vigtige reformar, som i 80-aara vart gjenomførde, hadde m. a. det maal aa føre burt fraa det stive skriftlege, attende til muntlege ord: Statsraadane skulde møte i tinget og muntleg forhandle med utsendingane for folket om statens styr og stell, og med jurylova vart det betre høve til i retssaker aa bruke det muntlege ord. Det var i 80 -aa r a ein tok tii med dei store folkemøte med foredrag og ordskifte. Seinare fekk vi aalmannamøte og ungdomsstemner med foredrag i 2 og 3 dagar — stemner som svarar til dei danske „efter aars møder" ved høgskulane. Ser vi etter kven det. er, som oftast bar ført ordet paa desse møta, syner det seg, at det for det meste er menn, som direkte eller indirekte har høyrt (og høyrer) til folkehøgskulen. Vi kan her nemne menn som Bjørnson, Arvesen, Ullmann, Jakob Sverdrup, Wexelsen, Kristofer Janson, Chr. Bruun, }[. Skard, Oddm. Vik, Marius Hægstad og J. Løvland, og av dei yngre Haakon Aasvejen, O. A. Eftestol, Lars Eskeland, Haakon Loken, prestane Anker, Hognestad og Hovden. Det kunde vere månge fleire aa nemne, men her er nokre av dei, som i den siste mannsalder har vore mest med og ,som er kjende over heile landet. Høgrepartiet hadde for det første ikkje mykje godt aa segje om politiske folkemøteNorge.

eller om folkemøta i det bede. At ein statsraad eller ein professor stod op og tala paa eit folkemøte vai- for månge eit lite hyggje! egt syn. Men otter kvart lærde dei aa sky ne. at det muntlege ord i politikens teneste ikkje var til aa blaase i likevel. Og snart kom dei etter og vart til sist minst like so ivrige, som motparten hadde vore. Og det er til ære for høgre, at dei gjorde det. Vyrdnaden for det livande ordel har va.kse. I tingssalen, retssalen og i skulestova er det kome meir til sin rett. Folkehøgskulen har sin store del i dette.

Det var ved det private tiltak folkehøgskulen vart reist. Men det synte seg snart, baade hj aa, oss og i grannelanda, at arbeidet var so stort og kravde so månge pengar, at det var uraad for den einskilde aa halde det gaaande i longere tid. Statsmagtene kom daa etter kvart til og gav studnad til dette arbeidet, som alle snart saag var ei samfundssak. Dermed vart skulane økonomisk set sikrare. Men paa den maa ten vart dei eit slags statsskolar. Det vanskelege spurs-maal var no, korleis ein skulde faa ei slik ordning, at skulane kunde faa halde fram med sii arbeid som frie skular, med dei s erm erke og dei foremuner, som det private arbeid altid har, og paa same tid med studnad av staten, som i slike ;høve gjerne vil ha „garantier" og „kontrol", so den paa den maaten ofte tek bort mykje av den frih eit og det personlege ansvar, som er eit a,v livsvilkaara for, at arbeidet kan lukkast. — I grannelanda har dei funne ei fonn, som baade skulane og staten har set seg tent med i det store og heile. Hjaa oss er dette enno eit uløyst spursmaal.

I 19GS valde kyrkjedepartementet ein komite, som skulde kome med utgreie!ing om saka og med forslag om ei ny ordning. I denne komiteen sat biskop Wexelsen (formann), høgskulestyrar Eskeland og amts skulestyrar Reriolen.250

/','/kehogti kulen.

Denne komité koin med ei lang innstilling, som vart senrl til alle ungdomsskular, amt sskules tyra, skuledir ekt ørane og amtstinga. At ikkje den gamle striden millom folkehøgskulen og amtsskulen var so utjamna som mange trudde, syner dei uttalelser og innlegg, som denne innstilling gav høve td.

Komiteen stod heilt fritt og kunde ta spursmaalet op fraa grunnen av. Den s eg jer:

„Det kgl. departement Lar ikke gi t eller antydet noget nærmere program for komiteens arbeide utover det almindelige, mandat: at utrede sp ors mani et. om den hensigstmæssigste ordning av ungdomsskolerne.

Komiteen, tar imidlertid neppe feil, naar den tinder sit program git ved ungdomsskolens stilling i vort land, i de

klager og andragender som er fremfort navnlig ang. skolernes økonomiske forhold, og i de forhandlinger som herom og om andre spørsmaal vedrørende ungdomsskolen er ført i de senere aar saavel i stortinget som utenfor."

Komiteen minner so om, korleis amtsskulane i si tid kom op, og dei fylgjer det fekk for folkehøgskulen. Den hold sterkt fram den meining, at ungdomsskulen maa byggjast paa det pri rate initiativ-

„Som et brudd med ungdomsskolens princip maa det betegnes, at dens styrere og lærere ansættes av et kollegium som staar utenfor skolen, og som ikke altid kan forudsættes at være i besiddelse av den rette forstaaelse av skolens krav og av personernes betingelser — dem de ofte alene finder i eksaminer og attester. Lederen av en skole for voksen ungdom, som skal hjælpes til forstaaelse av livet og sin opgave som menneske og borger, tii karakterdannelse og harmonisk utvikling, maa ikke alene besitte kundskaper, men først Og fremst selv ha gjennemgaaet en personlig | utvikling, være on karakter, eie en tille vet livsanskuelse og ha evnen og viljen til at leve blandt norsk lands-ungdom og lede dens utvikling i de bestemmende aar.

Baade opgaven selv og de forhold hvorunder dell skal løses, stiller store krav til ungdomsskolernes ledere. De kræfter som med haap om held skal tjene ungdomsskolen, maa ha kjendt kaldets magt over sig, saa de med hele sin personlighed tar sakenNorge.

op som sin fri, selvstændige livsgjerning. Og styreren maa selv vielge sine medarbejdere forat samarbeidet kan trives under forstaaelse, i gjensidig hengivenhet, og saaledes, at kræfterne udfylder hverandre." '

Dette vekkjings- og oplysningsarbeid soui soleis vert sett i gang av private, bør faa studnad av det heile samfund.

„Det synes ogsaa at ligge i selve folkehøjskolens væsen og opgave at den betragtes og behandles sotn defc hele samfunds sak.

B arne s kolen og dens fortsættelser bor — som ogsaa er tilfældet hos os —i stor utstrækning være de engere samfunds sak, baade økonomisk og administrativt inden lovs ramme. Det er først og fremst hjemmenes og kommunernes opgave at sørge folden elemeutæro oplysning for deres egne barn. .Saadanne skoler er naturlig i det væsentligste overgit kredsens og skolekomniu-nernes samt den for atle disse fælles amtskommunes omsorg. Utover dette lovbestemte oplysningsarbejde, som direkte og utelukkende tar sigte paa barn og hjem inden de mindre samfund bør ikke disses forpligtelse gaa."

Komiteen meiner, at a rat skulane og folkehøgskulane bør kome under like ytre vilkaar, og at dei alle vert ordna som private skular, men med studnad a,v staten. Som sams namn för alle vert foreslege folkehøgskule.

„Der kan selvfølgelig være indvendinger at gjøre ogsaa mot dette navn. ilen det kan ikke misforstaaes. Det indeholder sin egen historie og er baaret av traditionen. Det er da ogsaa optat av de andre nordiske lande, saaledes at det er eneraadende, ikke blot i moderlandet Danmark, men ogsaa i Sverige og Finland. Og der ligger ikke liten værdi i, at samtlige nordiske folk kjendes ved den samme sak under det, samme navn."

Av dei mange oplysningar komiteen legg fram om skulane, skal her nemnast: .,1. Av ungdomsskoler hadde Norge i 1906 59, derav 37 amtsskoler, 15 folkehøiskoler og 7 private ungdomsskoler. Senere er ! folkehøjskole indgaat og 1 oprettet, 1 amtsskole stanset og 2 oprettet, saa skolernes antal for tiden skulde være 60.252

folke h egt kulen.

2. I skoleaarene 1905—06 og 1906—07 var skolernes vin-terkurscr gjennemsnitlig søkt av nær 2 500 elever, hvorav ca. 1 470 falder paa amtsskolerne, 720 paa folkehøiskolerne og 300 paa de private ungdomsskoler. Ell 12—13 skoler hadde desuten kortere sommerkurser; samlet elevantal for disse kan sættes til ca. 250." Til samanlikning skal eg her faa ta med dei tilsvarande tal for skuleaaret 1908 09. (Fraa st.prp. no. 2 — 1910).

Norge hadde daa 59 ungdomsskular; 38 amtsskular. 15 folkehøgskular og 6 private ungdomsskular. I same skule-aar gjekk 2 575 paa skulane; paa amtsskulane 1400, folkehøgskulane 870 og paa dei private ungdomsskular 245. — 13 skular hadde kortare sumarkurser for gjenter („ praktiske f erikurs er") med i alt ikring

200 elevar.

„Samtlige faste folke hui sko ler og flere av do andre private skoler har egne bygninger, som i regelen eies av styreren, undertiden av foreninger, i et enkelt tilfælde av et aktielag.

Bygningernes kostende opgis meget forskjellig; de skoler som har internat ansætter bygningernes værdi til 30—40—50 000 ki*. Hvor der kun er bygget for skoleholdet, er man nede i 7—8—10—12—14 000 kr."

Komiteen imøtegå ar fleire av dei klagemaal, som har vore førde mot ungdomsskulane i det heile, baade amts- og folkehøgskulane, m, a. det at dei skulde drage landsungdomen burt fraa bon de arbeidet og det praktiske arbeidet, ja jamvel fraa landet og over til Amerika, I 1903 sende kyrkjedepartementet ut ei heil rekkje spursmaal til alle ungdomsskular for aa faa greide paa den innverknad skulane kunde ha havt paa dette, solangt det kan gaa an aa faa greide paa slike ting gjenom statistik. Komiteen legg fram resultata. av denne statistiken for dei 10 siste aar, som syner, at av dei som har gaatt paa folkehøgskulane har 76 % teke fatt paa. same arbeid som før dei gjekk paa skulen, 10 u/u har gaatt til fagskular (mest landbruksskular, lærarskularNorge.

253

og underofficer skular), 6 % har reist ut or landet. I) ei tilsvarande tal fraa amtsskulane er 69, 20 og 7 %- — Med av-syn paa dei sterke krav i den seinare tid paa praktiske fag i ungdomsskulen held komiteen fram dei same syns ma at ar. som høgskulens menn altid har hævda.

„Thi er det hele folkets ångdom folkehøiskolen vil samle ind til sig. maa den jo samle denne ungdom fra hjem med de forskjelligste livs erhverv, Og til alle disse forskjellige livserhverv maa ungdommen atter sprede sig.

Men da er det, indlysende, at folkehøiskolen vil forspilde sin opgave og opløse sig selv under forsøget paa at blive fagskole.

Det er ofte sagt og almindelig anerkjendt, at de danske køiskoler har været en mægtig løftestang for det danske landbruk, den egentlige drivkraft som ligger bak de umaadelige fremskridt, landbruket i Danmark har gjort i den siste menneskealder. Her i landet tror derfor mange, at høisko-lerne i Danmark er et slags landbruksskole!' og ganske anderledes „praktiske" end vore egne. Enhver som kjender det mindste til disse forhold vet hvor grundfalsk dettø syn paa saken er.

Det er ikke ved de „praktiske" kundskaber som de gir, at de danske høiskoler er blit den sterke drivkraft i en storartet fremgang for de danske bønder og husmænd og landarbejdere. Men denne drivkraft, er høiskolen blit og disse resultater kan man med s and het tilskrive den. fordi den liar vakt disse lag av folket til et vaakent aandelig liv. De praktiske resultater er en nødvendig følge av selve livets vekst, saaledes som høiskolens fader Grundtvig ogsaa saa og förutsa at det vilde gaa.

Eolkehøiskolens hovedformaal har været og maa bli at lede ungdommen ind til de livskilder, som strømmer gjennem kristendommen, historien og morsmaalet, og saaledes føre til sand dannelse av personligheten.Folkehegglc ulen.

Og jo mere virkelig almendannelse høiskolen yder, jf» bedre vil den forberede de unge for en frugtbar fagdannelse. Jo mere den kan vække interesse for livets vekst og fremgang hos sine elever, jo livligere og mere vaakne den kan faa. dem, des mere lyst og evne vil de ogsaa faa til at erhverve nødvendig fagdannelse efter sit særlige behov, og des mere selvstændig og gagnlig for livet kan fagdannelsen bli.

Forhaabentlig vil dor hos os som i Danmark og tildels i Sverige bli et rikere samarbeide mellem folkehøjskolerne og fagskolerne, særlig saaledes at den ungdom som søker til fagskoler, først, gjennemgaar minst et folkehøjskolekursus. Dette samarbeide vil visselig vise sig at være til overmaate stor hjælp for fagskolerne og for livet selv, som baade den ene og den anden skole skal tjene."

Det forslag til ordning som komiteen til slutt legg fram, er i dei vigtigaste Ling lik den danske. Skulane skal etter dette faa tilskotet direkte. „Den av stortinget givne bevilgning til folkehøiskoler fordeles av kirke- og

undervisningsdepartementet under hensyntagen til skolernes størrelse, søkning, antal faste lærere og deres lønninger, samt utstyr." Vidare er det sett op reglar for utdeling av stipendiar og nemnt, dei krav, som vert aa, setje til den skule, som skal faa godkjenning og tilskot av staten.

l'aa stortinget i 1909 var det, atter eit ordskifte om amts- og folkehøgskulane. Regjeringa og kyrkjekomiteen hadde foreslege ein sum til direkte statstilskot til dei folkehøgskular, som enno hadde berre tilskot gjenom amtet. Det var paa lag halvdelen av folkehøgskulane. Komiteen sa, at det „blot. maa ansees som en midlertidig foranstaltning, til det ovenomtalte forslag fli en ny ordning kan bli avgjort."

Dei tal kyrkjekomiteen i stortinget legg fram syner, at, skilnaden millom det statstilskot dei private skular fær og det, som ein tinn er høvelcgt aat dei offentlege amtsskular, endaa er stor, Kyrkjekomiteen, som slett ikkje var vidare255

høg sk ule veni eg, maatte vedgaa, at dei private skular gjer fuldt so godt arbeid som dei offentlege.

Om statstilskotet til baae slags skular segjer komiteen:

„Der er fortiden her i landet 21 private ungdomsskoler med lignende formaal som amtsskolerne som nyder godt af det under tit. 18 bevilgede statsbidrag. Ved at sammenholde statens bidrag ti) amtsskolerne og til de ovennævnte 21 private skoler viser det sig. at i det sidst forløbne skoleaar. for hvilket der foreligger opgaver over elevtal m. v,, kostede hver amtsskole staten gjennemsnitlig kr. 3 900. o o og de private skoler gjennemsnitlig hver kr. 2 430,oo. Fordeles bevil gn in gerne paa de elever, som søgte skolerne, kostede hver elev i amtsskolerne staten gjennemsnitlig kr. 95,00, mens hver elev i de private skoler kostede ikke fuldt kr. 60,oo. Heri ikke medregnet, hvad der gik med til stipendier.^

Ordskiftet i stortinget 1909 om desse skulane slutta med, at tinget vedtok forslaget om aa yte ein sum (kr. 8000) som direkte tilskot til dei skular som var mest trengande. Paa den maa t en vart det. til det, at alle. folkehøgskul'ar, som var i gang det aar, fekk direkte tilskot av staten, større og mindre, etter som forholda var til. Eit, par av dei ..kristelege ungdomsskoler" (svarar til dei danske „ indremissions høiskoler") kom og med, — Men dette va.r berre som riet vart sagt, ein .midlertidig foranstaltning-.

Naar alle dei, som har faatt forslaget, til ein heilt ny skipnad til uttalelse. har sagt si meining (amtstinga har enno ikkje daa dette vert skrive - jan. 1910 — havt høve til aa gjere noko med det), skal saka fram att i regjering og storting. »

Korleis den endelege skipnad vert med statstilskotet til det folkeoplysnings arbeid, som begynde for snart halvhun-drad aar sidan, og som alle no er samde om har sett sterke og djupe merke etter seg i det norske folk og først og fremst vore til gagn for lands-ungdomen, — korleis den vert, l'ær framtida syne.•256

Folkehøgskulen.

Sund folkehøgskule

paa, Inderøy a er i grunnen same skulen som Eoosnæs og Bentsen opna i Stjørdalen 1868 (side 157), og som' Kuløy seinare flutte ined fraa bygd til bygd i månge aar. (Sjaa side 161—62).

Daa Kuløy slutta i 1904, overtok ./. Bragstad og Ingv. Saksi taug (fødd 1864) skulen og styrde den saman til 1910.

Bragstad kjøpte daa skule-garden og overtok styret aal eine, Sakshaug er fraiu-leides lærar der. Av andre kan nemnast kand. I. Nybø, som var andrelærar ved Gudbrandsdalens folkehøgskule fraa 1902-04.

Johannes Sivertsen Bragstad, fødd 1858, valførst paa eit par norske høgskular. deretter 3 vintrar paa Askov og var seinare paa landbrukshøgskulen i Halle i Tyskland. Etter at han i nokre aar hadde vore lærar i amtsskulen og paa Mære landbruksskule, kom han til Sund i 1900. Han har vore mykje med i det offentlege liv, vai' sok-is i 1905 (som varamann fraa 2J. T. amt) medlem av stortinget.

Hausten 1910 vart opna 2 nye skular, som ungdomslaga kar gjort mykje for aa faa i stand:

Sørlandets folkehøgskule, Hægeland ved Kristiansand, styrar Severin Kvaale.

Smaalenenes folkehøgskule, Elvestad, 3 kui. fraa Mysen st. Styrar Olaf Funderud. Desse skular har endaa ikkje faatt amts-og statstilskot, men vonleg [aar dei til me a te aar,

1 alt er det soleis no (1910) 19 folkehøgskular i gang i Norge.

Johannes Bragstad.Sverige.

Pen svenske bondestand har fraa gamall tid av kjent

seg som ein eigen stand. Heilt sidan 1435 har han havt sete i riksdagen, der kvar stand i lang tid hadde sine repræsentant ar: Adel, presteskapet, borgarstanden og bondestanden. I 1866 vart denne skipnaden avskaffa og tvokam-mersystemet innført. Fraa, denne tid arbeidde bönderne seg etter kvart op til aa bli det sterkaste politiske parti: landtmannapartiet. I 1842 fekk Sverige ei ny folkeskolelov og i 1862 ei ny kommunallov, og baae desse førde naturleg td, at krava, til ei større folkeoplysning vart sterkare. Daa eitt-skildmenn i Sverige tok til aa arbeide for skular' for bonde-ungdomen — etter paa verknad fraa Danmark og etter dansk mønster — kalla dei desse skular „bondehögskolor". — Etter skulelova av 1842 kunde rlei faa skipa eit slags „høgare folkeskular" paa lag slike som vi i Norge hadde i dei „høiere almueskoler". Dei svenske oplysningsvener vilde med namnet-„ b ondehögskolor" sleppe samanblanding med desse „høgare folkskolor^, som dei ikkje badde so stor tru paa,, m. a. av deit grunn at desse siste ikkje kunde faa verke fritt. Til dette kom vei og det som før er nemnt, at den svenske bonde fraa urgamall tid hadde kjent seg som ein eigen stand i statslivet, men ein stand som 30 ofte hadde lege under i

kampen mot ei gaaverik, betre oplyst, megtig og hensyns-laas adelsk lasse. Det var standsskilnaden og klassekampen som skapte namnet.

Medan kravet paa høvelege skular for landsungdomen baade i Danmark og Norge fraa først av vart reist av menn utanfor bondestanden, vart i Sverige tanken bore fram ogso av bønder og det baade k la ar t og sterkt.

Eit merkeaar er aaret 1867. Det aar var det ikkje mindre enn 23 folkehøgskular, som vart skipa i Danmark, Chr, Bruun begynde sin høgskule i Gudbrandsdalen, og i Sverige tok dei til aa arbeide for den same sak. Eit merkelegt. samantreff er det, at dei paa tri stader i Sverige førde tanken om folkehøgskular fram, utan at dei, som arbeidde med det, visste om kvarandre.

Det var 2 bønder i Skaane, Ola Andersson i Burlöf og Sven Nilsson i Efverröd baae kjende riksdagsmenn av landtmannapartiet — som sette kravet fram, den første i Bara herreds landbraksklub, den andre i Kristi an s stads läns landsting. Dei meinte baae, at det først og fremst maatte arbeidast for aa faa ei undervisning, som ikkje drog burt fraa k rop s arbeid et og landlivet, vidare at slike skular kunde og burde gjere sit til aa utjamne klasseski ln aden.

Paa same tid tok styraren av „Aftonbladet" i Stockholm Dr. August Sohlman arbeidet op.

August Sohlman var ein mann som tok det aalvorlegt. med dei tankar og idear, som fekk magt over honom. Han var skandinav og hadde vore med i den dansk-tyske krigen i 1848.

Paa oi reise i 1867 til verdensutstillinga i Paris raaka ban i Danmark bø gsk niemann en Kristian Flor. Flor hadde ofte vore i Sverige. Hans einaste son var gift med ei svensk da.me og budde i Närike i Örebro län. Her hadde Kristian Flor ofte vore om sumrane og soleis faatt god kjennskap til svenske bønder I denne landsdel. — Men det ban hadde høyrt, og set hadde ikkje vore gildt. Det var ei likesæle- Sverige.

og materialisme, som var skræmeleg, og han sa til Sohlman, at skulde den svenske nation vakne, so maatte anten landet kome inn i ein stor national f aa re, t.d. krig eller ogso maatte der paa folke oply sningsvegen gjerast eit krafttak. Samtala med Flor gjorde eit sterkt inntrykk paa Solilman. Han visste, at Kristian Flor var ein mann. som

hadde rett l_.il aa tale med om desse ting. Han hadde ei dyr røynsle fra Danmark og tilstanden i Sønderjylland.

Sohlman prøvde vei aa overtyde baade reisekammeraten sin og seg sjølv om, at det ikkje stod so gale til i Sverige, som det ofte kunde sjaa ut til, men ban kunde likevel ikkje gløyme dei ord Flor hadde sagt,

